



Arkivnr: 2018/15114-1

Saksbehandlar: Stig Aasland, Astrid Synnøve Hjellbakk

Saksframlegg**Saksgang**

Utval	Saknr.	Møtedato
Yrkessopplæringsnemnda		30.10.2018
Utval for opplæring og helse		06.11.2018
Fylkesutvalet		21.11.2018
Fylkestinget		11.12.2018

Kvalitetsmelding skuleåret 2017/2018**Samandrag**

Etter opplæringslova § 13-10 pliktar alle kommunar og fylkeskommunar å utarbeide ein årleg rapport om tilstanden i opplæringa, knytt til læringsresultat, fråfall og læringsmiljø. Rapporten skal drøftast av skuleigar, som i Hordaland fylkeskommune er fylkestinget.

Årets kvalitetsmelding er tredelt. Fyrst er det eit kapittel der ein vil sjå nærmare på ein del sentrale strategiske satsingar i arbeidet med overordna mål og strategiar for opplæringssektoren. Deretter kjem det statistikk på viktige indikatorar for vidaregåande opplæring i Hordaland. Til slutt kjem det resultat for dei einskilde skulane.

Økonomi: Ingen verknad**Klima:** Ingen effekt**Folkehelse:** Ingen effekt**Regional planstrategi:** Ingen effekt**Forslag til innstilling**

Fylkestinget tek *Kvalitetsmelding vidaregående opplæring 2017/18* til orientering.

Ingrid Kristine Holm Svendsen
kst. fylkesrådmann

Svein Leidulf Heggheim
fylkесdirektør opplæring

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.

Fylkesrådmannen, 19.10.2018

Etter opplæringslova § 13-10 pliktar alle kommunar og fylkeskommunar å utarbeide ein årleg rapport om tilstanden i opplæringa, knytt til læringsresultat, fråfall og læringsmiljø. Rapporten skal drøftast av skuleigar, som i Hordaland fylkeskommune er fylkestinget. Målet er at tilstandsrapporten skal ligge til grunn for vurdering, debatt og dialog, og gi skuleigar eit godt kunnskapsgrunnlag for kvalitetsutvikling.

Mål og strategi

Opplæringsavdelinga sine mål og strategiar viser korleis opplæringssektoren skal bidra til å nå dei overordna måla i HFK.

Opplæringsavdelinga sine mål og strategiar

OVERORDNA MÅL 1

Opplæring skal setje regional kompetanseutvikling på dagsorden og ruste innbyggjarane i Hordaland til å møte framtidige kompetansebehov	Strategiar
	2.1 Byggje ein framtidsretta skule og tilbods-struktur med rom for profilerte tilbod og med kapasitet for omstilling

Strategiar

- 1.1 Styrke kunnskapsgrunnlaget for rette tilbod med rett dimensjonering
- 1.2 Styrke samhandlinga med kommunane og med regionalt arbeids- og næringsliv

OVERORDNA MÅL 3

Opplæring skal medverke til at elevane og lærlingane utviklar kunnskap, dugleik og haldningar som gjer at dei kan meistre liva sine og delta i arbeid og fellesskap i samfunnet

OVERORDNA MÅL 2

Opplæring skal utvikle og sikre utdanningstilbod som er kjenneteikna av heilskap, kvalitet og tenleg organisering og som svarar på behova i arbeids- og næringsliv

Strategiar

- 3.1 Sikre god gjennomføring og fagleg kvalitet gjennom tydeleg resultatfokus og systematisk kvalitetsvurdering og kvalitetsutvikling på alle nivå

Kapittelet viser, gjennom ulike døme på prosjekt og satsingar, korleis opplæringsavdelinga arbeider med dei ulike strategiane. Overordna mål 1 vert i hovudsak arbeidd med ut frå regional plan for kompetanse og arbeidskraft. Planen gjer det klart at det skal takast omsyn til lærepassar og næringslivet sine behov for kompetanse når ein planlegg tilbodet dei ulike skulane skal ha. Pilotprosjekt Sunnhordland og Nordhordlandsprosjektet er døme på prosjekt som har til føremål å styrke samhandlinga med arbeids- og næringslivet. Desse prosjekta krev at skule og arbeidsliv samarbeider lokalt for å auke kvalitet i opplæringa og legge til rette for meir praksis i bedrift gjennom faget yrkesfagleg fordjuping og i programfag.

For overordna mål 2 er skulebruksplanen det viktigaste verktøyet i arbeidet med skule- og tilbodsstrukturen i Hordaland. Målet for skulebruksplanen er å gje eit berekraftig tilbod som er tilpassa til elevane sin bustad og til arbeidslivet sitt behov for kompetanse.

For å nå overordna mål 3 blir det arbeidd systematisk med oppfølging av kvalitet i vidaregåande opplæring og i bedrift. Det er fleire større satsingar og tiltak for å auke gjennomføring. Prosjektet «Auka gjennomføring - fleire ut i lære» arbeider ut frå målet om å styrke skulane sitt systematiske arbeid med å sikre at fleire elevar skal få lærepass. Gjennom forskingsprosjektet *Complete* er målet å undersøke effekten av to tiltak for betre gjennomføring; Drømmeskolen og Nærvarsteam. I tillegg blir det satsa på kompetanseutvikling gjennom vidare- og etterutdanningstiltak som Kompetanse for kvalitet, Yrkesfaglærarløftet og gjennom fagnettverka.

Resultat for skuleåret 2017/18

Fleire fullførde og besto skuleåret 2017/18. Dei tre siste åra viser ein jamn auke frå høvesvis 81,0 %, 81,9 % til 83,5 %. For 2017/18 er det særleg yrkesfaga og påbygg som har auka fullføring. Tala for fullført og bestått i løpet av fem år viser at 72,0 % av dei som starta vidaregåande opplæring i 2012 på ein offentleg skule i Hordaland, hadde fullført og bestått etter fem år. Dette er ein auke på 1,6 prosentpoeng frå førre år. Dersom ein tar med dei som går mot grunnteknologien, gir det ein fullføringsgrad på 74,9 %.

For skuleåret 2017/18 kan ein sjå at totalfråværet er gått opp 0,2 prosentpoeng etter den markante nedgangen etter innføringa av fråværsregelen i 2016/17. I snitt har timefråværet gått opp frå 14,4 timer til 16,0 timer. Dagsfråværet ligg på same snitt som førre år, på 6,1 dagar. Vidare kan ein sjå at det er ein nedgang i prosentdel elevar som får IV, og at talet no ligg under det nasjonale snittet. Særleg på yrkesfag er det ein markant nedgang frå året før. Talet på sluttarar har gått ned frå førre skuleår. 3,9 % av elevane avbraut opplæringa utan å starte på ny skule eller anna utdanningsprogram, mot 4,5 % året før.

I 2017 blei det stilt enda tydelegare krav til skulane si oppfølging av elevane sine rettar til eit godt psykososialt miljø gjennom endringar i opplæringslova kapittel 9A. Endringane skal betre sikre elevane sitt skolemiljø med eit meir effektivt regelverk mot mobbing og ei betre handheving av reglane. I samband med lovendringa har HFK utarbeidd nye lokale retningslinjer og rutinar for korleis skulane skal sikre at krava blir oppfylt. I snitt melder 4,5 % av elevane at dei på ein eller annan måte blir mobba på skulen 2-3 gonger i månaden eller oftare. Talet i fjor var 4,7 %.

Hordaland er eitt av dei største og mest tradisjonsrike fagopplæringsfylka i landet og hadde 4508 lærekontraktar ved utgangen av 2017, ein auke på 100 frå året før. Det er ein auke i nye lærekontraktar frå 2.072 i 2015 til 2.224 i 2017. I dei tre siste åra er det særleg innanfor SS, NA, HO og BA at auken i talet på nye kontraktar er størst. 70,9 % av dei som søkte læreplass, fekk lærekontrakt i 2017, ein auke på 3,2 prosentpoeng frå 2016. I 2017 blei det avgjort 3.175 fag-, sveine- og kompetanseprøver, og 1/3 av desse var praksiskandidatar. For dei som går ut i lære, hadde 82,6 % av lærlingane oppnådd fag- eller sveinebrev fem år etter oppstart av læretida.


Ei av dei største utfordringane i vidaregåande opplæring er å få fleire til å fullføre med fag- eller sveinebrev. Overgangen til lære har stort fokus i Hordaland. Det er eit mål å utvikle stadig tettare band mellom skule, lærebod og opplæringskontor. Når ein ser på status per 20. oktober skuleåret 2017/18 for dei elevane som gjekk på Vg2 yrkesfag året før, kan ein sjå at 37,9 % av elevane hadde fått læreplass og at 12,6 % ikkje var i nokon form for opplæring. Tilsvarande målepunkt i fjor viste at 34,0 % var i lære og 15,0 % ikkje var i nokon form for opplæring. Det er skilnader på dei ulike utdanningsprogramma, og ulike yrkesfag sin historikk og tilknyting til fagtradisjonar er viktige element for å forstå og forklare gjennomføringsgrad og grad av overgang til lære.

Skulevise resultat

Opplæringslova § 13-10 seier at den årlege rapporten om tilstanden i den vidaregåande opplæringa skal omtale læringsresultat, fråfall og læringsmiljø. I år vert det presentert resultat for kvar skule. Ved å samle resultata i skulevise rapportar er det i større grad høve til å sjå resultata for den enkeltstående skule i samanheng.

Skulerapportane viser grunnskulepoeng og karakterresultat for dei ulike utdanningsprogramma på skulen, samt oversyn over kor mange som fullfører og består. Vidare er det ei oversikt over resultata for elevundersøkinga, fråværet dei siste åra, samt ei oversikt over korleis det gjekk med dei yrkesfaglege elevene som gjekk på Vg2 skuleåret 2016/17. Samla sett gjev dette ei godt bilet på viktige indikatorar i skulen.

Ei slik statistikkoversikt vil ikkje vise alle sider av aktiviteten og det totale arbeidet på dei ulike skulane. Det å løfte svake elevar eller det å systematisk arbeide godt med spesialundervisning kjem ikkje nødvendigvis fram i skulestatistikken. Resultat som ligg under fylkessnittet, kan i praksis vere eit godt resultat for dei elevane det gjeld og eit produkt av godt og langsiktig arbeid. Det er derfor viktig å sjå på skuleoversikta med dette i tankane. Det er ei oversyn over kvantifiserbare storleiker, og ikkje eit dekkande bilet på alle sider av skulen sitt kvalitetsarbeid.



HORDALAND
FYLKESKOMMUNE

Kvalitetsmelding

Vidaregående opplæring 2017/18



OM RAPPORTEN

Ansvarleg avdeling/eining: Opplæringsavdelinga
Kontaktinformasjon/ e-post: Postmottak.Opplaering@hfk.no
Dato: 17. oktober 2018

INNHOLD

INNLEIING	5
MÅL OG STRATEGI.....	6
RESULTAT OG GJENNOMFØRING	16
OPPLÆRING I BEDRIFT.....	25
FRÅVÆR, IV OG SLUTTARAR	30
LÆRINGSMiljø	40
SKULEVISE RESULTAT	48

Innleiing

Etter opplæringslova § 13-10 pliktar alle kommunar og fylkeskommunar å utarbeide ein årleg rapport om tilstanden i opplæringa, knytt til læringsresultat, fråfall og læringsmiljø. Rapporten skal drøftast av skuleeigar, som i Hordaland fylkeskommune er fylkestinget.

Målet er at denne kvalitetsmeldinga skal ligge til grunn for vurdering, debatt og dialog, og gi skuleeigar eit godt grunnlag for kvalitetsutvikling.

Kvalitetsmeldinga er delt inn i kapittel etter tema. Første del omhandlar opplæringsavdelinga sine overordna mål og strategiar. Vidare følgjer fylkesvise resultat innan sentrale tema som karakterresultat, gjennomføring, fråvær, sluttarar, overgangar og skolemiljø. Til slutt blir nøkkelindikatorar for kvar skule presentert i skulevise rapportar. I dei skulevise rapportane har skulane kommentert korleis dei har arbeidd med kvalitetsutvikling skuleåret 2017/18.

Samla sett gjev kvalitetsmeldinga eit breitt bilet av tilstanden i vidaregåande opplæring i Hordaland.

Datakjelder

Til grunn for rapporten ligg ulike datakjelder, dokumentasjon, kunnskap og faglege vurderinger. Dei kvantitative tala i rapporten bygger på data frå analyseverktøyet Hjernen & Hjertet og Utdanningsdirektoratet sine verktøy Skoleporten og statistikkportalen, samt tal frå SSB.

- Skoleporten og statistikkportalen er sentrale delar av Utdanningsdirektoratet sitt kvalitetsvurderingssystem.
- Elevundersøkinga gir elevane mogelegheit til å seie kva dei meiner om høve som er viktig for trivsel og læring på skulen. Undersøkinga er eit verktøy for vidareutvikling og kvalitetssikring av læringsmiljøet på skulen og inngår som ein sentral del av det nasjonale kvalitetsvurderingssystemet.

- Tilstandsrapportane frå dei vidaregåande skulane inneholder rapportering på hovudmål og korleis skulen vurderer si utvikling i høve til eigne mål. Hovudmålet med tilstandsvurderingsarbeidet er at skulane sjølv skal få betre grunnlag for å evaluere og planlegge sitt eige utviklingsarbeid. I tillegg er desse tilstandsrapportane ei viktig kjelde til kunnskap på skuleeigarnivå om utfordringar og arbeid med pedagogisk utvikling på skulane. Tilstandsrapportane går inn som ein integrert del av den kvalitative vurderinga i denne rapporten.

På sentrale indikatorar blir HFK samanlikna mot nasjonalt snitt. I fylkessnittet inngår alltid offentlege skular, medan i nasjonalt snitt inngår både offentlege og private skular.

Forkortinger og tal elevar 2017/18

Kode	Utdanningsprogram ¹	Tal elevar 2017/18
ID	Idrettsfag	729
MDD	Musikk, dans og drama	362
ST	Studiespesialiserande	6569
KDA	Kunst, design og handverk	147
MK	Medium og kommunikasjon (SF, ny ordning)	364
Pb*	Påbygging til generell studiekompetanse	1130
MK (y)	Medium og kommunikasjon (YF, gamal ordning)	0
BA	Bygg- og anleggsteknikk	840
TIP	Teknikk og industriell produksjon	1297
EL	Elektrofag	1094
NA	Naturbruk	550
RM	Restaurant- og matfag	309
HO	Helse- og oppvekstfag	1864
SS	Service og samferdsel	499
DH	Design og handverk	229

Tabell 1: Fordeling av elevar per utdanningsprogram.
Kjelde: Udir

*I rapporten nyttar vi omgrep Pb3 (påbygg til generell studiekompetanse) og Pb4 (påbygg etter fagbrev)

¹ Studieførebuande med formgiving er plassert under ST, Studieførebuande Vg2 medium- og kommunikasjon er plassert under MK, og Studieførebuande Vg3 naturbruk er plassert under NA.

Mål og strategi

Dei overordna måla for opplæringssektoren er forankra i fylkeskommunen sine overordna mål:

Hordaland fylkeskommune sine overordna mål

1. HFK skal vere pådrivar for regional utvikling i Hordaland og sikre nyskaping, berekraft og gode levevilkår
2. I samarbeid med kommunar, næringsliv og innbyggjarar skal HFK levere effektive tenester, framtidsretta infrastruktur og rett kompetanse
3. HFK skal utøve mynde slik at brukarane er sikra korrekt handsaming og rettvise avgjersler
4. HFK skal setje viktige samfunnstema på dagsorden, og fremje regionale interesser og lokaldemokrati



Opplæringsavdelinga sine mål og strategiar viser korleis opplæringssektoren skal bidra til å nå dei overordna måla i HFK.

Opplæringsavdelinga sine mål og strategiar

OVERORDNA MÅL 1

Opplæring skal setje regional kompetanseutvikling på dagsorden og ruste innbyggjarane i Hordaland til å møte framtidige kompetansebehov

Strategiar

- 1.1 Styrke kunnskapsgrunnlaget for rette tilbod med rett dimensjonering
- 1.2 Styrke samhandlinga med kommunane og med regionalt arbeids- og næringsliv

OVERORDNA MÅL 2

Opplæring skal utvikle og sikre utdanningstilbod som er kjenneteikna av heilskap, kvalitet og tenleg organisering og som svarar på behova i arbeids- og næringsliv

Strategiar

- 2.1 Byggje ein framtidsretta skule og tilbods-struktur med rom for profilerte tilbod og med kapasitet for omstilling

OVERORDNA MÅL 3

Opplæring skal medverke til at elevane og lærlingane utviklar kunnskap, dugleik og haldningar som gjer at dei kan meistre liva sine og delta i arbeid og fellesskap i samfunnet

Strategiar

- 3.1 Sikre god gjennomføring og fagleg kvalitet gjennom tydeleg resultatfokus og systematisk kvalitets-vurdering og kvalitetsutvikling på alle nivå



I det følgjande kapittelet vil ein sjå nærmare på ein del sentrale strategiske satsingar i arbeidet med overordna mål og strategiar for opplæringssektoren.

OVERORDNA MÅL 1

Opplæring skal setje regional kompetanseutvikling på dagsorden og ruste innbyggjarane i Hordaland til å møte framtidige kompetansebehov

1.1 Korleis arbeider opplæring for å styrke kunnskapsgrunnlaget for rette tilbod med rett dimensjonering?

Ei grunnleggjande utfordring for dimensjonering er å få ei påliteleg oversikt over arbeidslivet sitt framtidige behov for arbeidskraft. Det er også ei utfordring at det ikkje alltid er samsvar mellom det kompetansebehovet ulike delar av arbeidslivet rapporterer om på eit tidspunkt og den arbeidskrafa dei etterspør seinare. På grunn av konjekturændringar har mange verksemder problem med å kunne vite kva arbeidskraft dei vil trenge om til dømes 4-5 år som gjerne er den tida det tek å utdanne arbeidskrafa. I tillegg er ein avhengig av at elevane søker seg til utdanningsprogram der det er etterspørsel etter arbeidskraft.

Regional plan for kompetanse og arbeidskraft blei politisk godkjend hausten 2017. I denne planen er dimensjonering av fag- og yrkesopplæring eit sentralt tema. Planen gjer det klart at det skal takast omsyn til læreplassar og næringslivet sine behov for kompetanse når ein planlegg tilboden dei ulike skulane skal ha. Regional plan for kompetanse og arbeidskraft blir følgt opp gjennom årlege handlingsplanar. Målet med tiltaka er å styrke den regionale beredskapen i møte med konjunktursvingingar i arbeidslivet.

1.2 Korleis arbeider opplæring for å styrke samhandlinga med kommunane og med regionalt arbeids- og næringsliv?

Som ein del av oppfølginga av skulebruksplanen, vedteke i fylkestinget i oktober 2016, er det sett ned to prosjekt i Sunnhordland og Nordhordland, som har til føremål å styrke samhandlinga med arbeids- og næringslivet. Desse prosjekta krev at skule og arbeidsliv samarbeider lokalt for å auke kvalitet i opplæringa og legge til rette for meir praksis i bedrift gjennom faget yrkesfagleg fordjuping og i programfag. Det blir skrive samarbeidsavtalar mellom skule og bedrift som skal synleggjere kor mange elevar som skal ha praksis i dei ulike faga, samt innhald og rammer for samarbeid mellom aktørane. Samstundes er dimensjonering av tilbod og bedriftene sine behov for kompetanse viktige element i prosjekta, og inngår som ein sentral del av arbeidet med rekruttering.



Pilotprosjekt Sunnhordland

Med bakgrunn i fylkestingsvedtak i desember 2016 har fylkesrådmannen starta opp arbeidet med å utvikle ein pilotmodell for yrkesfagleg opplæring i samarbeid mellom skule og næringsliv på Bømlo. Full prosjektorganisasjon blei sett ned i januar 2018, og arbeidet starta mellom anna opp med å kartlegge eksisterande samhandling mellom skule og arbeidsliv. Funn i prosjektet tilseier at det er naudsynt å jobbe med strukturar rundt kvalitetsutvikling for å kunne få til større grad av integrert praksisopplæring enn kva tilfellet er i dag. Det inneber i hovudsak å systematisere samarbeidet mellom alle aktørane i opplæringsløpet. Prosjektet ser også på mogelegheita for å utnytte andre praksisarenaer i tillegg til verkstad på skulen med mål om at elevane får meir relevant praksis.

Ein sentral aktivitet i prosjektet er å sjå på mogelegheita til å prosjektrette opplæringa særleg i programfaga, der skule og arbeidsliv jobbar saman om å gi konkrete og relevante oppdrag, som skal løysast i samarbeid mellom skule og arbeidsliv. Målet er å gi elevane mogelegheit til å jobbe i trygge omgjevnader på skulen, og samstundes få ein del av praksisopplæringa i bedrift i samarbeid med fagarbeidarar og lærarar. Det vil då vere naudsynt at skule og arbeidsliv saman planlegg eit opplegg, der det tydeleg går fram kva del av opplæringa som skjer i skulen og kva som skjer i bedrift. Grunnlaget er konkretisering av læreplanen i det einskilde fag, men samstundes vil tilgang på spesialmaskinar og arealkrevjande utstyr vere avgjerande for kva del av opplæringa som skjer på dei ulike arenaene

Nordhordlandsprosjektet

Fylkesrådmannen har starta opp arbeid med samarbeidsprosjekt i Nordhordland for å utvikle og prøve ut nye undervisningsformer der meir av den praktiske undervisninga blir gjort ute i verksemndene. Samarbeidsprosjektet skal i dialog med næringslivet også bidra til å få fram

kunnskapsgrunnlag i høve til behov for ny-investeringar ved å sjå på praksisopplæring og bruk av verkstadareal i skule og bedrift.

Sentrale tema i dialog med bedriftene har vore:

- Alternative modellar, fordeling av praksis i bedrift og skule
- Samarbeidsavtalar
- Vurdering for læring

I tillegg med bakgrunn i fylkestingsvedtak i 2016² er det sett ned eit eige prosjekt som skal få fram kunnskapsgrunnlag om behov for fagtilbod, dimensjonering og behov for kompetanse og arbeidskraft i Nordhordland i framtida. Prosjektet er eit samarbeid mellom næringslivet i regionen og Regionrådet i Nordhordland, og er leia av Universitetet i Bergen. Dette er også eit prosjekt som skal legge grunnlag for ei utvikling og styrking av eksisterande og nye samarbeidsrelasjonar mellom næringsliv, offentleg sektor og skulane i regionen. Hordaland fylkeskommune har løyvd midlar for å støtte dette arbeidet.

² Fylkestinget 4. oktober 2016, sak 72/16 og FT desember 2016, sak 91/16



OVERORDNA MÅL 2

Opplæring skal utvikle og sikre utdanningstilbod som er kjenneteikna av heilskap, kvalitet og tenleg organisering og som svarar på behova i arbeids- og næringsliv

2.1 Korleis byggjer opplæring ein framtidsretta skule- og tilbodsstruktur med rom for profilerte tilbod og med kapasitet for omstilling?

2.1.1 Skulebruksplanen

Det viktigaste verktøyet i arbeidet med skule- og tilbodsstrukturen i Hordaland er skulebruksplanen. Planen legg dei langsiktige føringane for korleis det vidaregåande opplæringstilbodet skal innrettast framover, og den representerer difor Hordaland fylkeskommune si prioritering av større investeringar i skulebygg heilt fram til 2030. Det overordna målet for skulebruksplanen er å gje eit berekraftig tilbod som er tilpassa til elevane sin bustad og til arbeidslivet sitt behov for kompetanse. Gjennomføringa av vedtaka i skulebruksplanen blir koordinerte gjennom prosjektet «Varige og gode verknader av skulebruksplanen».

Oppfølging av vedtak i skulebruksplanen:

- Norheimsund vidaregåande skule og Øystese gymnas blei i januar 2017 slått saman til ei økonomisk og administrativ eining under felles rektor og leiing. Den nye skulen har fått namnet Kvam vidaregåande skule.
- Hjeltnes vidaregåande skule blei lagd ned etter skuleåret 2016/17 og tilboda blei flytta til Voss vidaregåande skule og Voss gymnas til skulestart 2017/18.
- Voss gymnas fekk nytt skulebygg til skulestart 2017/18.
- Etne vidaregåande skule hadde sitt siste driftsår skuleåret 2016/17.
- U. Pihl videregående skole og Tertnes videregående skole blei slått saman til ei økonomisk og administrativ eining under felles rektor og leiing frå skulestart 2017/18. Skulen har fått namnet Tertnes vidaregåande skule.

2.1.2 Korleis arbeider opplæring for å tilby andre profilerte opplæringstilbod i fylket?

TAF (teknisk allmennfag)

TAF fører fram til både studiekompetanse og fagbrev i løpet av fire år. I TAF-modellen samarbeider skule og lærebodrift tett saman gjennom heile det fireårige løpet. I Hordaland fylkeskommune blir det gitt tilbod innan utdanningsprogramma helse- og oppvekstfag, naturbruk, teknikk og industriell produksjon, bygg- og anleggsteknikk og elektrofag. Tilboda er lagt til Fusa vgs. og Knarvik vgs.



Nybygget til Voss gymnas stod ferdig skuleåret 2017/18



U. Pihl hadde sitt siste driftsår skuleåret 2017/18



TAF helsefag Knarvik vidaregåande skule

Vekslingsmodellen

Vekslingsmodellen er ei forsøksordning i Hordaland der ein vekslar mellom periodar i skule og lære gjennom fire år. Elevane får lærekontrakt etter seks månader. Skular som har vore med i forsøksordninga er Slåtthaug vgs. (BA), Olsvikåsen vgs. (HO) og Årstad vgs. (DH). I 2018/19 er tilbodet med opplæring gjennom vekslingsmodell lagt til bygg- og anleggsteknikk ved Slåtthaug vgs.

Full opplæring i bedrift

Full opplæring i bedrift er eit 4-årig opplærings-tilbod innan dei fleste lærefaga. Det er eleven sjølv som må finne ei godkjend lærebedrift som vil ta ansvar for opplæringa og det blir gitt undervisning i fellesfag og programfag i skule undervegs i læretida.

Yrkesfag med studiespesialiserande

Det er tilbod om Helse- og oppvekstfag med generell studiekompetanse ved Nordahl Grieg vgs., og Elektrofag med spesiell studiekompetanse ved Laksevåg vgs. Begge desse tilboda er treårige opplæringsløp. Det er planlagt tilsvarende tilbod ved Olsvikåsen vgs. (HO) og Stord vgs. (EL) i 2018/19.

Hordalandsklassene – Vg2 i utlandet

Tilbodet om Vg2 i utlandet er del av det internasjonale arbeidet i fylkeskommunen for at ungdom skal få utvikle internasjonal kompetanse, erfaring og medansvar. Ordninga omfattar både studieførebuande og yrkesfagleg utdanningsprogram. Tilboda blir koordinert av Kvam vgs., Voss gymnas, Askøy vgs., Knarvik vgs., og Amalie Skram vgs. Etter fullført Vg1 kan elevar søkje om å ta Vg2 ved ein av samarbeidsskulane i USA, Frankrike, Tyskland og Storbritannia, i Wales og i Skottland.

HFK-nettundervisning

Det har i fleire år vore svak rekruttering til nivå III i framandspråk. HFK nettundervisning skal primært sikre eit fylkeskommunalt tilbod i programfag i framandspråk der skulane ikkje har tilstrekkeleg tal elevar til å opprette eigne grupper. I 2017/18 var det 50 elevar som deltok og fekk fullført og bestått fordelt på faga fransk III, spansk III, tysk III, kinesisk III. 19 elevar tok programfag japansk I.

Studiespesialiserande med teknologifag

Studiespesialiserande tilbod med fordjuping i realfag/teknologifag og grunnleggjande praksis i elektrofag og mekaniske fag er eit tilbod ved Sotra vgs.

Toppidrett


Tilbodet er eit samarbeid mellom Hordaland fylkeskommune, Olympiatoppen Vest-Norge, Tertnes vgs., Åsane vgs. og Voss gymnas og er



Elevar med studiespesialiserande, Laksevåg vgs



Elevar frå Hordalandklassa i Cardiff, Wales 2017/18



Elevar får nettundervisning i kinesisk

retta mot elevar som ønskjer å satse for fullt på idretten sin.

International Baccalaureate (IB) ved Bergen Katedralskole

Internasjonalt anerkjend vidaregående utdanning med undervisningsspråk på engelsk.

OVERORDNA MÅL 3

Opplæring skal medverke til at elevane og lærlingane utviklar kunnskap, dugleik og haldningar som gjer at dei kan meistre liva sine og delta i arbeid og fellesskap i samfunnet

3.1 Korleis sikrar opplæring god gjennomføring og fagleg kvalitet gjennom tydeleg resultatfokus og systematisk kvalitetsvurdering og kvalitetsutvikling på alle nivå?

3.1.1 Arbeid med oppfølging av kvalitet i vidaregåande opplæring


Det overordna målet for vidaregåande opplæring er *Auka læringsutbytte og fullføring*. Styringsdokumentet for det pedagogiske utviklingsarbeidet gir styringssignal for skulane sitt arbeid med kvalitetsutvikling og kvalitetsvurdering. Skuleigar har ansvar for å ha eit forsvarleg system for å sjå til at krava i lover og forskrifter blir oppfylte i tråd med krava i [opplæringslova § 13.10](#). Gjennom system for verksemdbasert vurdering følgjer Hordaland fylkeskommune opp skulane sitt pedagogiske utviklingsarbeid.

Det er lagt vekt på å styrke delingskulturen mellom skulane på regionvise leiarsamlingar og ved at rektorane kan delta på skulebesøk ved andre skular. Skuleåret 2017/18 var det ein auke i tal rektorer som nyttar seg av tilbodet om å delta på andre skular sine skulebesøk.

For å styrke kvalitetsoppfølginga i vidaregåande opplæring for vaksne blei det gjennomført ei revidering av fylkeskommunen sitt kvalitetsoppfølgingssystem skuleåret 2017/18. Det blei etablert eit eige system for oppfølging av forvaltnings- og opplæringskvalitet som blir følgt opp gjennom skulebesøk ved vaksenopplæringsentra i fylket. Alle rutinar og retningslinjer knytt til inntak blei revidert i 2018 som ein del av fylkesmannen sitt tilsyn av vaksenopplæringa.

Kvalitetsoppfølging i bedrift

Fagopplæringa har som mål å vere pådrivar for å få utvikla ei opplæring i bedrift som er kjenneteikna av heilskap, kvalitet og tenleg organisering. For å nå dette målet starta arbeidet med å etablere eit kvalitetssystem for opplæring i bedrift i 2017. Dette skal omfatte alt frå kvalitetsutvikling av driftsoppgåver til system for internkontroll og kvalitet i lærebodriftene. Dette blir mellom anna gjort gjennom dialogmøte med opplæringskontor. I 2017 blei det gjennomført om lag 40 dialogmøte med dei største opplæringskontora. Arbeid mot mobbing og krav til system for oppfølging av lærlingane var sentrale tema i møta. Det er utarbeida eigen handlingsplan mot trakkassering og mobbing av lærlingar og lærekandidatar som blei politisk handsama i utval for opplæring og helse februar i 2018.



Skuleigar sitt årshjul for oppfølging av skulane gjennom det verksemdbaserte vurderingssystemet



FYLKESORDFØRAREN INVITERER TIL DIALOGSAMLING

5. desember 2017

Scandic Bergen City Hotel

Styrke dialog mellom ulike nivå i fylkeskommunen i arbeidet med kvalitetsvurdering og utvikling

Forsking viser at det å styrke dialogen mellom nivåa i opplæringssektoren er ein viktig føresetnad for å lykkast i det lokale kvalitetsutviklingsarbeidet. Hordaland fylkeskommune deltok i perioden 2017/18 i KS sitt barnehage- og skuleigarprogram. Det blei sett ned ei arbeidsgruppe bestående av politiske – og administrative leiarar og representant frå arbeidstakarorganisasjonane. Som ledd i programmet inviterte fylkesordføraren i desember 2017 til ei dialogsamling med rektorane og representantar frå politisk- og administrativt nivå, y-nemnda, arbeidstakarorganisasjonane, og Elevorganisasjonen. Med utgangspunkt i overordna mål for sektoren tok samlinga opp konkrete tema i kvalitetsmeldinga. Erfaringane frå samlinga var positive og det er eit mål å gjennomføre årlege dialogsamlinger.

3.1.2 Større strategiske satsinger/tiltak for å auke gjennomføring

Auka gjennomføring – fleire ut i lære

Prosjektet «Auka gjennomføring - fleire ut i lære» arbeider utifrå målet om å styrke skulane sitt systematiske arbeid med å sikre at fleire elevar skal få læreplass. Prosjektet blei vedteke i Fylkestinget juni 2016³, med vedtak om vidare forlenging av prosjektplanen i desember 2017⁴.

Det skal vere tydeleg korleis Hordaland fylkeskommune arbeider med den fireårige opplæringa. Arbeid med å få fram lokale samarbeidsavtalar mellom arbeidslivet og skulen er ein viktig del av prosjektoppdraget. Prosjektet skal byggje strukturar for ei heilskapleg yrkesfagleg utdanning gjennom tydelege ansvarslinjer, gode verktøy og gode oppfølgings- og rapporteringsrutinar. Strukturar og metodar som blir utvikla og systematisert i prosjektet skal kunne implementerast i alle skulane som driv med fag- og yrkesopplæring. Det er tilsett fem yrkesfaglege koordinatorar (YFK) på seks av dei yrkesfaglege vidaregåande skulane (YFK-skular); Slåttthaug vgs., Sotra vgs., Årstad vgs., Stord vgs., Voss vgs. og Voss gymas. Prosjektet skal også arbeide for å skaffe fleire læreplassar og lærebedrifter i regionen.

Prosjektaktivitetar i 2017/18:

- YFF er ein viktig lærings- og rekrutteringsarena for å få læreplass. I prosjektet blir det arbeidd med å styrke samarbeidet mellom skule og bedrift med omsyn til praktisk gjennomføring og innhald i praksisopplæringa.
- Plan for arbeidet med formidling til læreplass skal implementerast i skulane sine årshjul. Dei yrkesfaglege koordinatorane gjennomfører dialogmøter med opplæringskontor. For elevar

³ Fylkestinget 14. juni 2016, sak 33/16

⁴ Fylkestinget 12. desember 2017, sak 114/17

som ikkje har fått seg lærepass innan 15. august, blir det arrangert kurs med mål om lærepass.

- Det blir arbeidd med å utvikle eit lærepassrekneskap der skulen registerer elevane si utplassering i YFF, kven som har fått lærepass og namn på skulen sine samarbeidsbedrifter.

Complete

Gjennom forskingsprosjektet Complete er målet å undersøke effekten av to tiltak for betre gjennomføring; Drømmeskolen og Nærværsteam. Gjennom studien er det også eit mål å få betre innsikt i kva som fremjar eller hemmar implementering av tiltak i vidaregåande skule.

Prosjektet starta skuleåret 2016/17 og er eit samarbeidsprosjekt mellom fire fylkeskommunar og tre forskingsmiljø. Prosjektet følgjer to kull gjennom vidaregåande opplæring i tre år. Prosjektet blir avslutta våren 2019.

Den første delrapporten kom i februar 2018 og den viser til no ingen signifikante effektar av tiltaka etter eitt år. Framover er det viktig at skulane arbeider særleg med rolleavklaring, tettare kopling mellom tiltaka, samt at tiltaka i større grad blir integrert i skulen sine planar og årshjul, for at implementeringa skal bli betre og få større effekt.

Psykologteam – pilotprosjekt 2016/18

Som eit ledd i arbeidet med å styrke psykisk helse blant unge fatta fylkestinget mars 2016 vedtak om å starte eit prøveprosjekt med psykologteam i dei vidaregåande skulane. Psykologteamet består av seks psykologar og skal vere eit lågterskeltilbod i einskildsaker og bidra med kompetanseheving gjennom førelesningar/undervisning og rettleiing.

Psykologane er plassert på baseskuluar, men skal yte tenester til tilhøyrande samarbeidsskuluar i regionen. Dei samarbeider tett med den kommunale skulehelsenesta og dei andre fylkeskommunale psykologane i PP-tenesta. Psykologteamet har faste kontortider ved 12 vidaregåande skular; Voss vgs., Voss gymnas, Kvam vgs., Amalie Skram vgs., Askøy vgs., Knarvik vgs., Slåtthaug vgs., Sandsli vgs., Os vgs., Nordahl Grieg vgs., Stord vgs. og Fitjar vgs.

Evalueringssrapporten viste at i prosjektperioden har psykologane i teamet nytta i gjennomsnitt 58 % av tida si på individarker og 42 % på systemsaker. Baseskulane rapporterer i større grad enn samarbeidsskulane om at teamet bidreg til å sette psykisk helse på dagsorden og at samarbeidet mellom skulen og teamet har fungert godt. Det at psykologane er til stades på skulen blir oppfatta som svært viktig. Fylkestinget vedtok oktober 2018 å vidareføre ordninga med psykologteam.

**DELRAPPORT FRA
COMPLETE-
PROSJEKTET**

HEMIL-RAPPORT 2017 // UNIVERSITETET I BERGEN

Torill Lansen, Cecilie Høj Anvik, Marie Tobro, Ragnhild Holmen Waldahl, Terje Olsen, Karin Marie Antonsen, Helga Bjørnøy Urke, Ingrid Holsen, Bjørn Brastad og Tor-Borgur Hansen

**HORDALAND
FYLKESKOMMUNE**

**Evaluering av pilotprosjektet Psykologteamet
2016-2018**

AUD-rapport nr. 11-18

«Innenfor skolen» - Samarbeidsprosjekt mellom Bergen kommune og Hordaland fylkeskommune.

Prosjektet starta i 2015 og skulle etter planen avsluttast i 2017, men etter vedtak i Utval for opplæring og helse i oktober 2019 blei prosjektet tildelt 2 000 000 til ei vidareføring for budsjettåret 2018. Eit sentralt mål i prosjektet er utarbeidning av konkrete rutinar for samhandling mellom skulehelsetenesta og skulen når det gjeld oppfølging av mobbing/kenking. Det gjeld også digital krenking/mobbing. Vidare var det eit mål at samarbeidet og rutinane som var utarbeidd og utprøvd i første del av prosjektperioden knytt til fråvær og fråfall skulle halde fram og vidareutviklast. Som tiltak for erfaringsspreiing og kompetanseheving for helsesøstrer i vidaregåande skule, blei det gjennomført fagdag med skuleleirarar og representantar frå skulehelsetenesta som målgruppe august 2018.

Kombinasjonsklassar - Samarbeidsprosjekt mellom Bergen kommune og Hordaland fylkeskommune

Hordaland fylkeskommune og Bergen kommune signerte i 2016 ei samarbeidsavtale om å opprette eit felles prosjekt for å gi eit tilbod om grunnskuleopplæring i vidaregåande skule. Det overordna målet med tilboden var å styrke arbeidet med

integrering ved å sikre at nykomne minoritets-språklege ungdommar får opplæring i eit tilpassa læringsmiljø i lag med ungdommar på same alder. Prosjektet hadde også som mål å bidra til å styrke samarbeidet mellom fylkeskommunen og Bergen kommune for å betre samanhengen i opplæringa.

I perioden 2016-2018 blei det gjennomført eit pilotprosjekt med kombinasjonsklasse ved Fyllingsdalen vgs. Tilboden blei gitt både til ungdommar mellom 16 – 20 år med rett til grunnskuleopplæring og nykomne ungdommar som hadde rett til vidaregående opplæring, men som likevel trøng ytterlegare opplæring på grunnskulenivå for å lykkast i vidaregåande skule. Tilbod om tospråkleg fagopplæring var ein viktig del av opplæringa.

Prosjektet blei evaluert ved avslutninga våren 2018, og evalueringa peikte på at trass i mange positive tilbakemeldingar og engasjerte lærarar, så var det behov for å sjå nærmare på organiseringa av tilboden og då særleg med tanke på samarbeidet mellom lærarane i faga og morsmålslærarane. Fylkeskommunen og Bergen kommune vil halde fram dialogen med mål om å starte eit liknande tilbod i kommunen i lys av tilrådingane frå evalueringrapporten og andre erfaringar i prosjektet.



3.1.3 Kompetanseutvikling som strategi for fagleg kvalitet

Den strategiske planen for kompetanseutvikling 2016-2020 er opplæringsavdelinga sitt styringsdokument for arbeidet med kompetanseutvikling i vidaregående opplæring, jf. oppsl. § 10-8.

Vidareutdanning

Kompetanse for kvalitet

Skuleåret 2017/18 deltok 65 lærarar i den nasjonale ordninga Kompetanse for kvalitet, ei ordning som gir frikjøp eller stipend til lærarar som tar vidareutdanning.

Yrkesfaglærarløftet

HFK har deltatt i eit pilotarbeid i samband med utvikling av vidareutdanningstilbod gjennom den nasjonale strategien Yrkesfaglærarløftet. Gjennom samarbeid med OsloMet og Høgskulen på Vestlandet (HVL) blei fire studietilbod à 15 studiepoeng gjennomført i 2017/18.

Etterutdanning

I Hordaland fylkeskommune er det etablert 16 fagnettverk. Nettverka består at lærarar, skuleleiarar, skuleigarrepresentantar og eksterne representantar frå arbeidsliv og/eller universitets- og høgskulesektoren. Kurs og samlingar som fagnettverka arrangerer skal bidra til utvikling av undervisnings- og vurderingspraksis i fag. Fagnettverka sitt arbeid skal nå breitt ut til lærarane i HFK.

Kurs og kompetanseheving for faglege leiarar, instruktørar og prøvenemnder er viktig i høve til opplæringa av lærlingane ute i bedriftene, og det blei i 2017 obligatorisk for alle desse å gjennomføre HFK sine kurs. 280 personar gjennomførte nettbasert introduksjonskurs, og 39 dagskurs blei haldne. Kvart dagskurs har ca 25 deltakarar.

Hospitering

Hovudmålsettinga med hospitering er å:

- fornye og auke programfaglæraren sin kompetanse i eige fag, samt gi innsikt i andre fag innan eige programområde/utdanningsprogram.
- auke instruktørane/faglege leiarar sin kompetanse i den rolla dei har som rettleiarar for elev/lærlingar ute i bedrift.
- auke og vidareutvikle samarbeidet skule – arbeidsliv og sjå opplæringa i eit fireårig løp.

I 2017/18 blei det gjennomført 75 hospiteringsperiodar for lærarar fordelt på programområda BA, DH, EL, HO, NA, RM, SS, TIP. 53 av hospiteringsperiodane var innan HO og SS.

Plan for kompetanseutvikling Strategi 2016-2020

Tiltak 2018/19

**HORDALAND
FYLKESKOMMUNE**



**RELEVANT OPPLEÆRING
GJENNOM YRKES-
DIFFERENSIERING**



**HORDALAND
FYLKESKOMMUNE**

**HØGSKOLEN I OSLO
OG AKERSHUS**

www.hha.no/studier-og-kurs/LU/Eveli
Yrkessettig-av-programlag
Kontaktperson i Opplæringsavdelingen er
Monica Halvorsen,
epost: monica.halvorsen@hha.no

Resultat og gjennomføring

Fleire fullførte i løpet av i 2017/18

Høgare karakterresultat i 2017/18

Fleire fullfører og består i løpet av fem år

Fleire fullførte og bestod skuleåret 2017/18. Dei tre siste åra viser ein jamn auke frå høvesvis 81,0 %, 81,9 % til 83,5 %. For 2017/18 er det særleg yrkesfaga og påbygg som har auka fullføring. Tala for fullført og bestått i løpet av fem år viser at 72,0 % av dei som starta vidaregåande opplæring ved ein offentleg skule i 2012, hadde fullført og bestått etter fem år. Dette er ei auke på 1,6 prosentpoeng frå førre år. Dersom ein tar med dei som går mot grunnkompetanse, gir det ein fullføringsgrad på 74,9 %.

Samandrag

Det overordna målet for vidaregåande opplæring i Hordaland er auka læringsutbytte og fullføring. Karaktergrunnlag, karakterresultat og gjennomføring heng saman, og det er velkjent at karaktergrunnlaget ein har med seg frå grunnskulen, påverkar grad av gjennomføring og karakterresultat.

Dei ulike utdanningsretningane har ulik fordeling av elevar med høg og låg kompetanse frå grunnskulen. Elevane på studieførebuande hadde i snitt 45,6 grunnskulepoeng, medan elevane på yrkesfag hadde 36,6. Dette er ei viktig forklaring til den relativt store skilnaden mellom dei studieførebuande og yrkesfaglege utdanningane når det gjeld gjennomføring, tal på sluttarar, og karakterresultat.

Samstundes ser ein skilnader mellom skular der ein har same elevgrunnlag, noko som kan bety at

det er fleire faktorar enn grunnskulepoeng som spelar inn. I tillegg har arbeidsmarknaden stor påverknad når det gjeld tilgang på lære plassar.

I dette kapittelet blir det presentert karaktergrunnlag, karakterresultat og grad av gjennomføring for skuleåret 2017/18 fordelt på dei ulike utdanningsprogramma, sett opp mot tidlegare år. Utvalet er alle elevar på alle trinn på studieførebuande og yrkesfag, og ikkje berre avgangselevane.

Det er to viktige mål for gjennomføring – fullført og bestått per skuleår, og fullført og bestått med sluttkompetanse fem år etter oppstart. Den siste gir eit overordna bilet av effektiviteten til utdanningssystemet, og indikatoren er viktig i den langsiktige styringa av utdanningssektoren. For skulane sitt utviklingsarbeid er indikatoren *fullført og bestått per skuleår* ein meir relevant og nyttig styringsindikator i utviklingsarbeidet.

Auka gjennomføring

Tabellen nedanfor viser at fleire elevar fullførte og bestod skuleåret 2017/18 enn førre år. Dei tre siste åra viser ein jamn auke frå høvesvis 81,0 %, 81,9 % til 83,5 %. Ei grovinndeling viser at det er størst auke på påbygg, samt for dei yrkesfaglege utdanningsprogramma.

Karakterresultata i fylket viser ein svak og jamm auke dei tre siste åra innanfor alle dei tre utdannings-retningane. Også her er det påbygg som kan vise til størst auke i karakterutviklinga frå 3,39 i 2015/16 til 3,61 i 2017/18.

Gjennomføring og karakterresultat

	Fullført og bestått			Karakterresultat		
	2015/16	2016/17	2017/18	2015/16	2016/17	2017/18
Studieførebuande	84,3 %	86,6 %	86,7 %	4,09	4,16	4,18
Påbygg	65,2 %	65,6 %	70,0 %	3,39	3,49	3,62
Yrkesfag	80,0 %	79,1 %	82,0 %	3,75	3,81	3,89
Samla	81,0 %	81,9 %	83,5 %	3,90	3,97	4,02

Tabell 2: Snitt gjennomført og bestått alle fag dei tre siste skuleåra, fordelt på utdanningsretning. Snitt karakterresultat, alle trinn, fordelt på utdanningsretning. Kjelde: Hjernen&Hjertet. På grunn av forbetra doublethandtering i Hjernen & Hjertet vil ein del av tala avvike frå tal frå Kvalitetsmeldinga 2016/17

Karaktergrunnlag og fullføring


Grafen under syner samanhengen mellom grunnskulepoeng og grad av fullført og bestått. For elevar med meir enn 45 grunnskulepoeng, fullførte og bestod meir enn 94 % skuleåret 2017/18. Alle elevar med over 60 grunnskulepoeng fullførte og bestod i 2017/18, medan berre 56 % av elevane med 25-30 grunnskulepoeng fullførte og bestod.

Tabell 3 på neste side viser at samanhengen mellom grunnskulekarakter og fullført og bestått ikkje er like eintydig når ein ser resultat per utdanningsprogram. Til dømes viser tala for 2017/18 at dei som gjekk på ST, hadde i snitt eit

karaktergrunnlag frå ungdomsskulen på 46,2 og gjennomføringsprosent på 86,7, medan elevar ved EL hadde grunnskulepoeng på 39,3 og ei gjennomføring på 91,6 %. Det er altså også andre faktorar enn grunnskulekarakter som spelar inn når det gjeld grad av fullføring.

Av dei som ikkje får *fullført og bestått* har nokre fått stryk eller IV i ett eller fleire fag. Dei andre har enten slutta, har alternativ opplæringsplan, har ikkje fullført heile utdanninga eller er deltidselev.

Fullføring ut frå grunnskulepoeng



Figur 1: Fullført og bestått 2017/18 ut frå grunnskulepoeng. Kjelde: Hjernen&Hjertet.

Grunnskulepoeng, karaktersnitt og fullføringsgrad

Utdanningsprogram	Grunnskulepoeng			Karakterresultat			Fullført og bestått		
	2015/16	2016/17	2017/18	2015/16	2016/17	2017/18	2015/16	2016/17	2017/18
ID	44,3	44,7	45,1	4,1	4,2	4,2	85,6 %	90,8 %	92,6 %
KDA		42,3	41,7		4,0	3,9		87,5 %	78,6 %
MK		39,9	39,7		3,7	3,5		80,8 %	73,9 %
MDD	46,0	46,1	45,9	4,2	4,2	4,3	87,9 %	88,0 %	89,2 %
ST	45,4	45,8	46,2	4,1	4,2	4,2	84,0 %	86,3 %	86,7 %
Pb3	36,8	37,1	37,4	3,3	3,4	3,5	61,2 %	62,5 %	66,8 %
Pb4	42,0	41,7	42,7	3,5	3,9	3,6	75,9 %	74,7 %	79,4 %
BA	32,6	33,8	34,9	3,4	3,6	3,7	79,6 %	81,3 %	83,5 %
DH	34,1	34,1	34,6	3,6	3,5	3,5	71,4 %	65,0 %	68,8 %
EL	38,9	39,3	39,3	4,0	4,1	4,1	91,8 %	91,5 %	91,6 %
HO	35,5	36,0	37,0	3,8	3,9	4,1	77,4 %	77,2 %	81,5 %
MK (Y)	37,7	38,4	38,4	3,7	3,9	3,6	75,4 %	83,0 %	65,9 %
NA	37,1	38,0	39,4	4,0	4,1	4,2	77,9 %	80,2 %	88,3 %
RM	33,0	32,4	32,8	3,4	3,4	3,6	66,0 %	57,8 %	71,2 %
SS	33,4	33,7	33,2	3,5	3,6	3,6	72,3 %	76,1 %	75,5 %
TIP	34,7	34,1	33,9	3,7	3,6	3,7	82,3 %	77,2 %	78,1 %
Snitt	40,6	40,9	41,3	3,9	3,9	4,0	81,0 %	81,9 %	83,5 %

Tabell 3: Historikk over grunnskulepoeng, karakterresultat og grad av fullført og bestått dei tre siste åra, fordelt på utdanningsprogram. Sjå *Lesarrettleiring* side 50 for nærmere forklaring av utrekningane. Kjelde: Hjernen&Hjertet.

Karakterresultata per utdanningsprogram er stabile over år, men ein kan sjå at for 2017/18 er det i snitt ein svak oppgang i dei gjennomsnittlege karakterane på 0,1, og 12 av 16 utdanningsprogram har enten same eller høgare karakterresultat enn førre år.

Idrettsfag hadde høgast prosentdel fullført og bestått med 92,6 %, og har hatt ein jamn auke dei tre siste åra.

RM er det utdanningsprogrammet som har hatt størst auke når det gjeld fullført og bestått. 71,2 % fullførte og bestod i 2017/18 det er 13,4 prosentpoeng høgare enn i 2016/17. RM har også ein auke i det gjennomsnittlege karakterresultatet med 0,2 frå førre år.

66,8 % av elevane på Pb3 fikk fullført og bestått

Det utdanningsprogrammet med lågast gjennomføring er MK (Y). Dette er eit yrkesfagleg utdanningsprogram som hausten 2016 blei endra og gjort om til eit studieførebuande program. Berre 44 elevar inngår i statistikken.

Trass i ein auke på 5,6 prosentpoeng i fullført og bestått dei siste tre åra, hadde Pb3 nest lågaste resultat med 66,8 % fullført og bestått. Av dei 911 elevane var det 7,8 % som slutta i løpet av skuleåret, 15,5 % som fullførte utan å bestå alle fag, 7,9 % som mangla grunnlag (IV) og 3,1 % av elevane heldt framleis på med utdanninga.



Avvik mellom standpunkt-karakterar og eksamen

Tabellen nedanfor viser ei samanlikning av gjennomsnittlege standpunkt- og eksamens-karakterar for eit utval fellesfag. Både det nasjonale resultatet og fylkesresultatet viser at i samtlege fag er dei gjennomsnittlege eksamens-karakterane lågare enn dei gjennomsnittlege standpunkt-karakterane. Matematikk 1T-Y har størst avvik i fylket, men her er det viktig å merke seg at dette faget har færrest elevar som har vore oppe til eksamen (40 elevar). Resultata kan

difor vere sårbare for tilfeldige svingingar. Ein tendens er at gjennomsnittlege standpunkt-karakter ligg om lag ein halv karakter over gjennomsnittlege eksamenskarakter, noko som også samsvarar med nasjonale tal. Ei forklaring på dette kan vere at ein standpunkt-karakter har eit langt breiare vurderingsgrunnlag enn eksamen.

Skulane sine avvik mellom standpunkt-karakterar og eksamen er ein del av kunnskapsgrunnlaget som ligg til grunn før skulebesøka gjennom det verksemdbaserte vurderingssystemet.

Fag	Standpunkt	Skriftleg eksamen	Avvik	Avvik nasjonalt
Engelsk, Vg1 SF	4,3	3,9	-0,4	-0,5
Engelsk, Vg2 YF	3,9	3,2	-0,6	-0,6
Matematikk 1P	3,6	3,1	-0,6	-0,7
Matematikk 1P-Y	3,6	3,5	-0,1	-0,3
Matematikk 1T	3,9	3,4	-0,5	-0,6
Matematikk 1T-Y	3,6	2,4	-1,2	-0,7
Matematikk 2P	3,5	2,9	-0,7	-0,6
Matematikk 2P-Y	3,3	2,7	-0,6	-0,6
Norsk hovudmål, Vg3 PB, skriftleg	3,5	3,0	-0,6	-0,5
Norsk hovudmål, Vg3 SF, skriftleg	4,1	3,7	-0,3	-0,4
Norsk sidemål, Vg3 PB, skriftleg	3,4	2,7	-0,7	-0,5
Norsk sidemål, Vg3 SF, skriftleg	3,9	3,5	-0,4	-0,4
Norsk, Vg2 YF	3,8	3,4	-0,4	-0,3

Tabell 4: Differanse standpunkt og eksamen 2017/18. Kjelde: Hjernen&Hjertet.




Fullført og bestått i løpet av fem år

Gjennomføringsindikatoren gir eit overordna bilet av effektiviteten til utdanningssystemet – kor mange som fullfører og består i løpet av fem år. Tal

som er brukt i dette delkapittelet er henta frå Skoleporten og viser til elevar som starta i vidaregåande opplæring for første gong i 2012.

Fullført og bestått i løpet av fem år – Hordaland og nasjonalt




Figur 2: Prosentdel fullført og bestått, 2008-2012-kull. Kjelde: Skoleporten

Figuren over viser at 72,0 % av dei som starta i vidaregåande opplæring i 2012 på ein offentleg skule i Hordaland, hadde fullført og bestått etter fem år. Dette er ei auke på 1,6 prosentpoeng frå førre år. Hordaland ligg 2,5 prosentpoeng under det nasjonale snittet som også inkluderer dei private skulane. Når det gjeld yrkesfaga ser ein ei auke for 2012-kullet på 1,2 prosentpoeng frå førre år, til 58,4 %. Dette er 1,9 prosentpoeng lågare enn det nasjonale snittet. Ved studieførebuande er det ei auke på 1,1 prosentpoeng frå førre år og resultatet ligg nært opp mot det nasjonale snittet.

Tar ein med dei private skulane i resultata for Hordaland, blir fullføringsprosenten 73,9. Ei årsak til at ein då får ein større gjennomføringsprosent kan vere at dei private skulane i all hovudtrekk tilbyr studie-spesialiserande utdanningsprogram som generelt har betre gjennomføringsstatistikk. Som ein kan sjå i figur 3 under, er det betydelege skilnader mellom dei ulike utdanningsprogramma. For dei ordinære elevane i 2012-kullet, fullførte og bestod 93,0 % av dei som starta på ID, medan 37 % av dei som starta på MK hadde fullført og bestått etter fem år.

Fullført og bestått i løpet av fem år, 2012-kullet. Ordinære løp og med planlagt grunnkompetanse



Figur 3: Fullført og bestått i løpet av fem år, 2012-kullet. Ordinære løp og planlagt grunnkompetanse. Alfabetisk rangering. Kjelde: Skoleporten

Planlagt grunnkompetanse

Figur 3 på førre side viser fullføringsgrad i prosent for dei som går i eit ordinært løp, samt samla fullføringsgrad for elevar ved både ordinært løp og med planlagt grunnkompetanse. Figuren viser at det i ein skilde utdanningsprogram er ei betydeleg elevgruppe som fullfører med grunnkompetanse, med 12,6 % på RM, 11,6 % på NA og 9,2 % på DH. Dersom ein tar med dei som går mot grunnkompetanse, får vi ein fullføringsgrad på 74,9 % i fylket.

Tidlegare blei elevar som går mot planlagt grunnkompetanse, ikkje registrert som fullført og bestått sjølv om dei har gjennomført opplæringa og nådd måla for opplæringa. Frå og med 2016 blei det publisert data som viser kva utdanningsprogram dei tek, og dei blir ikkje automatisk registrert som slutta eller ikkje bestått.

Elevar som ved starten av utdanninga veit at dei vil ha utfordringar med å oppnå full yrkes- eller studiekompetanse, kan gå mot planlagt grunnkompetanse. For ein elev som skal ha tilbod om grunnkompetanse skal det utarbeidast individuell opplæringsplan i tråd med enkeltvedtak om spesialundervisning. På den måten skal eleven sikra eit tilrettelagt opplæringstilbod. I kompetansebeviset som eleven får ved fullført opplæring, vil ein sjå kva mål i læreplanen som er gjennomført, samt oppnådd kompetanse. Elevar med grunnkompetanse kan halde fram som lærekandidatar.

Spesialundervisning

Det skal som hovudregel kunne leggjast til rette for tilbod om grunnkompetanse innanfor alle utdanningsprogram ved alle skular i fylket. Skuleåret 2017/18 fekk 5,2 % av elevane i dei fylkeskommunale vidaregåande skulane spesialundervisning. Elevar som får undervisning organisert i tilrettelagte grupper (arbeidslivstrening HTA, kvardagslivstrening HTH og eigne grupper HT) utgjer omlag 90,8 % av elevane med vedtak om spesialundervisning. Dei resterande 9,2 % av elevane går i ordinære klasser.

Ut frå tanken om at det er behov for høg kompetanse og sterke fagmiljø for å sikre god kvalitet i spesialundervisninga, er det i nokon grad samla ein del tilbod ved ein skilde skular i ulike regionar. Det fører til at nokre skular i større grad enn andre har tilbod om grunnkompetanse innanfor ulike utdanningsprogram. Dei skulane som har størst prosentvis del av elevar med vedtak om spesialundervisning er Stend vgs (21 %), Osterøy vgs (11,8 %), Voss vgs (10,5 %), Laksevåg vgs (9 %), Årstad (8,4 %), Knarvik (8 %), Os vgs (8 %).

Pedagogisk psykologisk teneste (PPT) sitt arbeid på system- og individnivå

PPT sitt arbeid inneber kompetanseutvikling og organisasjonsutvikling for betre tilrettelegging av opplæring for elevar og lærlingar. Størstedelen av arbeidet er individretta og i skuleåret 2017/18 blei det totalt tilvist 1240 saker. PPT gir råd til skulen om korleis opplæringa kan leggast opp slik at eleven får tilfredsstillande utbytte trass i vanskane sine. Viktige områder er tilrettelegging på prøver og eksamenar, hjelpemiddel i den daglege undervisninga, ekstraundervisning i ein skilde fag og liknande. Viktige satsingar i 2017/18 har vore kompetanseheving for lærarar innan tema som lese-, skrive- og språkvanskar i vidaregåande skular. Det er også gjennomført ei kursrekke for tilsette i vidaregåande opplæring innan autismespekterforstyrningar.

Barn og unge i barnevernsinstitusjon i Hordaland

I skuleåret 2017/18 var det totalt 148 barn og unge som budde i barnevernsinstitusjon i Hordaland. Av desse er 99 barn i grunnskulealder og dei fleste kom frå Bergen og Voss kommune. 35 av dei er ungdommar i vidaregåande opplæring og 14 ungdommar er under oppfølging av oppfølgingstenesta (OT).

49 av dei 99 grunnskuleelevarane fekk vedtak om spesialundervisning med avvik både frå læreplanane og organisering. Ti elevar hadde fritak frå delar av opplæringsplikta i grunnskulen.

89 av dei 99 grunnskuleelevarane som HFK hadde opplæringsansvar for, fullførte skuleåret. Ti flytta til eit anna fylke eller til eit anna tiltak, som til dømes fosterheim. Ti av dei 99 elevane hadde omfattande utfordringar knytt til høgt fråvær. Dei fleste var elevar på skular i Bergen kommune. Opplæring på institusjon, undervisning på alternativ opplæringsarena, og eigen lærar eller assistent er døme på tiltak som blei sett i verk for å sikre eit forsvarleg læringsutbyte for elevane.


Det var totalt 49 ungdommar i barnevernsinstitusjon med rett til vidaregåande opplæring i 2017-18. Av desse var 35 i vidaregåande opplæring og 14 under ansvar av oppfølgingstenesta. 26 elevar fullførte, fire elevar slutta og fem elevar flytta til anna fylke.

Oppnådd sluttkompetanse

Høg grad av gjennomføring er viktig, men ein må også sjå kva sluttkompetanse elevane og lærlingane får. Gjennomføringstala som blei vist i figur 2, viser kor stor del av elevane som fullfører i løpet av fem år, men dei viser ikkje kva kompetanse dei oppnår. Figuren under viser kva type kompetanse dei ulike elevane har oppnådd

etter fem år. Av dei elevane som begynte på ei yrkesfagleg utdanning i 2012, hadde 34 % oppnådd yrkesfagleg kompetanse. Heile 26 % av yrkesfagelevane hadde fullført med studiekompetanse. Av alle elevane som starta på Vg1 i 2012, hadde berre 17 % av elevane oppnådd yrkeskompetanse etter fem år.

Oppnådd kompetanse etter fem år, etter kva utdanningsprogram elevane starta på.



Figur 4: Oppnådd kompetanse etter fem år, etter kva utdanningsprogram elevane starta på. Alle eigeformer. Kjelde: SSB.

Som ein ser i figuren over, er det ein skilde yrkesfaglege utdanningsprogram som skil seg ut. I HO, NA og det tidlegare yrkesfaglege MK, er det etter fem år fleire som har studiekompetanse enn yrkesfagleg kompetanse. I HO er det 20 % som har yrkeskompetanse og 43 % har studiekompetanse etter fem år.

Grafen over viser at det er mange som ikkje fullfører og består innan fem år, og 12 % av dei som starta vidaregåande opplæring i 2012 slutta i løpet av fem år. For yrkesfaga er talet heile 19,3 %. Det er samansette grunnar til at elevar avslutta vidaregåande opplæring, men nokre kjem tilbake på skulebenken via voksenopplæringa.

Voksenopplæring

Hordaland fylkeskommune har eit av landets største tilbod innan voksenopplæringa, og har fem voksenopplæringsenter ved Bergen Katedralskole, Åsane vgs., Sotra vgs., Stord vgs., samt Voss vgs. Skuleåret 2017/18 var det om lag 1150 vaksne som gjekk tilbake til skulebenken for å

halde fram med den utdanninga dei hadde avslutta, eller starte på ei ny utdanning. Det blei gitt tilbod innan utdanningsprogramma ST, BA, EL, HO, NA, RM, SS og TIP. Omlag 45 % gjekk på ST. Av yrkesfaga er HO det mest populære faget. Framover vil det vere stor etterspurnad etter fagarbeidrarar innan helsesektoren, og som tabellen over viser, er det få av elevane innan ordinær vidaregåande skule som fullfører med fagbrev innan HO. Skuleåret 2017/18 var det om lag 270 deltakrar i voksenopplæringa som tok fagbrev innan HO, hovudsakeleg innan helsearbeidarfaget.

Hordaland fylkeskommune har ansvaret for å legge til rette for at vaksne med rett til vidaregåande opplæring, kan oppnå studiekompetanse eller fagbrev.

Karakterresultat voksenopplæringa

Samla karaktersnitt for skuleåret 2017/18 var 3,7, som er 0,3 karakterpoeng under snittet for ordinære elevar.

Karakter	1	2	3	4	5	6
Prosentfordeling	2,7 %	13,1 %	25,5 %	31,5 %	21,4 %	6,0 %

Tabell 5: Karakterfordeling voksenopplæringa 2017/18. Kjelde: Extens.



Opplæring i bedrift



Hordaland er eitt av dei største og mest tradisjonsrike fagopplæringsfylka i landet og hadde 4508 lærekontraktar ved utgangen av 2017, ein auke på 100 frå året før. I 2017 blei det avgald 3175 fag-, sveine- og kompetanseprøver og 1/3 av desse var praksiskandidatar. For dei som går ut i lære, hadde 82,6 % av lærlingane oppnådd fag- eller sveinebrev fem år etter oppstart av læretida.

Oppsummering

Fag- og yrkesopplæringa byggjer på tett samarbeid mellom partane i arbeidslivet, fylkeskommunen og lærlingen. Det er viktig å sørge for at det er god balanse mellom arbeidslivet sitt behov for kompetanse og elevane sine ønskjer om utdanning. Det er avgjерande at dei som tar ei fag- og yrkesutdanning, får ein kompetanse som kvalifiserer for framtidig arbeid eller vidareutdanning. 70,9 % av søkerane til læreplass fekk lærekontrakt i 2017. Det er ei auke 3,2 prosentpoeng frå året før. Det er skilnader mellom dei ulike utdanningsprogramma når det gjeld talet på søkerar som får lærekontrakt.

Det er viktig å arbeide langsiktig med rekruttering til yrkesfag saman med partane i arbeidslivet.

Graden av forplikting mellom partane er avgerande både for kvaliteten og kapasiteten til å utdanne nye fagarbeidrarar. Tal frå Udir viser at det har vore ei jann auke i talet på lærebodrifter dei siste åra.

82,6 % av 2012-kullet som gjekk ut i lære hadde fullført og bestått fem år etter oppstart av læretida. Desse tala er stabile frå førre kull, men utgjer ein oppgang på 0,4 prosentpoeng. Det er noko ulike resultat for dei ulike utdanningsprogramma, med 91,4 % for elektrofag og 73,7 % for bygg- og anleggsteknikk. Totalt er det 10,8 % av lærlingane som avbryt læretida utan å ha fullført. Dette er ei auke på 1,2 prosentpoeng frå 2011-kullet.

Lærlingar, kontraktar og fagprøver

Tal lærlingar og lærekontraktar

Hordaland hadde 4508 lærekontraktar ved utgangen av 2017, ei auke på 100 frå året før. Det blei teikna 2224 nye kontraktar og 1522 av desse var søkerar med ungdomsrett. For elevlar som av ulike årsaker ikkje får lærepllass kan fagopplæring i skule vere eit alternativt tilbod. Fagopplæring i skule har som mål å føre elevane fram til fag- og sveinebrev. Det var i 2017/18 122 elevlar som fekk slutttopplæring i skule.

Tal lærlingar og lærekontraktar

	2015	2016	2017
Talet på lærlingar	4 387	4 408	4 508
Talet på nye lærlingar	2 072	2 108	2 224
Talet på elevlar i fagopplæring i skule	83	135	122
Talet på lærekandidatar	129	147	132

Tabell 6: Tal elevar, lærlingar og lærarar. Kjelde: Skoleporten

Nye kontraktar per utdanningsprogram

Det er ein auke i nye lærekontraktar frå 2072 i 2015 til 2224 i 2017. I dei tre siste åra er det særleg innanfor SS, NA, HO og BA at auken i talet på nye kontraktar er størst.

Nye kontraktar per utdanningsprogram

Program	2015	2016	2017
BA	435	436	480
DH	108	132	101
EL	339	309	330
HO	338	377	398
MK (y)	7	8	5
NA	59	56	73
RM	109	107	100
SS	161	197	235
TIP	516	486	502
Samla	2 072	2 108	2 224

Tabell 7:Nye lærlingar dei siste tre åra. Kjelde: Skoleporten

Avlagde fagprøver

I 2017 blei det avgald 3175 fag-, sveine- og kompetanseprøver i Hordaland. Også i år er over 1/3 av dei avgalte fagprøvene utført av praksiskandidatar. Praksiskandidatordninga er ei ordning der vaksne med lang fartstid i faget kan gå opp til fagprøven etter å ha bestått ei teoritisk prøve, samt dokumentert fem års praksis.

Prosent søkerar som får lærekontrakt

	2015	2016	2017
BA	85,7	80,6	86,2
DH	82,7	80,6	73,3
EL	61,3	58,6	55,9
HS	71,3	75,3	74,0
MK	31,6	31,6	33,3
NA	75,7	66,7	84,4
RM	72,4	72,9	74,6
SS	59,5	63,2	62,5
TIP	62,5	60,1	69,7
Totalt	68,7	67,7	70,9

Tabell 9: Del søkerar som har fått en godkjent lærekontrakt i løpet av eit kalenderår. Kjelde: Udir

Avlagte fagprøver

Status	2015	2016	2017
Avlagde prøver	3091	3111	3175
Praksiskandidatar	36 %	35 %	34 %
Stryk lærlingar	9 %	10 %	12 %
Stryk elevar (Vg3 slutttopplæring i skule)	22%	27 %	29 %
Stryk praksiskandidatar	9 %	11 %	10 %

Tabell 8: Utvikling avlagde prøver 2015-2017. Kjelde: Qlikview

Sluttarar (hevingar)

Mange lærekontraktar blir avslutta i løpet av eit år. I 2017 blei det registrert 371 hevingar. I stor grad skuldast dette at lærlingane har fått seg ny lærekontrakt, eller at dei går over i ordinært arbeid eller byter utdanningsprogram. Rundt 140 slutta pga. sjukdom, personlege tilhøve eller av ukjende årsaker. Fagopplæringskontoret har som rutine å ta kontakt med lærlingane som sluttar for eventuelt gi råd med på vegen. Det blir arbeidd med førebyggande tiltak for å sikre betre informasjon til lærlingane, gjennom opplæring av bedrifter og ved å ta opp temaet i møte med bedrifter og opplæringskontor.

Elev- og lærlingombodet har fått mange førespurnader som omhandlar heving av lærekontrakt, og då spesielt spørsmål i høve til kva som er rett framgangsmåte når berre ein av partane ønskjer heving. I ombodet sin rapport frå mars 2018 står det følgjande:

Lærlingane venter ofte for lenge før dei søker hjelp, og tar ofte ikkje kontakt før det går mot heving. Lærlingane kan i enkelte tilfelle også vere engstelige for represaliar ved tilbakemelding om mobbing/trakkassering, konfliktar, därleg læremiljø eller manglende opplæring. Lang og omfattande saksbehandling i fylkeskommunen ved påstand om manglende opplæring eller därleg læremiljø, gjer også at enkelte lærlingar heller vel å bytte lærebedrift framfor å melde frå. Fleire lærlingar søker råd i høve til å finne seg ny lærebedrift, og ender opp med å heve lærekontrakten ved semje med lærebedrifta. Därleg læremiljø og manglende opplæring, blir difor ofte ikke registrert i fylkeskommunen sine register som bakgrunn for heving av lærekontrakt. I neste omgang tar lærebedrift inn ny lærling, og historia kan gjenta seg. I fleire av sakene ombodet har vorte kjent med, har lærebedrifta hatt ynskje om heving av



371 heva
lærekontrakter
i 2017

lærekontrakt på bakgrunn av at dei meiner at lærlingen har gjort seg skuldig i brot på pliktene i arbeidstilhøvet. Lærlingen er ofte usikker på kva rett dei har i slike tilfelle, og tar difor kontakt med ombodet. Ombodet registrer at lærlingar og lærebedrifter ikkje kjenner godt nok til at lærlingar også kan ha rett til oppfølging av PPT på bakgrunn av diagnose eller andre utfordringar. Fleire lærebedrifter, i samarbeid med lærling, kunne hatt behov for rettleiing av PPT i høve til utfordringar knytt til opplæringa i bedrift.

Lærebedrifter

Eit av måla i Samfunnskontrakten er å auke talet på lærepllassar. Ein får ikkje fagarbeidrar utan at bedrifter og næringsliv stiller opp med lærepllassar, og fylkeskommunen er avhengig av at lærebedriftene både tar inn lærlingar og driv god opplæring av desse. I dei tradisjonelle bransjane er lærlingordninga innarbeidd frå gammalt av, og opplæringa av lærlingar er ein del av måten bedriftene arbeider på. I offentleg sektor er det ikkje like lange tradisjonar med å vere lærebedrift, og det er framleis naudsynt at fylkeskommunen arbeider aktivt for å sikre at det blir fleire lærepllassar innan offentleg sektor.

Partane i arbeidslivet er medspelarar når det gjeld fag- og yrkesopplæring, og det blir arbeidd godt med å rekruttere nye lærebedrifter trass i at ulike konjunktursvingingar alltid vil kunne gi utfordringar. Innan nokre lærefag såg ein til dømes store konsekvensar i samband med nedgangen i oljebransjen for eit par år sidan.

Dei siste tala frå Udir viser ei jamn stigning i tal på bedrifter med lærlingar i Hordaland.


Bedrifter med lærlingar i Hordaland

	2012-13	2013-14	2014-15	2015-16	2016-17
Totalt	1 498	1 553	1 605	1 706	1 752
Kommunal	77	74	75	85	72
Statleg	27	27	38	35	39
Privat	1 334	1 416	1 467	1 577	1 629
Ukjent	60	36	25	9	12

Tabell 10: Godkjente lærebedrifter i Hordaland. *Ukjent* betyr manglende registrering i Enhetsregisteret. Kjelde: Udir

Gjennomføring av læretida

Gjennomføring av læretida i løpet av fem år for 2012-kullet



Figur 5: Gjennomføringsgrad læringer. 2012-kull. Kjelde: Skoleporten.

Figuren over viser fullføringsprosenten for den delen av 2012-kullet som faktisk går ut i lære fem år etter oppstart av læretida. Tabellen viser at 82,6 % av lærlingane oppnådde fag- eller sveinebrev etter fem år. Desse tala er stabile frå førre kull, men utgjer ein oppgang på 0,4 prosentpoeng. Det er noko ulike resultat for dei ulike utdanningsprogramma, med 91,4 % for elektrofag og 73,7 % for bygg- og anleggsteknikk. Totalt var 10,8 % av lærlingane som avbraut læretida utan å ha fullført. Dette er ein auke på 1,2 prosentpoeng frå 2011-kullet.

Samfunnskontrakten

I 2016 skreiv dei største arbeidsgivar- og arbeidstakarorganisasjonane, Kunnskapsdepartementet og Kommunal- og moderniseringsdepartementet under ein avtale med målsetting om

å auke talet på læreplassar. Dette er ei fornying av kontrakta som blei inngått våren 2012. Kvart år kjem Udir ut med ein indikatorrapport⁵ for å samle statistikk og indikatorar om fag- og yrkesopplæringa og følgjer utviklinga innan viktige område. Tala frå 2018-rapporten viser resultata for sju nøkkelindikatorar og korleis kvar av desse verdiane har utvikla seg samanlikna med tidlegare resultat.

Under ser ein resultata for Hordaland. Tabellen viser at det er ei positiv utvikling innan alle nøkkelindikatorane bortsett frå del sokjarar som får godkjend lærekontrakt. Merk at utviklinga i tabellen refererer til ulike årstal, sjå fotnote.

Nøkkeltal og vurderinger	Verdi	Utvikling ⁶
1. Del sokjarar med godkjent lærekontrakt	71 %	-3 %
2. Del elevar med direkte overgang til læreplass frå Vg2	37 %	4 %
3. Del elevar fortsatt i vgo etter Vg2	80 %	3 %
4. Tal nye lærekontraktar	2224	4 %
5. Tal lærebodrifter med lærling	1752	17 %
6. Tal fag- og sveinebrev	2788	20 %
7. Del elevar med oppnådd fag- eller sveinebrev	82 %	2 %

Tabell 11: Nøkkeltal og vurderinger. Indikatorrapport for samfunns-kontrakten 2018. Kjelde: Udir.

⁵ <https://www.udir.no/tall-og-forskning/finn-forskning/tema/indikatorrapport-for-samfunnskontrakten-2018/>

⁶ Indikator 1, 4 og 6: 2012 til 2017. Indikator 2 og 3: 2011 til 2016. Indikator 5: 2013 til 2016. Indikator 7: 2008-kullet til 2012-kullet.



Fråvær, IV og sluttarar



For skuleåret 2017/18 kan ein sjå at totalfråværet er gått opp med 0,2 prosentpoeng etter den markante nedgangen etter innføringa av fråværsregelen i 2016/17. I snitt har timefråværet gått opp fra 14,4 timer til 16,0 timer. Dagfråværet ligg på same snitt som førre år, på 6,1 dagar. Vidare kan ein sjå at det er ein nedgang i prosentdel elevar som får IV, og at talet no ligg under det nasjonale snittet. Særleg på yrkesfag er det ein markant nedgang frå året før. Talet på sluttarar har gått ned frå førre skuleår. 3,9 % av elevane avbraut opplæringa utan å starte på ny skule eller anna utdanningsprogram, mot 4,5 % året før.

Samandrag


Auka læringsutbytte og fullføring er hovudmålet for den vidaregåande opplæringa i Hordaland fylkeskommune. Innsatsen fra skuleeigar og skulane er retta mot ungdommen og i arbeidet med auka gjennomføring blir det arbeidd med å førebyggje at elevar sluttar og å tilbakeføre dei elevane som har sluttat i vidaregåande opplæring.

Fråvær, manglende vurdering og det at elevar sluttar er alle årsaker som fører til redusert læringsutbytte og fullføring. Vidare er det slik at det er ein samanheng mellom fråvær, IV og sluttarar. For høgt fråvær kan føre til at ein ikkje får vurderingsgrunnlag i faga, og ein ser at dei som

sluttar ofte har høgt fråvær. Stort fråvær er den nest største sluttårsaka.

Oppfølgingstenesta (OT) skal følgje opp elevar og lærlingar som sluttar i skule og lærepllass, samt dei som ikkje møter opp ved skulestart eller som ikkje søker vidaregåande opplæring.

Fleire av dei vidaregåande skulane melder i sine tilstandsrapportar at tal IV er redusert frå i fjar til i år. Fleire av skulane viser til tette og systematiske oppfølgingstiltak for elevane med mål om at fleire elevar skal fullføre og bestå.



Fråvær og sluttarar

Totalfråvær	% slutta
1,6	0 %
2,4	0 %
3,3	2 %
4,1	5 %
5,1	9 %
5,5	15 %
6,4	23 %
7,9	16 %
9,5	14 %


Tabell 12: Fordeling fråvær og kor stor del elevar som sluttar. Kjelde: Hjernen og Hjertet.

Fråvær

Grafane til høgre viser at totalfråværet⁷ er gått opp 0,2 prosentpoeng i 2017/18 etter den markante nedgangen etter innføringa av fråværs grensa i 2016/17. Som førre kvalitetsmelding viste, førte fråværs grensa til ein brå nedgang i fråværet for alle utdanningsprogram. Det er ikkje uventa at fråværstalet går noko opp og «stabiliserer seg». Udir melder også same tendens nasjonalt med at fråværet held seg stabilt, med ein liten auke i timefråværet.

I snitt har timefråværet gått opp frå 14,4 til 16,0 timer medan dagfråværet ligg på same snitt som førre år på 6,1. Samla sett har fråværet gått opp frå 5,0 til 5,2. Som ein kan sjå av tabellen under, er det store variasjonar mellom utdanningsprogramma.

Totalfråværet dei siste seks åra.



Figur 6: Totalfråvær. Kjelde: Hjernen&Hjertet

Fråværsoversikt.

	Timar			Dagar			Snitt		
	2015/16	2016/17	2017/18	2015/16	2016/17	2017/18	2015/16	2016/17	2017/18
ID	15,6	11,7	15,0	7,0	5,0	5,2	6,2	4,5	5,0
KDA		12,3	17,7		3,7	8,2		3,8	7,2
MK		18,2	31,1		4,9	7,4		5,2	8,3
MDD	20,7	18,7	19,1	9,8	7,0	6,9	8,6	6,6	6,6
ST	19,9	14,7	16,9	7,8	5,3	5,7	6,5	4,6	5,0
Pb3	34,5	20,7	22,3	15,2	9,5	9,4	11,6	7,2	7,3
Pb4	11,5	10,5	9,9	6,0	5,1	4,2	6,7	5,8	5,0
BA	19,7	10,4	10,1	8,7	4,6	4,8	6,7	3,5	3,6
DH	22,9	17,6	16,9	13,6	10,8	10,8	9,6	7,5	7,5
EL	9,1	7,5	8,6	5,0	3,6	4,2	3,6	2,7	3,1
HO	20,8	14,8	15,0	12,3	9,2	7,9	8,7	6,4	5,8
MK (Y)	32,9	18,3	17,6	13,6	7,6	7,8	10,6	5,9	5,9
NA	20,0	13,3	13,8	9,9	6,2	5,9	7,4	4,7	4,6
RM	24,7	17,1	23,2	10,6	7,9	7,6	8,2	5,9	6,4
SS	30,3	16,3	19,3	13,6	9,2	8,4	10,4	6,6	6,4
TIP	20,8	15,1	14,0	7,8	5,7	4,9	6,3	4,6	4,1
Snitt	20,5	14,4	16,0	8,9	6,1	6,1	7,1	5,0	5,2

Tabell 13: Fråvær dei tre siste åra, fordelt på utdanningsprogram. Kjelde: Hjernen&Hjertet.

Det er store skilnader i fråværet mellom utdanningsprogram. Elevar på MK og EL står i snitt nær kvarandre i grunnskulepoeng (39,7 og 39,3), men når ein ser på fråværet har MK høvesvis 31,1 timer og 7,4 dagar, medan EL har 8,6 timer og 4,2 dagar. MK har hatt ei kraftig auke i fråværet sidan førre år. Vidare har MK ei gjennomføring på 73,9 %, medan EL har ei gjennomføring på 91,6 skuleåret 2017/18.

Nærværsfaktorar

Sintefrapporten *Holdninger til fravær og nærvær i skole og arbeidsliv*⁸ beskriv kva som får elevane til

å være tilstades på skulen, såkalla nærværsfaktorar. I rapporten skriv dei at eleven sin relasjon til lærar/lærarar framstår som ein svært sentral nærværsfaktor. Det at elevane opplever at dei blir sett og verdsett av læraren når dei er på skulen, er ein viktig nærværsfaktor. Andre nærværsfaktorar er til dømes oppleving av:

- tryggleik, tilhøyrsla og venskap
- meistring og motivasjon
- fagleg framgang
- medbestemming.

⁷ Totalfråværet blir berekna slik: Totalfråvær = (fråværstimar + fråværsdagar) /læreplantimar, og fråværsdagar blir omrekna til klokketimar.

⁸ <https://www.sintef.no/globalassets/upload/helse/arbeid-og-helse/a23298.pdf>

Elevar som ikkje får vurdering (IV)

Tabellane under viser statistikk over kor stor prosentdel elevar som får IV («ikkje vurdering»). I statistikken er det talet på IV i standpunkturvurdering som ligg til grunn. Tala er henta frå Udir⁹.

Dei siste åra har hordalandstala vore noko høgare enn dei nasjonale. For skuleåret 2017/18 kan ein sjå i tabellen under at det er ein nedgang i prosentdel elevar på offentleg skule i Hordaland som får IV, og at tala no ligg under dei nasjonale.

Elevar utan vurderingsgrunnlag (IV) – samla tal for alle utdanningsprogram.

	2015/16		2016/17		2017/18	
	IV i minst eit fag	IV i berre eit fag	IV i minst eit fag	IV i berre eit fag	IV i minst eit fag	IV i berre eit fag
Hordaland	3,6	1,8	3,5	1,4	2,8	1,2
Nasjonalt	3,2	1,6	3,1	1,3	3,0	1,3

Tabell 14: Prosentdel av elevane som har fått IV. Kjelde: Udir.

Når det gjeld elevar som går på yrkesfag, viser tabellen under at det er ein relativ stor reduksjon av prosent elevar som får IV. Tala ligg i år godt under nasjonalt snitt for 2017/18 når det gjeld «IV i minst eit fag»

Færre elevar på yrkesfag får IV

	2015/16		2016/17		2017/18	
	IV i minst eit fag	IV i berre eit fag	IV i minst eit fag	IV i berre eit fag	IV i minst eit fag	IV i berre eit fag
Hordaland	4,3	2,2	4,8	1,9	3,1	1,5
Nasjonalt	4,2	2,1	4,4	1,6	4,0	1,5

Tabell 15: Prosentdel av elevane på yrkesfaglege utdanningsprogram som har fått IV. Kjelde: Udir.

Også når det gjeld elevar som gjekk på studieførebuande utdanningsprogram, er det ein reduksjon i prosentdel elevar som får IV i eitt eller fleire fag.

Liten nedgang på elevar som får IV på studieførebuande

	2015/16		2016/17		2017/18	
	IV i minst eit fag	IV i berre eit fag	IV i minst eit fag	IV i berre eit fag	IV i minst eit fag	IV i berre eit fag
Hordaland	3,2	1,6	2,6	1,1	2,5	1,0
Nasjonalt	2,6	1,3	2,4	1,0	2,5	1,1

Tabell 16: Prosentdel av elevane på studieførebuande utdanningsprogram som har fått IV. Kjelde: Udir.

IV grunna høgt fråvær

Fleire av dei vidaregåande skulane melder i sine tilstandsrapportar at tal IV er redusert frå i fjar til i år. Fleire skular viser til tette og systematiske oppfølgingstiltak for elevar med mål om at fleire skal fullføre og bestå. Elevane har ulike behov for type og grad av oppfølging. Det er viktig å vere merksam på at sjølv om ein elev har dokumentert fråværet sitt, så kan eleven likevel få IV grunna manglende karaktergrunnlag. Medan nokre skular gir tilbakemelding på at fråværsgrensa gir redusert fråvær og auka læringsutbytte for elevane, er det andre skular som meiner at årsaka er meir samansett og at tett og systematisk oppfølging av einskildeleven har gitt store utslag.


⁹ Tala frå Udir er foreløpige og dei har berre med elevar med elevstatus E. Hjernen&Hjertet tar i tillegg med elevar med elevstatus A (Alternativ opplæring), men som ikkje går mot grunnkompetanse. Ein kan difor sjå skilnader mellom Udir og H&H i del prosent som har fått IV.

Sluttarar

Talet på sluttarar har gått ned frå førre skuleår. 3,9 % av elevane avbraut opplæringa utan å starte på ny skule eller anna utdanningsprogram, mot 4,5 % førre år. Dei tre hyppigaste sluttårsakene som elevane oppgir er *personlege årsaker, stort fråvær, annan årsak*, er dei fem største sluttårsakene, og utgjer om lag 75 % av sluttarane.

Figur 6 er ikkje dei elevane som har permisjon eller slutta fordi dei skal ut i lære tatt med. Dette fordi dei ikkje er reelle sluttarar – dei som tek permisjon kjem som regel tilbake til opplæringa, og dei som går ut i lære går mot fagbrev. Tar ein med desse, får ein sluttprosent på 4,1.

Sluttarar dei siste åra




Figur 6: Prosentvis sluttarar dei siste seks åra. Kjelde: Hjernen&Hjertet.

Grafen under viser at det er betraktelege skilnader mellom utdanningsprogram når det gjeld kven som sluttar. 12,6 % av dei som gjekk på DH slutta skuleåret 2017/18, medan talet for ID er 0,4 %. Merk at det er svært store skilnader i elevtala for dei ulike utdanningsprogramma. I DH var det skuleåret 2017/18 229 elevar, medan det til dømes på ST var 6569. I utdanningsprogram med få

elevar kan endra tal på sluttarar medføre stor prosentvis endring. I DH slutta 12,6 % av elevane, noko som utgjer 27 elevar. Det var flest elevar (18) som slutta på Vg1. Dei største sluttårsakene var personlege årsaker (59,3 %) og stort fråvær (22,2 %). I 2016/17 var det av 24 DH-elevar som slutta, noko som utgjer 8,7 %.

Prosentvise sluttarar skuleåret 2017/18, per utdanningsprogram



Figur 7: Sluttarar 2017/18 fordelt på utdanningsprogram. Kjelde: Hjernen&Hjertet

Sluttårsaker

Tabellen til høgre viser kva sluttårsak den ein-skilde elev, eller skulen har registrert som sluttårsak. Årsakene til at elevar vel å avbryte opplæringa gjerne er samansette og kan passe i fleire av kategoriane. Det er til dømes ikkje lett å seie kva som kjem først av låg motivasjon, fråvær, personlege utfordringar og opplevinga av feilval.

Merk at oversikten gjeld berre reelle sluttarar. Kategoriane «begynt på annan skule», og «flytta» er anten feilføring frå skulane eller så har elevane ikkje begynt på det tilbodet som var tenkt. Desse elevane var i alle høve ikkje registrert i opplæring i Hordaland eller nokon annan plass i Noreg.

Sluttårsak	2015/16	2016/17	2017/18
Anna årsak/ikkje oppgitt	120	156	102
Personlege årsaker	161	211	204
Stort fråvær	127	154	126
Feilval	66	73	57
Skulelei/motivasjon	29	43	38
Begynt på annan skule	17	27	4
Flytta	17	11	23
Ikkje møtt	2	6	0
Bytta kurs på same skule	2	5	0
Slutta, skal begynne i lære	2	8	14
Fagvanskar	0	1	1
Lang reiseveg	0	1	1
Totalt	543	696	582

Tabell 17: Tal reelle sluttarar dei siste tre skuleåra. Kjelde: Hjernen&Hjertet



Overgangar mellom trinn

Ovanfor har ein sett på skulesluttarar, som er dei som avbryt i løpet av skuleåret. Det er også ein del elevar som fell fra mellom skuleår. Under kan ein blant anna sjå tal elevar som er registrert i opplæring 1. oktober eitt år, men som ikkje tar repetisjon av same trinn eller har gått over til neste trinn 1. oktober året etter. I desse tala inngår også overgangssluttarar.


Det å ikkje følgje ordinær progresjon, blir i denne oversikta definert på to måtar. Det kan enten vere at ein har repetisjon på same trinn, eller så er ein ute av vidaregåande opplæring året etter. Frå forsking og lokal kunnskap veit ein at gode system

knytt til overgangane både frå grunnskulen til vidaregåande og mellom trinna i vidaregåande er viktige for å sikre gjennomføring.

Om lag 98 prosent av elevane som går ut av ungdomsskulen er kvart år registrert i vidaregåande opplæring påfølgande haust. Under kan ein sjå to figurar som viser overgangar mellom trinna i vidaregåande opplæring, for høvesvis studieførebuande utdanningsprogram og yrkesfaglege utdanningsprogram.


Figurane 8 og 9 viser oversikt over elevane skuleåret 2016/17 og status skuleåret 2017/18, fordelt på studieførebuande- og yrkesfaglege utdanningsprogram.

Overgangar frå 2016/17 til 2017/18 for elevar i studieførebuande utdanningsprogram.



Figur 8: Overgangar mellom trinn i studieførebuande utdanningsprogram i HFK. Kjelde: Skoleporten.

Overgangar frå 2016/17 til 2017/18 for elevar i yrkesfaglege utdanningsprogram.



Figur 9: Overgangar mellom trinn i yrkesfaglege utdanningsprogram i HFK. Kjelde: Skoleporten.

Merk at overgangen frå Vg2 for yrkesfag (72,5 %) gjeld både elevar som går ut i lære, tar Vg3 yrkesfag og påbygg. Tal frå Udir¹⁰ viser at 37 % av elevane på Vg2 yrkesfag frå Hordaland gjekk direkte over i lære.


¹⁰ <https://www.udir.no/globalassets/filer/bilder/indikatorrapport/vedlegg.pdf>

Oppfølgingstenesta

Oppfølgingstenesta (OT) skal følgje opp elevar og lærlingar som sluttar i skule og lærepass, samt dei som ikkje møter opp ved skulestart eller som ikkje søker vidaregåande opplæring. Tenesta gjeld for ungdom mellom 16 og 21 år. OT skal ha oversikt over alle ungdomane i målgruppa, tilby dei rettleiing og syte for at dei får tilbod om opplæring, arbeid eller andre kompetansefremjande aktivitetar.

Skuleåret 2017/18 hadde OT hand om omlag 1930 elevar og lærlingar i målgruppa. Å bruke ulike tiltak er viktig for å få flest mogeleg ungdomar ut i aktivitet. Nokre ungdomar kjem i aktivitet gjennom fylkeskommunale tiltak, som Hyssingen produksjonsskule, Gameplan, studiesenter og korte kompetansegivande kurs. I juni 2018 var 69 ungdomar i HFK-tiltak, 402 ungdomar i NAV-tiltak og 22 ungdomar i kombinasjonstiltak.

Det kan vere eit stort problem å få tak i alle i målgruppa. I grafen til høgre kan ein sjå at OT fangar opp stadig fleire av desse og at talet på ukjente har gått ned frå 198 i 2016 til 121 i 2018. OT står overfor utfordringar i arbeidet med å nå fram til ungdomane som er i ferd med å falla ut av opplæringssystemet, og det blir lagt ned mykje arbeid for å få kontakt med ungdomane under «ukjent aktivitet». Tidleg kontakt og gode tiltak er viktig førebyggande arbeid sett i eit folkehelseperspektiv. Koden «Ukjent aktivitet» betyr ikkje at OT ikkje veit kven ungdomane er. OT har både namn, alder, folkeregistrert adresse og det mobilnummeret ungdomane sjølv har oppgitt. Alle i målgruppa blir kontakta via brev (informasjonsbrev til føresette til ungdom under 18 år), tekstmelding og telefon.



Figur 10: Tal ungdomar i hovudgruppene, Hordaland. Kjelde: Udir.

Oppfølgingstenesta (OT) arbeider med og for ungdom som har rett til vidaregåande opplæring til og med det året dei fyller 21 år. Oppfølgingstenesta tar kontakt viss eleven eller lærlingen:

- *ikkje har søkt vidaregåande opplæring*
- *ikkje har teke imot tildelt elev- eller lærepass*
- *har avbrote opplæringa før ho er ferdig*
- *ikkje er i arbeid*
- *har tapt opplæringsretten som følgje av vedtak om bortvising for resten av skuleåret eller heving av lærekontrakt/oppærerinaskontrakt*

Sommarskulen 2018

Matematikk er eit krevjande fag for mange. I matematikk 1P-Y fekk 131 elevar (5 %) karakteren 1 i standpunkt i 2017/18. Det same gjorde 46 elevar (3 %) i 1P, 53 elevar (6 %) i 2P-Y og 52 elevar (4 %) i matematikk 2P. Sommarskulen er eit tiltak for elevar som har fått stryk, eller som står i fare for å få stryk i blant anna matematikk. Hordaland fylkeskommune arrangerer, i samarbeid med Røde Kors, kurs i matematikk for studiespesialiserande og yrkesfag, samt i norsk og engelsk for minoritetsspråklege.

Sommaren 2018 var det 162 elevar og lærlingar som deltok på sommarskulen. Ved å delta på sommarskulen får elevane fokusere på eit fag i 14 dagar med tett oppfølging frå faglærarar. Mange elevar ved sommarskulen opplever auka motivasjon og meistring i eit fag dei har hatt utfordringar i gjennom skuleåret. På den måten kan elevane bli betre rusta for læringsarbeidet i skuleåret som ventar dei.

	2016	2017	2018
Deltakarar	160	158	162
Deltakarar som tok eksamen i matematikk 1P-Y	52	48	60
Bestått	23 (44 %)	28 (58 %)	29 (48 %)

Tabell 18: Resultat for sommarskulen 2018. Kjelde: Opplæringsavdelinga.

Overgang til lære


Ei av dei største utfordringane i vidaregåande opplæring er å få fleire til å fullføre med fag- eller sveinebrev. Det er fleire utfordringar knytte til dette. For det første er det ikkje alltid samanheng mellom det elevane søker og arbeidslivet sitt behov. For det andre er det ikkje alltid samsvar mellom det kompetansebehovet ulike deler av arbeidslivet rapporterer om på eit tidspunkt og den arbeidskrafa dei etterspør seinare. Det er bransjar og yrke som ikkje får tilstrekkeleg med kompetent arbeidskraft, medan det på andre område er populære fag der konkurransen om lærlingplassane er stor.

Tal frå Udir seier at i Hordaland hadde 37 % av yrkesfagelevane direkte overgang frå Vg2 og til lærepllass. I *Samfunnskontrakt for flere læreplasser* (2016-2020) er det et mål om at alle kvalifiserte søkerar skal få tilbod om lærepllass. Dei siste åra har delen søkerar som har fått godkjent lærekontrakt innan utgangen av året vore på rundt 70 prosent nasjonalt, medan i 2017 var talet auka til 72 %. For Hordaland var talet 71 % i 2017, ein auke på 3 prosentpoeng frå førre år. Nasjonale analyser frå Udir viser at ein stor del av dei som

ikkje får lærekontrakt, er i annan vidaregåande opplæring. Det er også ein del som får godkjent lærekontrakt ved eit seinare tidspunkt. Stadig fleire søkerar lærer i læreplass.

Overgangen til lære har stort fokus i Hordaland, og det blir arbeidd for å utvikle stadig tettare band mellom skule, lærebedrift og opplæringskontor. Prosjektet «*Auka gjennomføring – fleire ut i lære*» har som mål å få fleire elevar ut i lære ved å bygge strukturar for ei heilskapleg yrkesfagleg utdanning der ein er mindre avhengig av einskildpersonar når det kjem til kontakten mellom skule, arbeidsliv og opplæringskontor.

I juni 2017 blei det tilsett fem yrkesfaglege koordinatorar på dei vidaregåande skulane Stord, Slåtthaug, Sotra, Årstad og Voss. Dei fem koordinatorane samarbeider tett med rektor, avdelingsleiarar, lærarar og elevtenesta på dei utvalde skulane. Målet er å få på plass varige strukturar og arbeidsmåtar som kan overførast til andre skular i fylket.



Overgang frå yrkesfagleg Vg2 2016/17 – status skuleåret 2017/18

Status skuleåret 2017/18 for dei som gjekk vg2 yrkesfag 2016/17


Utdanningsprogram	Lære	Alternativ Vg3 i skule	Vg3 yrkesfag	Påbygg	Omval	Ikkje i opplæring
BA	67,0 %	0,0 %	1,4 %	11,9 %	8,5 %	11,2 %
DH	22,4 %	13,1 %	15,0 %	18,7 %	12,1 %	18,7 %
EL	34,8 %	8,5 %	21,4 %	18,8 %	6,1 %	10,3 %
HO	23,0 %	0,0 %	4,3 %	51,1 %	11,2 %	10,3 %
MK (Y)	2,0 %	0,0 %	28,9 %	60,5 %	0,7 %	7,9 %
NA	32,9 %	0,0 %	10,1 %	38,9 %	4,7 %	13,4 %
RM	44,0 %	0,0 %	0,0 %	7,8 %	22,4 %	25,9 %
SS	33,6 %	1,2 %	7,9 %	29,0 %	7,9 %	20,3 %
TIP	55,1 %	6,8 %	2,3 %	11,7 %	12,0 %	12,2 %
Snitt	37,9 %	3,5 %	8,4 %	27,9 %	9,6 %	12,6 %

Tabell 19: Overgang frå yrkesfagleg Vg2 i Hordaland, per utdanningsprogram. Kjelde: Hjernen&Hjertet.

Tabellen over viser status per 20. oktober skuleåret 2017/18 for dei elevane som gjekk på Vg2 yrkesfag året før. Merk at det er mogeleg å få lærekontrakt etter denne dato, noko som vil påverke statistikken. Nokre utdanningsprogram har større tradisjon for å ta påbygg – til dømes HO, då mange av desse planlegg å gå vidare på høgskule eller universitet. Tabellen viser at 37,9 % av elevane hadde fått læreplass og at 12,6 % ikkje var i nokon form for opplæring. Tilsvarande målepunkt i fjar viste at 34 % var i lære og 15 % ikkje var i nokon form for opplæring. Ein kan sjå store skilnader på dei ulike utdanningsprogramma og ulike yrkesfag sin historikk og tilknyting til fagtradisjonar viktige element for å forstå og forklare gjennomføringsgrad og grad av overgang til lære for ulike utdanningsprogram.

Det er ein samanheng mellom grunnskulekarakter og status etter yrkesfagleg Vg2. For den elevgruppa som har høgast grunnskulepoeng (frå 60 – 50), går dei fleste over til påbygg. Vidare er det i all hovudsak dei med lågast inntakspoeng (30 eller lågare) som tek omval eller som ikkje er i lære eller opplæring etter Vg2. Samstundes er det viktig å påpeika at under 4 % ligg i den øvre grunnskulesjiktet og 16 % ligg i det nedre. Om lag 80% av elevane ligg altså mellom desse to ytterpunktene i grunnskulepoeng.

Nasjonale tal¹¹ viser at søkerar som får lære plass har i snitt betre karakterar og lågare fråvær enn søkerar som ikkje får kontrakt. Dei som får lærekontrakt har i snitt fire prosent fråvær, medan søkerar utan kontrakt i snitt har åtte prosent fråvær (tal frå for 2016 og 2017). Dei som ikkje får kontrakt har altså vore borte frå skulen nesten dobbelt så mykje som dei som får kontrakt. Tendensen til at gode karakterar og lågt fråvær aukar sjansen for å få lære plass ser vi i samlede utdanningsprogram. Det er likevel skilnader i kor stor betydning karakterar og fråvær ser ut til å ha for dei ulike utdanningsprogramma.



Figur 11: Status etter yrkesfagleg vg2 etter grunnskulepoeng. Kjelde: Hjernen&Hjertet.

¹¹ <https://www.udir.no/tall-og-forskning/statistikk/statistikk-fag--og-yrkesopplaring/hvordan-pavirker-karakterer-og-fravar-muligheten-til-a-fa-lareplass/>



Læringsmiljø



Elevundersøkinga viser at yrkesfagelevane er meir nøgde med vurdering for læring, støtte frå lærarane, felles reglar og relevant og variert opplæring enn elevane på studieførebuande. I snitt melder 4,5 % av elevane at dei på ein eller annan måte blir mobba på skulen 2-3 gonger i månaden eller oftare. Talet i fjor var 4,7 %.

Samandrag

At elevar og lærlingar kjenner seg som ein del av eit inkluderande fellesskap, er avgjerande for både personleg utvikling og læring. Hordaland fylkeskommune har fokus på arbeidet med å sikre eit trygt og godt miljø for elevar og lærlingar. Det blir arbeidd systematisk for å auke kompetansen på alle nivå i organisasjonen.

Eit trygt og helsefremjande skulemiljø er avgjerande for læringsutbytte til elevane. Styringsdokumentet for det pedagogiske utviklingsarbeidet for skulane fastset at skulane i det daglege arbeidet skal leggje til rette for at alle elevar kan utvikle tru på eigne ferdigheter, oppleve fagleg meistring og ha eit godt forhold til andre elevar og lærarar på skulen.

I 2017 blei det stilt endå tydelegare krav til skulane si oppfølging av elevane sine rettar til eit godt psykososialt miljø gjennom endringar i opplæringslova kapittel 9A. Endringane skal betre sikre elevane sitt skulemiljø med eit meir effektivt regelverk mot mobbing og ei betre handheving av reglane. I samband med lovendringa har HFK utarbeidd lokale retningslinjer og rutinar for korleis skulane skal sikre at krava blir oppfylte.

Skuleåret 2017/18 blei det i tillegg sett i verk ulike andre tiltak for å fremje eit trygt og godt læringsmiljø. Til dømes sett den årlege skulemiljøkonferansen skulemiljøet på dagsorden, retningslinjene for rusførebyggande arbeid blei revidert og det blei gjennomført ei kursrekke om demokratisk danning og inkludering i skulen.

Lærlingar og lærekandidatar skal oppleve eit trygt arbeids- og læringsmiljø. Mobbeombodet, elev- og lærlingombodet og fagopplæringskontoret har samarbeidd om å utarbeida *Handlingsplan mot trakkassering/mobbing av lærlingar og lærekandidatar*. Bakgrunnen for planen er siste års lærlingundersøkingar, som viser at trakkassering og mobbing er eit problem for ein del lærlingar/lærekandidatar.

Det er avgjerande å ha eit godt kunnskapsgrunnlag om skulemiljøet for elevane og arbeidsmiljøet for lærlingar for å kunne setje inn tiltak der det trengst. Elevundersøkinga, voksenundersøkinga og lærlingundersøkinga er alle gode kjelder for å få kunnskap om korleis elevane, dei vaksne og lærlingane har det. I tillegg får ein god og utfyllande informasjon frå Ungdata. Alle desse ulike kjeldene blir nytta i arbeidet med å fremje eit trygt og godt skulemiljø.

Elevundersøkinga

Elevundersøkinga er ei årleg undersøking der elevar får gi si mening om læring og trivsel i skulen. Undersøkinga er berre obligatorisk å gjennomføre på Vg1, men verktøyet blir i stor grad nytta på alle trinn som grunnlag for kvalitetsoppfølging. Resultata frå elevundersøkinga ligg offentleg på Udir sine sider, men då berre for Vg1. Denne rapporten viser resultat frå alle trinn, og vil difor avvike frå Udir sine offentlege tal.

Resultat som kjem fram i elevundersøkinga er éi av fleire informasjonskjelder som skulen har til rådvelde i sitt breie kunnskapsgrunnlag. Skuleleiinga er ansvarleg for å legge opp til gode prosessar som inkluderer lærarar og elevar i skulen

sitt systematiske kvalitetsarbeid. Dei overordna resultata for Hordaland fylkeskommune viser at det er skilnader mellom studieførebuande og yrkesfag når det gjeld elevane si tilbakemelding på til dømes *vurdering for læring, støtte frå lærarane, felles reglar og relevant og variert opplæring*. Elevane på yrkesfag er jamt over meir nøgde på desse områda.

Nedanfor kan ein sjå resultata frå elevundersøkinga skuleåret 2017/18. Høg verdi betyr positivt resultat. Beste gjennomsnittsverdi er 5. Indikatoren «Mobba på skulen» går frå 0-100 og viser del prosent elevar som rapporterer at dei har opplevd å bli mobba.

	ID	KDA	MK	MDD	ST	Pb	BA	DH	EL	HO	MK (Y)	NA	RM	SS	TIP	Snitt
Motivasjon	3,6	3,2	3,2	3,5	3,5	3,4	3,7	3,8	3,8	3,6	3,0	3,8	3,6	3,5	3,9	3,6
Mestring	4,0	3,7	3,7	3,9	4,0	3,8	3,9	3,9	3,9	3,9	3,9	4,0	3,8	3,8	4,0	3,9
Trivsel	4,4	4,1	3,9	4,3	4,2	4,0	4,2	4,1	4,3	4,1	3,7	4,3	4,1	4,0	4,3	4,2
Støtte frå lærarane	4,0	3,9	3,7	3,9	3,9	3,9	4,0	4,2	4,1	4,1	4,1	4,1	4,0	3,9	4,2	4,0
Felles regler	4,1	3,8	3,6	3,8	3,8	3,7	3,9	3,9	4,0	4,0	3,7	4,0	3,9	3,8	4,0	3,9
Læringskultur	3,8	3,8	3,3	3,7	3,9	3,8	3,6	4,0	3,8	4,0	3,7	4,0	3,7	3,6	3,9	3,8
Vurdering for læring	3,3	2,9	3,0	3,0	3,1	3,1	3,4	3,5	3,5	3,4	3,3	3,3	3,4	3,4	3,6	3,2
Utdanning og yrkesrettleiring	3,6	2,7	3,1	3,4	3,4	3,3	4,1	4,0	3,9	3,9	3,3	4,0	3,9	3,6	4,1	3,5
Støtte heimanfrå	4,0	3,3	3,5	3,7	3,8	3,5	3,8	3,8	3,8	3,8	3,1	3,9	3,8	3,5	3,8	3,8
Fagleg utfordring	4,4	4,2	4,1	4,4	4,4	4,3	4,1	4,3	4,2	4,3	4,3	4,3	3,9	4,0	4,2	4,3
Elevdemokrati og medverknad	3,5	3,3	3,2	3,2	3,3	3,3	3,4	3,4	3,5	3,7	3,3	3,5	3,5	3,4	3,6	3,4
Mobba på skulen	3,8	1,7	6,0	4,1	3,7	3,2	7,2	1,6	5,2	4,2	5,7	4,3	13,2	5,0	7,0	4,5
Fysisk læringsmiljø	3,3	3,3	3,3	3,2	3,3	2,8	3,1	3,4	3,2	3,1	3,2	3,7	3,1	3,2	3,3	3,2
Innsats	3,8	3,6	3,3	3,7	3,8	3,7	3,7	3,9	3,8	3,8	3,5	3,8	3,7	3,6	3,8	3,8
Relevant opplæring	3,5	3,0	3,0	3,4	3,3	3,2	3,8	3,9	3,9	4,0	2,7	3,8	3,8	3,6	4,0	3,5
Variert opplæring	3,6	3,4	3,4	3,4	3,5	3,6	3,8	3,9	3,9	3,9	3,3	3,9	3,8	3,8	4,0	3,7
Praktisk opplæring	3,1	3,1	3,0	3,0	2,9	2,7	3,2	3,5	3,7	3,5	2,9	3,2	3,1	3,1	3,6	3,1

Tabell 20: Resultat elevundersøkinga 2017/18, fordelt på utdanningsprogram. Kjelde: Hjernen&Hjertet.

Fargekodar i elevundersøkinga:

Resultata frå elevundersøkinga blir importert inn til programmet Hjernen og Hjertet. Der får indikatorane ulike fargekodar med ulike grenseverdiar. Fargeskalaen går frå rød, oransje, gul, grønt og mørkegrønt, og grensa mellom gul og grønt tilsvrarar tilfredsstillande kvalitet. Grenseverdiane på mobbeindikatoren på elevundersøkinga baserer seg på prosentdel avvik frå landsgjennomsnitt, medan lærlingundersøkinga baserer seg på fylkessnittet og har difor ulike grenseverdiar. Grenseverdiane er utvikla av Rambøll, NTNU og ei arbeidsgruppe frå ulike fylkeskommunar.

Retten til eit trygt og godt skulemiljø

I 2017 blei det gjort endringar i opplæringslova kapittel 9A om elevane sitt skulemiljø. Målet med dei nye reglane er å sikre eit meir effektivt regelverk mot mobbing og ei betre handheving av reglane. Reglane gjeld for grunnskulen og den vidaregåande skulen.

Nokre av dei viktigaste endringane er at det er lovfesta krav om at skulen skal ha nulltoleranse mot krenking som mobbing, vald, diskriminering og trakassering. Elevane har ein individuell rett til eit trygt og godt skulemiljø.

I nye kapittel 9A i opplæringslova er det eit tydelegare krav til aktivitetsplikt for skulen. Skulen skal følge med, gripe inn, varsle, undersøke, og sette inn tiltak. Dette gjeld for alle som arbeider ved skulen. I tilfelle der det er snakk om tilsette som mobbar elevar, ligg det føre ei skjerpa plikt for skulen.

Skulen har plikt til å sette inn tiltak så lenge eleven opplever at han eller ho ikkje har eit trygt og godt skulemiljø. Skulen skal dokumentere korleis dei oppfyller aktivitetsplikta. Det betyr at skulen må lage ein aktivitetsplan når det blir sett inn tiltak. Planen må beskrive kva problem tiltaket skal løyse, kva tiltak som skal bli sett inn, når tiltaka skal gjennomførast, kven som har ansvar for å gjennomføre tiltaka og når tiltaka skal evaluerast.

Mobbing i skulen

Elevundersøkinga er ei av dei viktigaste kjeldene til kunnskap om elevane sitt læringsmiljø. Dei aller fleste elevane i Hordaland trivst på skulen. Mange av elevane opplever at det er eit trygt miljø på skulen og at dei har nokon å snakke med om det er noko som plagar dei. Samtidig er det også elevar som ikkje opplever miljøet slik.

Mobbing kan definerst på mange måtar og på Skulemiljøkonferansen i 2017 definerte Ingrid Lund, professor ved UiA, at mobbing er handlingar som «*hindrer opplevelsen av å høre til, å være en betydningsfull person i fellesskapet, og muligheten til medvirkning*». Folkehelseinstituttet lister opp ei rekke negative konsekvenser ved mobbing¹²:

- Risiko for å utvikle psykiske problem er ofte dobbelt så høg eller meir enn dobbelt

så høg blant mobbeoffer enn blant dei som ikkje har blitt mobba.

- Dei psykiske problema viser seg i form av plager som til dømes depressivitet, angst, låg sjølvkjensle, einsemd, sjølvormstdankar, psykotiske symptom og psykosomatiske plager.
- Ungdom som i skulealderen mobbar andre, har auka risiko for ein seinare antisosial eller kriminell utvikling.
- Konsekvensane er størst når mobbinga er systematisk og langvarig.

I samband med lovendringa av kapittel 9A der det blei lovfesta krav om at skulen skal ha nulltoleranse mot krenking som mobbing, vald, diskriminering og trakassering, har HFK utarbeidd lokale retningslinjer og rutinar for korleis skulane skal sikre at krava blir oppfylt. Det er mellom anna eit krav at alvorlege saker skal meldast til opplæringsavdelinga umiddelbart. I tillegg vil opplæringsavdelinga ta gongar årleg utarbeide ei samla oversikt over aktivitetsplanar i fylket og på grunnlag av stikkprøver vurdere innhaldet i aktivitetsplanane i dialog med mobbeombodet og elev- og lærlingombodet. Skuleeigar har også utarbeidd rutine for tilsyn i tilfelle der det blir vurdert at det er naudsynt.

Skulane sitt arbeid med å sikre eit trygt og godt skulemiljø blir også følgt opp gjennom skulebesøk som del av kvalitetsoppfølginga av skulane. Ved skulebesøka er alltid mobbing eit viktig tema, og ein går då gjennom korleis skulane har arbeidd med mobbing, kva elevresultata viser og korleis skulen har tenkt å jobbe vidare.

Mobbeombodet i Hordaland skal bidra til at elevar og lærlingar i vidaregåande opplæring får ivaretatt rettane sine til eit godt læringsmiljø. Mobbeombodet er ikkje ein sakshandsamar, men ein pådrivar og rettleiar i mobbesaker. I følgje evaluatingsrapporten¹³ opplever tilsette å ha fått meir kunnskap om mobbing og handtering av mobbesaker. Mobbeombodet har jobba med kompetanseheving gjennom å halde innlegg på skular og på fylkeskommunale samlingar.

¹² <https://www.fhi.no/fp/barn-og-unge/oppvekst/fakta-om-mobbing-blant-barn-og-unge/>

¹³ Evaluering av prøveordninga for mobbeombod i Hordaland 2015-2017 AUD-rapport nr. 04-17: <https://www.hordaland.no/globalassets/for-hfk/rapportar-og-statistikk/aud-rapportar/2017/aud-rapport-04-17-evaluering-av-prøveordninga-med-mobbeombod-i-hordaland-2015-2017.pdf>

Resultat frå elevundersøkinga

Dei fleste elevar trivst på skulen. 86,3 % av elevane svarar et dei trivst godt, eller særslig godt. 82,2 % svarar at alle, eller dei fleste lærarane behandler dei med respekt. Samstundes er det nokon som i mindre grad opplever trivsel på skulen. I snitt seier 4,5 % av elevane at dei på ein eller annan måte blir mobba på skulen 2-3 gonger i månaden eller oftare. Talet i fjor var 4,7 %¹⁴. Det er større variasjon på mobbetala mellom utdanningsprogram, enn mellom skular.

5,7 % av dei som går på yrkesfag melder at dei blir mobba på skulen

Indikatoren *mobba på skulen* viser prosent elevar som rapporterer at dei i ein eller annen kombinasjon er mobba av medelevar, digitalt mobba av nokon på skulen eller mobba av vaksne på skulen 2-3 gonger i månaden eller oftare.

Merk: Dette skil seg frå dei andre spørsmåla i elevundersøkinga som går frå 1-5, der høg verdi er positivt resultat. Spørsmåla om mobbing har ein skala som går frå 0-100 og indikatoren viser del prosent elevar som opplever mobbing 2-3 gongar i månaden eller oftare. Beste resultat er 0

Resultat på mobbespørsmål – fordelt på utdanningsprogram.

	ID	KDA	MK	MDD	ST	Pb	BA	DH	EL	HO	MK (Y)	NA	RM	SS	TIP	Snitt
Mobba på skulen	3,8	1,7	6	4,1	3,7	3,2	7,2	1,6	5,2	4,2	5,7	4,3	13,2	5	7,0	4,5
Er du blitt mobba av andre elevar på skulen dei siste månadene?	2,2	0,0	3,6	1,7	2,0	1,9	4,2	1,7	2,8	3,2	0,0	3,3	7,6	1,5	4,5	2,6
Er du blitt mobba digitalt (mobil, iPad, PC) dei siste månadene?	0,3	1,7	1,8	0,0	0,9	1,0	2,4	2,5	1,2	2	0,0	1,9	3,8	1,5	3,0	1,4
Er du blitt mobba av vaksne på skulen dei siste månadene?	1,8	1,9	3,4	2,8	2,2	1,6	4,5	0,0	3,7	1,4	6,5	1,6	8,1	3,6	4,0	2,5

Tabell 21: Resultat på mobbespørsmål i elevundersøkinga 2017/18. Kjelde: Udir.

Mobbing i vaksenopplæringa

I 2017/18 innførte vaksenopplæringa bruken av Udir si vaksenopplæringsundersøking. Undersøkinga tar for seg blant anna trivsel, støtte frå lærarane, arbeidstilhøve, mobbing og vurdering for læring. Dei fem vaksenopplæringssentra gjennom-

førte undersøkinga våren 2018 og resultata blir gjennomgått av skulen og nytta i skulebesøka. Over 600 vaksne svarte på undersøkinga. Spørsmåla knytt til mobbing og arbeidsmiljø viste at svært få gav tilbakemeldingar om negative opplevingar i vaksenopplæringa. Snittet går frå 1-5, der høg verdi er positivt resultat.

Resultat vaksenundersøkinga 2017/18

	Snitt
Er du blitt mobba i vaksenopplæringa dei siste månadene?	4,9
Eg verdt halden utanfor	4,8
Nokon har spreidd løgner om meg	4,9
Nokon har trua meg	5,0
Eg har blitt diskriminert	5,0

Tabell 22: Resultat for utvalte spørsmål i vaksenundersøkinga for Hordaland. Kjelde: Udir.

¹⁴ Frå og med skuleåret 2016/17 var spørsmåla om mobbing i elevundersøkinga endra. Endringa gjer at ein ikkje kan samanlikne tala frå før denne endringa kom.

Arbeid med skulemiljø

Fleire år med kunnskapsbasert forsking har vore med på å syne verdien av at elevar og lærlingar kjenner seg som viktige personar i ein fellesskap, og at dette er avgjerande for både liv, personleg utvikling og læring. Det er etter kvart blitt lettare å snakke om utanforskap, og om sårbarheit ein kan oppleve når ein kjenner seg annleis enn andre. Hordaland fylkeskommune arbeider med førebygging av utanforskap på fleire arenaer:

Skulemiljøkonferansen

Skulemiljøkonferansen tematiserer kvar haust aktuelle og sentrale saker for skulane og opplæringa. Denne konferansen er den viktigaste samlinga for skulane med omsyn til felles fokus og retning på arbeidet med skulemiljøet. Skuleleiinga og elevrådsstyret jobbar saman på sjølve konferansen og planlegg vidare arbeid på skulen. I september 2017 var tema haldningar, kunnskap og handlingar i arbeidet mot mobbing. Verdien av bevisstgjering om haldningar og handlingar og auka kunnskap gjeld i alle delar av organisasjonen. Skulemiljøkonferansen skal bygge opp under måla i temaplanen *Likeverd i Hordaland fylkeskommune* som blei vedtatt i fylkestinget i juni 2017.

På konferansen i 2017 blei også følgjande tema tatt opp:

- Rusførebygging på skulane – erfaringsdeling
- Ungdataundersøkinga
- Opplæringslova § 9A
- Korleis få ned mobbetala på yrkesfag
- Nettvett – invitasjon til elevar om prosjektdeltaking

Rusførebygging

Skuleåret 2017/18 blei retningslinjer i det rusførebyggjande arbeidet revidert. Skulane fekk nye rutiner for arbeidet, og ein rettleiar for elevar, foreldre og alle tilsette på skulen. Rettleiaren har eit godt tilfang av ressursar.

Hovudmålet for det rusførebyggande arbeidet er

- å skape eit trygt og inkluderande miljø gjennom positive tiltak der alle elevane blir sett og tatt vare på

- å hjelpe og støtte elevar med bekymringsfull rusbruk til å kome seg ut av ein vanskeleg situasjon slik at dei kan fullføre utdanninga si

Rettleiaren er tufta på ei haldning om at bekymringsfull rusbruk er eit helseproblem meir enn eit åtferdsproblem. Den inneholder mykje informasjon om samarbeid med elevane, foreldra og ulike samarbeidspartar i kommunen, som til dømes:

- Skulehelsetenesta
- SLT (samordna lokale rus- og kriminalitetsførebyggande tiltak)
- KoRus Vest
- Antidoping Norge

Demokratisk beredskap - førebygging av radikalisering og valdeleg ekstremisme

Utanforskap er eit omgrep som ofte nyttast for å forklare kvifor unge menneske kan søkje mot ekstreme og destruktive miljø. *Handlingsplan for førebygging av radikalisering og valdeleg ekstremisme 2017-2020* inneholder tiltak som omfattar kunnskaps- og kompetansebygging, samarbeid og førebygging. Ein eigen rettleiar for arbeidet i Hordaland fylkeskommune er utarbeidd i skuleåret 2017/18. Mykje av innsatsen skjer i samarbeid med andre aktørar. Særleg viktige er følgjande tre tiltak:

- **Kursrekke om demokratisk danning og inkludering i skulen:** Tema som førebygging av utanforskap og valdeleg ekstremisme for lærarar og andre tilsette i skulen. Kursrekka blei gjennomført i november 2017 for tredje gong.
- **Dembra:** Demokratisk beredskap mot rasisme, antisemittisme og udemokratiske haldningar. Eit skuleomfattande kompetanseutviklingsprosjekt med førebudd pilotering i vidaregåande skular gjennom 2017/18. Oppstart august 2018.
- **Utøya:** Trening for lærarar og skuleleiarar i undervisning om kontroversielle temaer. Fleire skular deltok i 2017/18.

Skulefrukost

Skuleåret 2017/18 fekk 21 av dei vidaregåande skulane tildelt tilskot til gratis skulefrukost. Dei fleste skulane har hatt gode erfaringar og er nøgde med ordninga. Vidare blir det understreka frå mange skular at det er eit positivt tiltak for eit betre skolemiljø, ikkje minst fordi elevane ofte et saman på tvers av klassetrinn og utdanningsprogram. Fleire av skulane har gjennomført undersøkingar blant elevane, og desse viser at majoriteten av elevane er svært nøgde med ordninga. Elevråda gir positiv tilbakemelding. Lærarar melder om at elevane dei første timane er rolegare og meir fokuserte etter at tilbodet om gratis frukost blei sett i verk. Skulane har lagt ned mykje arbeid for å gjennomføre tiltaket.

Fylkestinget vedtok ei utviding av tilskot til gratis skulefrukost for budsjettåret 2018 til kr 6 500 000. 32 skular har søkt og fått tilskot.

Ungdata

Ungdata er eit viktig kartleggingsverktøy til bruk i det førebyggande folkehelsearbeidet. I 2017 var det 21 skular som gjennomførte undersøkinga og det er ønskjeleg at flest mogeleg skular har gjennomført undersøkinga innan 2019. Opplæringsavdelinga og regionalavdelinga samarbeider med KoRus Vest i planlegging, gjennomføring og oppfølging av Ungdata. For dei vidaregåande skulane blir resultata brukt som ein del av kunnskapsgrunnlaget i skulen sitt kvalitetsarbeid.



Retten til eit godt arbeidsmiljø for lærlingar

For lærlingane gjeld arbeidsmiljøloven og ikkje oppli. § 9 A-1. Fagopplæringa jobbar med å sjå til at bedriftene har oppfølging av arbeidsmiljøet som ein del av internkontrollsystemet sitt. Målet er stadig forbetring av læringsmiljøet og at flest mogeleg fullfører opplæring i bedrift.

Den beste kjelda til informasjon om lærlingane sitt lærings- og arbeidsmiljø er den årlege lærlingundersøkinga. Resultata frå lærlingundersøkinga blir brukt av lærebedrifter, opplæringskontor og opplæringsavdelinga. I 2017/18 blei 2445 lærlingar

inviter til å delta. Av desse svarte 1715, som utgjer ein svarprosent på 70,1.

Tabellen under viser resultata for lærlingundersøkinga 2017/18. Merk at for MK, var det berre 6 lærlingar som svarte. Også her er det slik at dei generelle spørsmåla går frå 1-5, der høg verdi er positivt resultat. Spørsmåla om mobbing har ein annan skala som går frå 0 til 100 og indikatoren viser del prosent elevar som opplever mobbing 2-3 gongar i månaden eller oftare. Beste resultat er 0.

Lærlingundersøkinga 2017/18

Læringskrav	Medvirkning	Løpende faglig veiledning	Halvårs-samtalet	Trivsel	Mobbet på arbeids-plassen	Innslats og selvstendig-het	Skolen som forberedelse	Planmessig opplæring	Utstyr og hjelpemidler	Lærings-muligheter	HMS	Kunnskap om fag-/venneprofe	Oppfattede muligheter	
BA	3,9	3,2	3,8	2,6	4,3	2,3	4,2	3,3	3,7	4,1	3,5	4,0	3,4	4,0
DH	3,9	3,5	3,9	2,8	4,3	9,4	4,4	3,7	3,9	4,4	3,5	3,7	3,7	3,9
EL	3,9	3,4	3,8	2,6	4,5	4,7	4,3	3,3	3,8	4,1	3,6	4,1	3,6	3,6
HO	3,9	3,9	3,9	3,8	4,3	2,8	4,4	3,8	4,1	4,1	3,6	3,7	3,6	3,7
MK	3,4	2,7	3,4	2,0	3,7	0,0	4,3		2,4	4,1	2,8	2,7	1,9	3,0
NA	3,9	3,4	3,7	3,0	4,5	2,1	4,4	3,8	4,0	4,1	3,7	4,2	3,6	4,0
RM	3,9	3,3	3,9	2,7	4,4	4,9	4,2	3,5	3,8	4,3	3,6	3,9	3,4	3,9
SS	3,8	3,5	3,7	2,9	4,2	5,8	4,3	3,5	3,8	4,2	3,5	3,8	3,5	3,5
TIP	4,0	3,3	3,8	2,8	4,3	6,3	4,2	3,5	3,9	4,2	3,6	4,2	3,5	3,4

Tabell 23. Resultat lærlingundersøkinga 2017/18. Kjelde: Hjernen&Hjertet.

Mobbing i bedrift

Den indikatoren som skil seg ut mest negativt er *mobba på arbeidsplassen*. Undersøkinga viser at 4,4 % av lærlingane svarer at dei har blitt mobba på arbeidsplassen dei siste månadene. Talet i fjar var 3,5 %. Merk at i lærlingundersøkinga er det andre grenseverdiar for fargekoding enn elevundersøkinga. Grenseverdiane for elevundersøkinga baserer seg på prosentvis avvik frå landsgjennomsnitt, medan lærlingundersøkinga baserer seg på prosentvis avvik frå fylkesgjennomsnittet.

Er du blitt mobba på arbeidsplassen dei siste månadene?

	2015/16	2016/17	2017/18
Bygg- og anleggsteknikk	7,0	5,4	2,3
Design og handverk	4,7	5,3	9,4
Elektrofag	2,8	3,2	4,7
Helse- og oppvekstfag	4	2	2,8
Medium- og kommunikasjon	0,0	0,0	
Naturbruk	3,8	3,4	2,1
Resaurant og matfag	4,5	7,4	4,9
Service og samferdsle	0	0,8	5,8
Teknikk og industriell produksjon	2,9	2,9	6,3
Gjennomsnitt	3,7	3,5	4,4

Tabell 24: Resultat for mobbespørsmål i lærlingundersøkinga. Kjelde: Hjernen&Hjertet.

Når det gjeld arbeidsmiljøet til lærlingane, melder Elev- og lærlingombodet¹⁵ følgjande:

Fleire tidlegare lærlingar har behov for å fortelje om opplevingar av eit därleg læremiljø i tidlegare lærebedrift, med ynskje om at kommande lærlingar ikkje skal oppleve det same. Ei utfordring har vore at mange av desse personane har eit ynskje om å vere anonym, og det har ikkje vore eit fungerande system for å registrere tilbakemeldingar til fagopplæringskontoret om bedrifter som ikkje har følt pliktene sine som lærebedrift. Fleire lærlingar og tidlegare lærlingar har funne mot til å seie ifrå om manglar i deira vidaregåande opplæring, og denne informasjonen må takast på alvor. Det må vera kanalar for å varsle om manglande opplæring og därleg læremiljø, også anonymt. Informasjonen bør registrerast, systematiserast og undersøkast, for så å og ta den med i det vidare arbeidet med å sikre alle lærlingar eit godt læremiljø.

Handlingsplan mot trakassering/mobbing av lærlingar og lærekandidatar

Lærlingar og lærekandidatar skal oppleve eit trygt arbeids- og læringsmiljø. Mobbeombodet, elev- og lærlingombodet og fagopplæringskontoret har samarbeidd om å utarbeida *Handlingsplan mot*

trakassering/mobbing av lærlingar og lærekandidatar.

Bakgrunnen for planen er siste års lærlingundersøkingar, som viser at ein del lærlingar/lærekandidatar opplever trakassering og mobbing. Opplæringsavdelinga skal følgje opp at krava i arbeidsmiljølova blir oppfylt.

Føremålet med planen er å førebygge, fange opp, og stoppe trakassering og mobbing. Prosedyrane for handtering av trakassering/mobbing ser ut til å fungere etter intensjonen så langt. Siste året har det ikkje vore så mange mobbesaker, og ein må difor samle noko meir erfaring før ein kan konkludere.

For å følgje opp tiltaka i planen har fagopplæringskontoret oppnemnt to rådgjevarar med god kompetanse i slike spørsmål. Desse skal delta i ei tverrfagleg læringsmiljøgruppe. Det har vore arbeidd med ulike informasjonstiltak overfor lærlingane, og temaet er drøfta i dialogmøta med opplæringskontor og lærebedrifter dette året. Bedriftene har arbeidsgivaransvar for lærlingane, og pliktar å sette i gong tiltak for å førebyggje og handtere mobbing.

¹⁵ <https://www.hordaland.no/globalassets/for-hfk/utdanning2/vg-skole/filer/arsrapport-2017-elev--og-larlingombod.pdf>

Skulevise resultat

Om å lese dei skulevise resultata

I år blir det presentert resultat for kvar skule. Ved å samle resultata i skulevise rapportar gir det i større grad høve til å sjå resultata for den einskilde skule i samanheng.

Opplæringslova § 13-10 seiar at den årlege rapporten om tilstanden i den vidaregåande opplæringa skal ha fokus på læringsresultat, fråfall og læringsmiljø. Skulerapportane viser grunnskulepoeng og karakterresultat for dei ulike utdanningsprogramma på skulen, samt oversyn over kor mange som fullfører og består. Vidare er det ei oversikt over resultata for elevundersøkinga, fråværet dei siste åra, samt ei oversikt over korleis det gjekk med dei yrkesfaglege elevene som gjekk på Vg2 skuleåret 2016/17. Samla gjev dette ei godt bilet på viktige indikatorar i skulen. I lesarrettleiinga kan ein sjå korleis dei ulike indikatorane er rekna ut.

Ein slik statistikkoversikt vil ikkje vise alle sider av aktiviteten og det totale arbeidet på dei ulike skulane. Det å løfte svake elevar eller det å systematisk arbeide godt med spesialundervisning kjem ikkje nødvendigvis fram i skulestatistikken. Resultat som ligg under fylkessnittet kan i praksis være eit godt resultat for dei elevane det gjeld og eit produkt av godt og langsiktig arbeid. Det er derfor viktig å sjå på skuleoversikten med dette i tankane. Det er eit oversyn over kvantifiserbare størrelsar, og ikkje eit dekkande bilet av alle sider av skulen sitt kvalitetsarbeid.

Mobbeindikatorene i elevundersøkinga:

Det er fleire spørsmål om mobbing i elevundersøkinga. I indikatoren «Mobba på skulen» ser ein kor mange prosent av elevane som har opplevd mobbing 2-3 gangar i månaden ved å summere kor mange prosent av elevane som har svart at dei blir mobba «2 eller 3 gangar i månaden», «Omtrent 1 gang i veka» og «Fleire gangar i veka» på dei ulike spørsmåla.

Merk at elevundersøkinga er ei temperaturmåling for tilstanden der og då og betyr ikkje nødvendigvis at det er eit vedvarande problem for skulen. Skulane jobbar aktivt mot mobbing og resultata frå elevundersøkinga blir følgt opp lokalt og i skulebesøka.

Skulen sitt arbeid med kvalitetsutvikling

Under denne overskrifta har skulen sjølv kommentert korleis dei har arbeidd med kvalitetsutvikling siste skuleår.

Om datagrunnlaget

Talet på elevar er henta frå Udir. Alle andre data er henta ut frå analyseprogrammet Hjernen & Hjertet. Skulane sjølv registrerer all aktivitet i det skuleadministrative programmet Extens og frå Extens blir data overført og kvalitetssikra inn i den nasjonale databasen Vigo og vidare til Hjernen & Hjertet. Mange skular har eit svært variert aktivitetsmangfold på skulen og ikkje alle desse er med i statistikken. Både Udir og Hjernen og Hjertet filtrerer vekk dei som ikkje følgjer ordinære skuletilbod for dei med ungdomsrett.

LESARRETTLEIING

Grunnskulepoeng og karakterutvikling 2017/18, alle trinn

Denne tabellen viser elevane sitt karaktergrunnlag frå grunnskulen og gjennomsnittskarakter dei fekk skuleåret 2017/18. Grunnskulepoeng har påverknad på karakterresultat, gjennomføring og tal på sluttarar.

	Grunnskulepoeng		Karaktersnitt	
	Eksempelskule	HFK	Eksempelskule	HFK
ST	46,1	46,2	4,4	4,2
H	37,2	37,4	4,2	4,1
Total:	36,5	41,6	4,1	4,0

Grunnskulepoeng: Karakterpoengsum frå grunnskolen er basert på eleven sin karakterpoengsum frå grunnskulen, rekna ut frå eksamen og standpunktcharakterar. Elevane må ha gyldig karakter i minst halvparten av faga for å koma med i statistikken. Ikkje alle elevar har ein tilgjengeleg karakterpoengsum frå grunnskulen. Tala er eit snitt for alle trinn og fordelt på utdanningsprogram. Totalsummen er snittet for skulen og snittet for heile fylket (alle utdanningsprogram)

Karaktersnitt: Tabellen viser eit samla karaktersnitt for alle fag ein får karakterar i. Indikatoren inneheld ikkje halvårvurderingar. Samla karaktersnitt blir rekna ut som karakterpoengsum/10. Tala er eit snitt for alle trinn og fordelt på utdanningsprogram. Totalsummen er snittet for skulen og snittet for heile fylket (alle utdanningsprogram). Snittsummen må difor sjåast opp mot dei utdanningsprogramma den einskilde skulen har.


Fullført og bestått

Tabellen viser historikk over kor mange som fullfører og består innan gitt skuleår. HFK-snittet er for 2017/18. I nokre tilfelle manglar det data på nokre elevar, og prosentdelen går då ikkje opp til 100.

	2015/16	2016/17	2017/18	HFK
Fullført og bestått	93,4 %	89,4 %	95,5 %	83,5 %
Fullført og ikkje bestått	2,9 %	3,5 %	2,3 %	6,0 %
Manglar grunnlag	2,9 %	0 %	0 %	4,4 %
Alternativ opplæringsplan	0 %	0 %	0,8 %	0,2 %
Held på med utdanninga	0 %	0,7 %	0 %	1,8 %
Slutta	0,7 %	6,3 %	1,5 %	4,1 %

Forklaring på fullførtkodar: *Fullført og bestått:* Eleven har fullført og bestått alle fag inneverande skuleår. *Fullført og ikkje bestått:* Eleven har fullført utdanninga inneverande skuleår, men ikkje bestått alle fag (fått stryk i eitt eller fleire fag). *Manglar grunnlag:* Eleven har ikkje fullført heile utdanninga inneverande skuleåret, fordi eleven har fått IV (ikkje vurdering) i eitt eller fleire fag. *Alternativ opplæring:* Eleven har enkeltvedtak om spesialundervisning og individuell opplæringsplan. *Held på med utdanninga:* Eleven har ikkje fullført heile utdanninga inneverande skuleår, eller er deltidselev. *Slutta:* Eleven har slutta etter 1.10 og har ikkje begynt på ny skule eller nytt utdanningsprogram.

Fullført og bestått skuleåret 2017/18 – utdanningsprogram



Denne grafen viser fullføringskodar for 2017/18 fordelt på utdanningsprogram, samt snittet for skulen. Ulike utdanningsprogram har i snitt ulik grad av gjennomføring. Som hovudregel tar ein ikkje med elevar der sluttstatus er ukjent.

ELEVUNDERSØKINGA OG FRÅVÆR

	Eksempelskule			HFK
	2015/16	2016/17	2017/18	2017/18
Motivasjon	3,9	3,8	3,9	3,6
Mestring	4,0	3,9	4,0	3,9
Trivsel	4,4	4,3	4,4	4,2
Støtte frå lærerane	4,2	4,0	4,2	4,0
Felles regler	4,0	3,9	4,2	3,9
Læringskultur	3,9	3,9	4,0	3,8
Vurdering for læring	3,4	3,4	3,6	3,2
Utdanning og yrkesrettleiing	4,5	4,3	4,6	3,5
Støtte heimanfrå	3,9	3,8	3,9	3,8
Fagleg utfordring	4,2	4,1	4,2	4,3
Elevdemokrati og medverking	3,6	3,5	3,6	3,4
Mobba på skulen		4,5	4,5	4,5
Fysisk læringsmiljø			3,8	3,2
Innslats	3,9	3,9	3,9	3,8
Relevant opplæring	4,1	3,9	3,9	3,5
Variert opplæring	3,8	3,9	4,1	3,7
Praktisk opplæring	3,3	3,3	3,5	3,1

	Eksempelskule			HFK
	2015/16	2016/17	2017/18	2017/18
Fravær, dager	8,2	5,3	3,6	6,1
Fravær, timer	10,9	10,6	7,5	16,0
Totalfravær, prosent	5,5	3,1	2,6	5,2

Fråværstala syner gjennomsnitt for timar og dagar dei tre siste åra, alle trinn og alle utdanningsprogram. Totalfråvær er gjennomsnitt av summen av fråværstimar og fråværsdagar rekna om til fråværstimar, delt med tal årstimar for det einskilde utdanningsprogram. Ulike utdanningsprogram har tradisjonelt ulik grad av fråvær, og ein bør sjå på det fylkeskommunale snittet for dei ulike utdanningsprogramma for å kunne forstå totalbiletet ved skulen.

Tabellen til venstre viser resultata frå elevundersøkinga dei tre siste åra, samt fylkessnittet for 2017/18. Skalaen går frå 1-5, der høg verdi er positivt resultat. Skalaen på mobbeindikatoren går frå 0-100. Høg verdi her er eit negativt resultat. Dei ulike indikatorane har ulike grenseverdiar som gjev ulike fargekodar.

OVERGANGAR

Ovgang frå yrkesfagleg Vg2 2016/17– status skuleåret 2017/18


	Lære	Alternativ Vg3 i skule	Vg3 yrkesfag	Påbygg	Omval	Ikkje i opplæring
BA	72 %	0 %	0 %	17 %	0 %	11 %
EL	27 %	4 %	40 %	15 %	2 %	13 %
Snitt	36 %	2 %	18 %	30 %	2 %	12 %

Denne tabellen viser status 20. oktober skuleåret 2017/18 for dei elevane som gjekk på Vg2 yrkesfag året før. Overgangar måler gjennomstrøyming i vidaregåande opplæring. Overgangar er nært knytt til gjennomførings- og fråfallsproblematikken. Merk at det er mogeleg å få lærekontreakt heile året, noko som fører til at prosentdelen av dei som går ut i lære blir større og prosentdelen av dei som ikkje er i opplæring går ned.

SKULEN SITT ARBEID MED KVALITETSUTVIKLING SKULEÅRET 2017/18

Kort oppsummering frå skulane





Eleven i sentrum

Elevar: 994

Utdanningstilbod

- Medium og kommunikasjon
- Påbygg til generell studiekompetanse
- Service og samferdsel
- Studiespesialisering

Særlege tilbod:

- Tilrettelagt opplæring i eigne grupper
- Inntil 15 elevplassar for studiespesialisande ved St.David's High School, Dalkeith

Adresse:

Lungegårdskaien 40,
5020 Bergen

Post.amv@hfk.no

AMALIE SKRAM VIDEREGÅENDE SKOLE

KARAKTERGRUNNLAG, UTVIKLING OG GJENNOMFØRING


Grunnskulepoeng og karakterutvikling 2017/18, alle trinn

	Grunnskulepoeng		Karaktersnitt	
	Amalie Skram	HFK	Amalie Skram	HFK
MK	44,1	39,8	3,7	3,5
ST	51,2	46,2	4,8	4,2
Pb3	40,2	37,4	4,0	3,5
SS	35,6	33,7	3,7	3,6
Total:	48,4	41,6	4,5	4,0

Fullført og bestått

	2015/16	2016/17	2017/18	HFK
Fullført og bestått	88,2 %	92,4 %	94,1 %	83,5 %
Fullført og ikke bestått	3,3 %	0,9 %	1,8 %	6,0 %
Mangler grunnlag	6,6 %	3,1 %	2,5 %	4,4 %
Holder på med utdanningen	0,0 %	1,2 %	0,2 %	0,2 %
Sluttet	1,9 %	2,4 %	1,3 %	1,8 %

Fullført og bestått skuleåret 2017/18 – utdanningsprogram



ELEVUNDERSØKINGA OG FRÅVÆR

	Amalie Skram			HFK
	2015/16	2016/17	2017/18	2017/18
Motivasjon	3,6	3,6	3,5	3,6
Meistring	4,0	4,0	4,0	3,9
Trivsel	4,3	4,3	4,2	4,2
Støtte frå lærarane	4,0	4,0	3,9	4,0
Felles reglar	3,9	3,8	3,8	3,9
Læringskultur	3,9	3,9	3,9	3,8
Vurdering for læring	3,2	3,2	3,1	3,2
Utdanning og yrkesrettleiing	3,5	3,5	3,6	3,5
Støtte heimafrå	3,8	3,8	3,7	3,8
Fagleg utfordring	4,5	4,4	4,5	4,3
Elevdemokrati og medverknad	3,5	3,5	3,2	3,4
Mobba på skulen		3,9	3,3	4,5
Fysisk læringsmiljø			3,9	3,2
Innsats	3,9	3,9	3,9	3,8
Relevant opplæring	3,5	3,4	3,4	3,5
Variert opplæring	3,6	3,7	3,5	3,7
Praktisk opplæring	3,0	3,1	2,9	3,1

	Amalie Skram			HFK
	2015/16	2016/17	2017/18	2017/18
Fravær, dager	5,0	4,4	4,4	6,1
Fravær, timer	15,7	11,7	12,3	16,0
Totalfravær, prosent	4,5	3,7	3,8	5,2

OVERGANGAR

Overgang frå yrkesfagleg Vg2 2016/17– status skuleåret 2017/18

	Lære	Alternativ Vg3 i skule	Vg3 yrkesfag	Påbygg	Omval	Ikkje i opplæring
SS	39,00 %	2,60 %	0 %	40,30 %	7,80 %	10,40 %
Total, 2016-17	39,00 %	2,60 %	0 %	40,30 %	7,80 %	10,40 %

Skulen sitt arbeid med kvalitetsutviklingsarbeid skuleåret 2017/18

Amalie Skram videregående skole har hatt fokus på vurderingsarbeidet og meir lærarsamarbeid i skuleåret 2017/18.

Skulen har deltatt i Utdanningsdirektoratet si satsing «Vurdering for læring» dei to siste skuleåra. Det overordna målet med prosjektet har vore at skulen skulle utøve ein kollektiv vurderingspraksis som er gunstig for elevane si læring og kompetanseutvikling. Internasjonale studiar viser at vurdering for læring er ein av dei mest effektive måtane å styrke elevane sitt utbytte av opplæringa på, og å auke deira mogelegheiter til å lære.

Skulen har også hatt stort fokus på elev- og fagsamarbeid mellom lærarar. Forsking viser at lærarar som samarbeider, gir betre læring og betre skular. Konkret har skulen starta prosjekt i to ulike fag som organiserer samarbeid. I norsk arbeider alle dei ni klassane på Vg1 STUSP saman om gjennomføring av faget. Emne vert gjennomført synkronisert, og lærarane samarbeider om felles undervisningsopplegg. Det er også eit mål å redusere fokus på karakterar i faget. I matematikk - 1T, arbeider klassane tett saman om undervisningsopplegg og vurdering. Fire og fire klasser samarbeider ekstra tett og gjennomfører deler av undervisninga felles. Dette gir mogelegheit til ein ekstra veketime i faget.

Arbeidet med fokus på vurdering for læring og samarbeid mellom lærarar heng saman. Arbeidsforma i godt vurderingsarbeid er samarbeid mellom lærarar.



Saman for trivsel og læring

Elevar: 298

Utdanningstilbod:

- Bygg- og anleggsteknikk
- Helse- og oppvekstfag
- Medium og kommunikasjon
- Studiespesialiserende

ARNA VIDAREGÅANDE SKULE

KARAKTERGRUNNLAG, UTVIKLING OG GJENNOMFØRING


Grunnskulepoeng og karakterutvikling 2017/18, alle trinn

	Grunnskulepoeng		Karaktersnitt	
	Arna vgs.	HFK	Arna vgs	HFK
MK	39,5	39,8	3,7	3,5
ST	46,4	46,2	4,3	4,2
BA	34,2	35,3	3,6	3,8
HO	33,4	37,4	3,6	4,1
MK (Y)	38,8	39,1	3,5	3,6
Total:	40,4	41,6	3,9	4,0

Fullført og bestått

	2015/16	2016/17	2017/18	HFK
Fullført og bestått	75,7 %	83,6 %	82,0 %	83,5 %
Fullført og ikke bestått	7,5 %	3,6 %	5,8 %	6,0 %
Manglar grunnlag	5,6 %	6,6 %	3,1 %	4,4 %
Alternativ opplæringsplan	0,9 %	0 %	0 %	0,2 %
Held på med utdanninga	1,9 %	1,1 %	2,7 %	1,8 %
Slutta	8,4 %	5,1 %	6,5 %	4,1 %

Fullført og bestått skuleåret 2017/18 – utdanningsprogram



ELEVUNDERSØKINGA

	Arna vgs			HFK
	2015/16	2016/17	2017/18	2017/18
Motivasjon	3,5	3,4	3,4	3,6
Meistring	3,8	3,9	3,9	3,9
Trivsel	4,1	4,2	4,1	4,2
Støtte frå lærarane	3,9	4,0	4,0	4,0
Felles reglar	3,9	3,7	3,8	3,9
Læringskultur	3,7	3,6	3,6	3,8
Vurdering for læring	3,3	3,2	3,1	3,2
Utdanning og yrkesrettleiing	3,8	3,5	3,5	3,5
Støtte heimafrå	3,7	3,6	3,6	3,8
Fagleg utfordring	4,1	4,2	4,2	4,3
Elevdemokrati og medverknad	3,3	3,3	3,3	3,4
Mobba på skulen		3,8	5,3	4,5
Fysisk læringsmiljø			3,1	3,2
Innsats	3,6	3,6	3,5	3,8
Relevant opplæring	3,9	3,5	3,4	3,5
Variert opplæring	3,8	3,7	3,5	3,7
Praktisk opplæring	3,2	3,2	3,0	3,1

	Arna vgs.			HFK
	2015/16	2016/17	2017/18	2017/18
Fravær, dager	9,8	7,6	6,9	6,1
Fravær, timer	20,0	14,1	15,8	16,0
Totalfravær, prosent	7,3	5,8	5,5	5,2

OVERGANGAR

Overgang frå yrkesfagleg Vg2 2016/17– status skuleåret 2017/18

	Lære	Alternativ Vg3 i skule	Vg3 yrkesfag	Påbygg	Omval	Ikkje i opplæring
BA	76,9 %	0 %	0,0 %	7,7 %	7,7 %	7,7 %
HO	33,3 %	4 %	3,7 %	37,0 %	3,7 %	22,2 %
MK (Y)	0,0 %	0 %	72,4 %	20,7 %	0,0 %	6,9 %
Total, 2016-17	27,5 %	0 %	31,9 %	24,6 %	2,9 %	13,0 %

SKULEN SITT ARBEID MED KVALITETSUTVIKLING SKULEÅRET 2017/18

Skulen har i inneverande periode hatt fokus på mellom anna læringskultur og læringsarbeid. Som ein del av dette arbeidet har skulen delteke i to nasjonale prosjekt, «Drømmeskolen» og «Nærvarsteam». Drømmeskolen er utvikla av organisasjonen «Voksne for barn» der elevane får ei viktig rolle med å skape eit godt miljø på skulen. Nye Vg1 elevar har elevmentorar frå Vg2 og Vg3, og desse skal bidra til at elevane blir sett og ivaretakne når dei er på skulen.

Mentorane har gjennomført to opplegg i klassane der ein set opp konkrete mål for læringsmiljøet i klassen slik at ein får ein god start prega av tilhørsle, deltaking og motivasjon. Nærvarsteam er etter ein modell frå Bodin vidaregåande skule i Bodø. Det er eit tverrfagleg team med deltakarar frå skulen, helsestøster og ein OT-koordinator med 50 % ressurs på skulen. Teamet skal arbeide systematisk for å følgje elevane tett opp, og i samarbeid med lærarane, finne fram til gode løysingar for den enkelte. Teamet har også fokus på overgangsarbeid i ungdomsskulen med deltaking på møte med elevar og føresette på mellom anna 9. trinn. Det vert det informert om vidaregåande opplæring og dei ulike mogelegheitene som finst. På den måten kan ein førebyggje feilval og redusere talet på elevar som tek omval.

Ved sida av desse prosjekta har skulen i fleire år arbeidd med å få elevane direkte involvert og medansvarlege for det daglege læringsarbeidet. Tiltaket vert gjennomført ved at kontaktlærar, to tillitselevar og avdelingsleiar har regelmessige møte der læringsarbeidet i klassen er tema. Møta vert brukt til å justere undervisninga, mellom anna planar og aktivitetar i timane. Avdelingsleiar følger opp lærarane med fokus på samarbeid om undervisning og vurderingsarbeid.



Innsats for læring

Elevar: 515

Utdanningstilbod:

- Bygg- og anleggsteknikk
- Elektrofag
- Helse- og oppvekstfag
- Påbygg til generell studiekompetanse
- Studiespesialiserande
- Teknikk- og industriell produksjon

Særlege tilbod:

- Særskilt tilrettelagt opplæring (arbeidstrening og kvardagslivstrening)
- Inntil 6 elevplassar (studiespesialiserande) ved Albert Schweizer Gymnasium, Erfurt, Tyskland
- Inntil 6 elevplassar (elektrofag) ved Andreas Gordon Schule, Erfurt, Tyskland

Adresse:

Søre Myrane 13,
Kleppestø

post.asv@hfk.no

ASKØY VIDEREGÅENDE SKOLE

KARAKTERGRUNNLAG, UTVIKLING OG GJENNOMFØRING


Grunnskulepoeng og karakterutvikling 2017/18, alle trinn

	Grunnskulepoeng		Karaktersnitt	
	Askøy vgs.	HFK	Askøy vgs	HFK
ST	45,3	46,2	4,1	4,2
Pb3	39,8	37,4	3,7	3,5
BA	36,0	35,3	3,7	3,8
EL	40,4	39,5	4,2	4,1
HO	36,9	37,4	4,2	4,1
TIP	31,7	34,3	3,2	3,7
Total:	41,8	41,6	4,0	4,0

Fullført og bestått

	2015/16	2016/17	2017/18	HFK
Fullført og bestått	81,6 %	80,1 %	86,2 %	83,5 %
Fullført og ikke bestått	6,8 %	7,9 %	5,5 %	6,0 %
Mangler grunnlag	6,8 %	7,1 %	4,7 %	4,4 %
Alternativ opplæringsplan	0 %	0 %	0 %	0,2 %
Held på med utdanninga	1,6 %	0,8 %	1,2 %	1,8 %
Slutta	3,2 %	4,1 %	2,4 %	4,1 %

Fullført og bestått skuleåret 2017/18 – utdanningsprogram



ELEVUNDERSØKINGA OG FRÅVÆR

	Askøy vgs			HFK
	2015/16	2016/17	2017/18	2017/18
Motivasjon	3,4	3,4	3,4	3,6
Meistring	3,9	3,9	3,9	3,9
Trivsel	4,1	4,1	4,1	4,2
Støtte frå lærarane	3,8	3,7	3,9	4,0
Felles reglar	3,8	3,7	3,8	3,9
Læringskultur	3,7	3,6	3,7	3,8
Vurdering for læring	3,1	3,0	3,1	3,2
Utdanning og yrkesrettleiing	3,5	3,2	3,2	3,5
Støtte heimafrå	3,8	3,8	3,9	3,8
Fagleg utfordring	4,2	4,2	4,2	4,3
Elevdemokrati og medverknad	3,1	3,2	3,3	3,4
Mobba på skulen		9,8	4,6	4,5
Fysisk læringsmiljø			2,7	3,2
Innsats	3,7	3,7	3,6	3,8
Relevant opplæring	3,5	3,4	3,3	3,5
Variert opplæring	3,6	3,5	3,5	3,7
Praktisk opplæring	3,2	3,2	3,2	3,1

	Askøy vgs.			HFK
	2015/16	2016/17	2017/18	2017/18
Fravær, dager	8,3	6,3	5,5	6,1
Fravær, timer	29,3	15,7	21,0	16,0
Totalfravær, prosent	7,7	5,1	5,3	5,2

OVERGANGAR

Overgang frå yrkesfagleg Vg2 2016/17– status skuleåret 2017/18

	Lære	Alternativ Vg3 i skule	Vg3 yrkesfag	Påbygg	Omval	Ikkje i opplæring
BA	31,3 %	0,0 %	6,3 %	37,5 %	6,3 %	18,8 %
EL	34,2 %	2,6 %	18,4 %	31,6 %	7,9 %	5,3 %
HO	20,0 %	0,0 %	0,0 %	60,0 %	13,3 %	6,7 %
TIP	28,6 %	14,3 %	0,0 %	42,9 %	7,1 %	7,1 %
Total, 2016-17	28,6 %	3,1 %	8,2 %	42,9 %	9,2 %	8,2 %

SKULEN SITT ARBEID MED KVALITETSUTVIKLING SKULEÅRET 2017/18

Ved Askøy vgs er vi godt nøgde med at så mange som 86,2 % av elevane våre fullførte og bestod opplæringa skuleåret 2017/18 og at så få som 2,4 % er registrert som slutta. Karakterutviklinga ved skulen er jamt over positiv for alle yrkesfaglege utdanningsprogram. Innanfor Studieførebuande programområde er karakterutviklinga sett i relativasjon til grunnskulepoeng om lag som for resten av Hordaland. Arbeidet med kvalitetsutvikling skuleåret 17/18 har hatt «Motivasjon» som overordna målsetting. Dette heng godt saman med skulen sin visjon; «Innsats for læring». Gjennom ulike prosjekt er det blitt arbeidd med tiltak som er meint både å auke motivasjonen og innsatsen hjå elevane. I elevundersøkinga har indikatoren for motivasjon ikkje endra seg, og vi vil halde fram med innsats for auka motivasjon i skulen sitt utviklingsarbeid. Det er særstegnleg at delen fullført og bestått har hatt stor framgang, trass i at indikatoren for motivasjon ikkje har auka frå fjaråret. Skulen ser at det er eit område som stikk seg særleg ut i elevundersøkinga. Det gjeld fysisk miljø. Vi er glade for at vi no er i starten på ein omfattande utbyggings- og rehabiliteringsprosess som etter planen vil gi oss ny skule frå 2022. Etter denne planen ser vi fram til at det fysiske læringsmiljøet vil kome vesentleg betre ut. Skulen er oppteken av at alle elevar skal ha eit trygt og godt skolemiljø. Det er naturleg at skulen vil satse vidare på å skape eit godt skolemiljø for alle, utan mobbing og krenkingar. Dette gjer vi mellom anna ved å vere med i MOT-organisasjonen og gjennomføre faste opplegg etter mal frå MOT, i alle klassar ved skulen. Statistikken for overgangen frå skule til læretid eller anna opplæring viser at det samla sett er relativt få elevar som kjem seg ut i ordinær læretid mot fagbrev. Dette ønskjer skulen å arbeide med. Statistikken syner at det er innanfor byggfaga at utfordringa dette året var størst. I elektrofaga er det flest elevar som får tilbod om Vg3 i skule. Her er det få læreplassar i høve til kor mange søkerar det er. Innanfor helse- og oppvekstfag er det veldig mange elevar som vel å gå på Påbygg. Dette er nok planlagde løp for dei som ønskjer ein meir praktisk bakgrunn for seinare studiar innan fagfeltet. Skulen ønskjer seg eit endå tettare samarbeid med det lokale næringslivet for å førebu elevane på dei krava som blir stilte for å få læreplass og kunne gjennomføre læretida på ein god måte. Vi vonar dette også vil føre til betre innsats og motivasjon i skulekvardagane.





Stø kurs mot nye horisontar

Elevar: 135

Utdanningstilbod:

- Helse- og oppvekstfag
- Naturbruk
Vg2 akvakultur
Vg2 fiske og fangst
- Studiespesialiserande
- Teknikk- og industriell produksjon
Vg2 maritime fag

Særlege tilbod:

- Skulen tilbyr ei rekke kurs innan marine og maritime fag for studentar og næringsliv

Adresse:

Sauganeset 18,
Storebø

post.aus@hfk.no

AUSTEVOLL VIDAREGÅANDE SKULE

KARAKTERGRUNNLAG, UTVIKLING OG GJENNOMFØRING


	Grunnskulepoeng		Karaktersnitt	
	Austevoll vgs.	HFK	Austevoll vgs	HFK
ST	46,1	46,2	4,4	4,2
HO	37,2	37,4	4,2	4,1
NA	35,7	34,3	4,0	3,7
TIP	34,6	34,3	4,2	3,7
Total:	36,5	41,6	4,1	4,0

Grunnskulepoeng og karakterutvikling 2017/18, alle trinn

Fullført og bestått

	2015/16	2016/17	2017/18	HFK
Fullført og bestått	93,4 %	89,4 %	94,7 %	83,5 %
Fullført og ikke bestått	2,9 %	3,5 %	2,3 %	6,0 %
Mangler grunnlag	2,9 %	0 %	0 %	4,4 %
Alternativ opplæringsplan	0 %	0 %	0,8 %	0,2 %
Held på med utdanninga	0 %	0,7 %	0 %	1,8 %
Slutta	0,7 %	6,3 %	2,3 %	4,1 %

Fullført og bestått skuleåret 2017/18 – utdanningsprogram



ELEVUNDERSØKINGA OG FRÅVÆR

	Austevoll vgs			HKF
	2015/16	2016/17	2017/18	2017/18
Motivasjon	3,9	3,8	3,9	3,6
Meistring	4,0	3,9	4,0	3,9
Trivsel	4,4	4,3	4,4	4,2
Støtte frå lærarane	4,2	4,0	4,2	4,0
Felles reglar	4,0	3,9	4,2	3,9
Læringskultur	3,9	3,9	4,0	3,8
Vurdering for læring	3,4	3,4	3,6	3,2
Utdanning og yrkesrettleiing	4,5	4,3	4,6	3,5
Støtte heimafrå	3,9	3,8	3,9	3,8
Fagleg utfordring	4,2	4,1	4,2	4,3
Elevdemokrati og medverknad	3,6	3,5	3,6	3,4
Mobba på skulen		10,3	7,9	4,5
Fysisk læringsmiljø			3,8	3,2
Innsats	3,9	3,9	3,9	3,8
Relevant opplæring	4,1	3,9	3,9	3,5
Variert opplæring	3,8	3,9	4,1	3,7
Praktisk opplæring	3,3	3,3	3,5	3,1

	Austevoll vgs.			HKF
	2015/16	2016/17	2017/18	2017/18
Fravær, dager	8,2	3,9	3,6	6,1
Fravær, timer	10,6	9,0	6,7	16,0
Totalfravær, prosent	5,5	3,0	2,6	5,2

OVERGANGAR

Overgang frå yrkesfagleg Vg2 2016/17– status skuleåret 2017/18

	Lære	Alternativ Vg3 i skule	Vg3 yrkesfag	Påbygg	Omval	Ikkje i opplæring
NA	82,4 %	0,0 %	0 %	0,0 %	5,9 %	11,8 %
TIP	80,6 %	9,7 %	0 %	3,2 %	6,5 %	0,0 %
Total, 2016-17	81,5 %	4,6 %	0 %	1,5 %	6,2 %	6,2 %

SKULEN SITT ARBEID MED KVALITETSUTVIKLING SKULEÅRET 2017/18

Eit av måla våre i utviklingsplanen er at me skal; «Forbetre deling og informasjonsflyt» Tiltaka til dette målet er at kunnskap som kvar enkelt tileignar seg på kurs, skal vidareformidlast til resten av kolleget og i undervisninga til elevane, samt at alle skal ha opplæring i bruk av fil- og samskrivingsprogram. Føremålet med tiltaket er tredelt; 1) Ha felles informasjonskanal ut mot elevane. (Per i dag nyttar skulen ulike arenaer for å kommunisere med elevane, slik som It's Learning, Facebook, sms, e-post og messenger.) 2) Auke elevane sin kompetanse innan samskriving og informasjonsflyt 3) Legge til rette for auka tverrfagleg samarbeid ved at elevar og lærarar aukar kompetansen i bruk av fil- og samskrivingsprogram i tverrfaglege prosjekt.

Skulen har også eit tydleg fokus på yrkesretting og relevans, noko elevundersøkinga viser at skulen lukkast med. Ettersom Austevoll vgs er ein «blå skule», er det og eit mål å få presentert yrkesvegane som ligg innanfor dei maritime og marine næringane for elevane i vg1 studiespesialiserande og vg1 helse og oppvekstfag. I opplæringa sikrar me dette gjennom å presentere ulike maritime og marine næringsaktørar, klassesselskap og direktorat. Klassane deltek også i delar av dei ulike maritime kursa som er pålagde dei «blå» yrkesklassane. Skulen vert kvart år revidert av DNV-GL og Sjøfartsdirektoratet på undervisningsgjennomføring, tilsette sine kvalifikasjonar, båtar og anna maritimt utstyr, samt skulen sitt fokus på HMS.

Det å bli revidert av eksterne aktørar gjer at skulen heile tida må halde seg oppdatert, ha fokus på utviklingsarbeid og arbeide for å forbetre alle ledd i organisasjonen.



Austrheim skal vere ein attraktiv og nyskapande skule

Elevar: 231

Utdanningstilbod

- Bygg- og anleggsteknikk
- Elektrofag
- Helse- og oppvekstfag
- Studiespesialiserande
- Restaurant- og matfag
- Teknikk- og industriell produksjon
- Påbygg til generell studiekompetanse

Særlege tilbod:

- Særskilt tilrettelagt opplæring (arbeidstrening) RM
- Deltek i forskningsprosjektet Complete

Adresse

Mastrevikane 44,
Austrheim

post.auv@hfk.no

AUSTRHEIM VIDAREGÅANDE SKULE

KARAKTERGRUNNLAG, UTVIKLING OG GJENNOMFØRING


Grunnskulepoeng og karakterutvikling 2017/18, alle trinn

	Grunnskulepoeng		Karaktersnitt	
	Austrheim vgs.	HFK	Austrheim vgs	HFK
ST	43,8	46,2	4,1	4,2
Pb3	36,7	37,4	3,1	3,5
BA	33,7	35,3	3,7	3,8
EL	35,5	39,5	3,3	4,1
HO	36,8	37,4	3,5	4,1
RM	28,2	33,2	3,4	3,6
TIP	34,6	34,3	3,5	3,7
Total:	38,2	41,6	3,7	4,0

Fullført og bestått

	2015/16	2016/17	2017/18	HFK
Fullført og bestått	76,1 %	72,0 %	75,9 %	83,5 %
Fullført og ikke bestått	5,9 %	7,5 %	7,6 %	6,0 %
Manglar grunnlag	6,3 %	6,7 %	3,6 %	4,4 %
Alternativ opplæringsplan	3,9 %	1,6 %	4,0 %	0,2 %
Held på med utdanninga	4,2 %	7,1 %	3,6 %	1,8 %
Slutta	3,5 %	5,1 %	4,9 %	4,1 %

Fullført og bestått skuleåret 2017/18 – utdanningsprogram



ELEVUNDERSØKINGA

	Austrheim vgs			HFK
	2015/16	2016/17	2017/18	2017/18
Motivasjon	3,6	3,5	3,5	3,6
Meistring	3,9	3,9	3,9	3,9
Trivsel	4,1	4,1	4,0	4,2
Støtte frå lærarane	3,8	3,8	3,9	4,0
Felles reglar	3,7	3,6	3,8	3,9
Læringskultur	3,8	3,7	3,7	3,8
Vurdering for læring	3,1	3,2	3,3	3,2
Utdanning og yrkesrettleiing	3,6	3,3	3,4	3,5
Støtte heimafrå	3,8	3,7	3,8	3,8
Fagleg utfordring	4,1	4,2	4,2	4,3
Elevdemokrati og medverknad	3,2	3,4	3,5	3,4
Mobba på skulen		5,3	8,9	4,5
Fysisk læringsmiljø			2,8	3,2
Innsats	3,8	3,7	3,7	3,8
Relevant opplæring	3,7	3,6	3,5	3,5
Variert opplæring	3,6	3,7	3,8	3,7
Praktisk opplæring	3,2	3,1	3,1	3,1

	Austrheim vgs.			HFK
	2015/16	2016/17	2017/18	2017/18
Fravær, dager	12,0	7,6	6,6	6,1
Fravær, timer	13,5	9,1	9,9	16,0
Totalfravær, prosent	7,9	5,1	4,7	5,2

OVERGANGAR 2017/18

	Lære	Alternativ Vg3 i skule	Vg3 yrkesfag	Påbygg	Omval	Ikkje i opplæring
BA	57,1 %	0,0 %	14,3 %	0,0 %	14,3 %	14,3 %
HO	42,9 %	0,0 %	0,0 %	28,6 %	0,0 %	28,6 %
RM	0,0 %	0,0 %	16,7 %	0,0 %	83,3 %	0,0 %
TIP	50,0 %	3,8 %	0,0 %	15,4 %	11,5 %	19,2 %
Snitt	43,4 %	1,9 %	3,8 %	15,1 %	17,0 %	18,9 %

SKULEN SITT ARBEID MED KVALITETSUTVIKLING SKULEÅRET 2017/18

Austrheim vgs har auka læringsutbytte og fullføring som hovudmål. Austrheim vgs har som tiltak for auka læringsutbytte fokusert på og arbeidd med vurdering for læring, djupnelæring, FYR og delingskultur i vårt pedagogiske utviklingsarbeid, noko som ser ut til å føre til ei positiv endring.

Det vil likevel ta tid før dette også vil kunne gi målbare resultat på auka læringsutbytte for elevane målt ved karaktersnitt og samanlikna med grunnskulepoeng.

Når det gjeld auka fullføring, så er Austrheim vgs sine tiltak knytt til deltaking i prosjekta Drømmeskolen og Nærvarersteam. Drømmeskolen er eit trivselsfremjande prosjekt med utgangspunkt i eleventorar gjennom aktivitetar, både i klassane og fellesaktivitetar for heile skulen. Nærvarersteamet handlar om tidleg innsats for elevar som er i fare for å slutte. Desse elevane får tett oppfølging gjennom nettverksgrupper.

Tala ovanfor på fullført og bestått viser ei positiv utvikling for skulen totalt sett som er gledeleg, men samstundes er det viktig for oss å understreke at det vil vere ein del naturlege svingingar på ein relativt liten skule. Skuleåret 2017/18 hadde me 13 % minoritetsspråklege elevar, der mange av dei ikkje har språkdugleik til å fullføre vidaregåande skule på normert tid.





Tradisjon og læring i et fremtidsrettet miljø

Elevar: 715

Utdanningstilbod

- Studiespesialiserande

- Særlege tilbod:**
- Kyrre skole, tilbod for ungdom og voksne med psykiske vanskar
- International Baccalaureate (IB)
- Senter for vaksenopplæring
- Innføringskurs for minoritetsspråklege
- Studiespesialiserande for minoritetsspråklege

Adresse:

Kong Oscars gate 36,
Bergen

Post.bks@hfk.no

BERGEN KATEDRALSKOLE

KARAKTERGRUNNLAG, UTVIKLING OG GJENNOMFØRING


Grunnskulepoeng og karakterutvikling 2017/18, alle trinn

	Grunnskulepoeng		Karaktersnitt	
	Bergen katedralskole	HFK	Bergen katedralskole	HFK
ST	48,7	46,2	4,5	4,2
Total:	48,7	41,6	4,5	4,0

Fullført og bestått

	2015/16	2016/17	2017/18	HFK
Fullført og bestått	93,2 %	86,8 %	89,0 %	83,5 %
Fullført og ikke bestått	1,6 %	2,8 %	4,4 %	6,0 %
Manglar grunnlag	2,6 %	4,6 %	3,3 %	4,4 %
Alternativ opplæringsplan	0,0%	0,0 %	0,0 %	0,2 %
Held på med utdanninga	1,0 %	1,9 %	2,0 %	1,8 %
Slutta	1,6 %	3,9 %	1,1 %	4,1 %

Fullført og bestått skuleåret 2017/18 – utdanningsprogram



ELEVUNDERSØKINGA OG FRÅVÆR

	Bergen katedralskole			HFK
	2015/16	2016/17	2017/18	2017/18
Motivasjon	3,8	3,8	3,7	3,6
Meistring	4,1	4,0	4,0	3,9
Trivsel	4,2	4,3	4,2	4,2
Støtte frå lærarane	4,2	4,1	4,1	4,0
Felles reglar	4,0	3,8	3,8	3,9
Læringskultur	4,2	4,1	4,1	3,8
Vurdering for læring	3,3	3,2	3,1	3,2
Utdanning og yrkesrettleiing	3,6	3,7	3,4	3,5
Støtte heimafrå	3,8	3,8	3,8	3,8
Fagleg utfordring	4,4	4,4	4,4	4,3
Elevdemokrati og medverknad	3,5	3,3	3,2	3,4
Mobba på skulen		2,4	2,3	4,5
Fysisk læringsmiljø			3,0	3,2
Innsats	4,1	4,0	3,9	3,8
Relevant opplæring	3,7	3,6	3,5	3,5
Variert opplæring	3,8	3,7	3,6	3,7
Praktisk opplæring	3,2	3,1	2,9	3,1

	Bergen katedralskole				HFK
	2015/16	2016/17	2017/18	2017/18	
Fravær, dager	5,0	3,9	5,2	6,1	
Fravær, timer	20,7	18,5	17,2	16,0	
Totalfravær, prosent	5,0	3,9	4,7	5,2	

Avdeling Kyrre

Bergen Katedralskole, avdeling Kyrre, er eit skuletilbod for ungdom med psykiske vanskar. Desse elevane har som regel eit særlopp der dei brukar lengre tid på å ta faga, og føljer difor ikkje ordinær progresjon. Dette betyr at dei ikkje får fullførtekode «Fullført og bestått», sjølv om dei har fullført og bestått alle dei faga dei skal ha. Desse elevane er difor fjerna i den skulevise statistikken, men er med i elevundersøkinga.

SKULEN SITT ARBEID MED KVALITETSUTVIKLING SKULEÅRET 2017/18

Elevundersøkinga 2017 syner at skulen scorar høgt, og over landsgjennomsnittet, for både motivasjon, mestring, trivsel, støtte frå lærarane og læringskultur. Det er også eit høgt karaktersnitt for inntak ved skulen, og elevane scorar framleis høgt ved avsluttande vurderingar. Skulen har lærarar med svært god fagleg kompetanse, og dei syner stor grad av omsorg og tilrettelegging av læring for elevane.

Elevundersøkinga 2017/18 viser at det til dels er store skilnader mellom dei ulike klassane på skulen. Ved å leggje til rette for eit breitt kollegasamarbeid vil leieinga gje høve til deling av kunnskap og erfaringar på ein måte som skapar grunnlag for eit målretta utviklingsarbeid. Vi har gjennom skuleåret 2017-18 sett av fellestid til satsingsområdet «Læring i samarbeid». Dette for mellom anna å sikre ein meir lik vurderingspraksis mellom lærarane og eit meir systematisk arbeid med vurdering for læring.

Resultata for fullføring og bestått syner at skulen har gode tal på området, med 89 % fullført og 1,1 % sluttarar. I desse tala er ikkje dei minoritetsspråklege gruppene med, heller ikkje avdeling Kyrre og Senter for vaksenopplæring. Trass i at elevane ved Bergen Katedralskole presterer særleg gode læringsresultat, har ein del elevar psykiske utfordringar knytt til mellom anna stort arbeidspress. Dette speglar ein generell trend blant unge i samfunnet, og det er såleis viktig for skulen å kunne ivareta elevane i eit folkehelseperspektiv. Det inneber til dømes at ein i vurderingsarbeidet tonar ned prøvepresset, og testar ut nye måtar å vurdere på.

Vi har også lagt vekt på å auke fokuset på kontakt/gruppelærarfunksjonen, og å utvide rådgjevarressursen. Med satsingsområdet «Folkehelse og livsmestring» ønskjer vi at skulen sitt læringsmiljø skal vere prega av høg trivsel og lite skulerelatert stress. Vi ønskjer å auke eleven sin kunnskap om psykisk helse og rusmisbruk. Det er eit mål å etablere klasseleiing som skapar trivsel og fremjar læring i samarbeid: elev-elev, lærar-elev og lærar-lærar.

Føringar i skolebruksplanen tilseier at BKS hausten 2018 tek inn 5 klassar frå Laksevåg vgs. I samband med denne overføringa vert det tilsett omlag 15 nye pedagogar. Skulen ønskjer at både elevar og tilsette skal oppleve seg velkomne og finne seg fort og godt til rette ved skulen. Dette stiller krav om eit sterkt fokus på gode klassemiljø, arbeidsmiljø og skuleleiing.





Bergen Maritime
videregående skole skal
etablere seg som ein av dei
leiande vidaregåande
skulane i Hordaland.

Elevar: 268

Utdanningstilbod:

- Elektrofag
- Teknikk- og industriell produksjon

Adresse

Odd Frantzens plass 6,
Bergen

Post.bmv@hfk.no

BERGEN MARITIME VIDEREGÅENDE SKOLE

KARAKTERGRUNNLAG, UTVIKLING OG GJENNOMFØRING


Grunnskulepoeng og karakterutvikling 2017/18, alle trinn

	Grunnskulepoeng		Karaktersnitt	
	Bergen maritime	HFK	Bergen maritime	HFK
EL	41,4	39,5	4,2	4,1
TIP	36,1	34,3	3,9	3,7
Total:	38,3	41,6	4,1	4,0

Fullført og bestått

	2015/16	2016/17	2017/18	HFK
Fullført og bestått	94,1 %	88,8 %	84,5 %	83,5 %
Fullført og ikke bestått	2,2 %	3,7 %	6,0 %	6,0 %
Manglar grunnlag	1,5 %	2,2 %	1,9 %	4,4 %
Alternativ opplæringsplan	0,0 %	0,0 %	0,0 %	0,2 %
Held på med utdanninga	0,0 %	0,4 %	2,6 %	1,8 %
Slutta	2,2 %	4,9 %	4,9 %	4,1 %

Fullført og bestått skuleåret 2017/18 – utdanningsprogram



ELEVUNDERSØKINGA OG FRÅVÆR

	Bergen maritime			HFK
	2015/16	2016/17	2017/18	2017/18
Motivasjon	3,9	3,9	3,9	3,6
Meistring	4,0	4,0	4,0	3,9
Trivsel	4,4	4,3	4,4	4,2
Støtte frå lærarane	4,1	4,1	4,2	4,0
Felles reglar	4,0	4,0	4,0	3,9
Læringskultur	4,1	3,9	3,8	3,8
Vurdering for læring	3,5	3,5	3,5	3,2
Utdanning og yrkesrettleiing	4,0	4,1	4,3	3,5
Støtte heimafrå	3,7	3,8	3,8	3,8
Fagleg utfordring	4,3	4,3	4,3	4,3
Elevdemokrati og medverknad	3,6	3,5	3,6	3,4
Mobba på skulen		6,4	3,7	4,5
Fysisk læringsmiljø	3,3		3,4	3,2
Innsats	4,0	4,0	3,9	3,8
Relevant opplæring	4,0	4,0	4,0	3,5
Variert opplæring	3,9	3,9	4,0	3,7
Praktisk opplæring	3,6	3,5	3,5	3,1

	Bergen maritime			HFK
	2015/16	2016/17	2017/18	2017/18
Fravær, dager	4,4	3,4	4,7	6,1
Fravær, timer	9,3	8,5	11,6	16,0
Totalfravær, prosent	3,3	2,7	3,7	5,2

OVERGANGAR

Overgang frå yrkesfagleg Vg2 2016/17– status skuleåret 2017/18

	Lære	Alternativ Vg3 i skule	Vg3 yrkesfag	Påbygg	Omval	Ikkje i opplæring
EL	33,3 %	5,0 %	30,0 %	15,0 %	8,3 %	8,3 %
TIP	69,5 %	1,9 %	0,0 %	7,6 %	13,3 %	7,6 %
Total	56,4 %	3,0 %	10,9 %	10,3 %	11,5 %	7,9 %

SKULEN SITT ARBEID MED KVALITETSUTVIKLING SKULEÅRET 2017/18

I samarbeid med elevar og tilsette blei det for skuleåret 2017/18 laga ein utviklingsplan med følgjande hovudmål:

Motivasjon for læring

Samarbeid for læring

Samarbeid med næringslivet

Under kvart hovudmål blei det gjennomført fleire ulike tiltak. Resultata frå elevundersøkinga blir vanlegvis lagde til grunn for å vurdere resultatet frå utviklingsarbeidet som er gjennomført gjennom skuleåret. Resultata frå elevundersøkinga for dette skuleåret gir ingen klare svar eller indikasjonar på effekten av utviklingsarbeidet, men resultata viser at vi har lik eller betre score enn gjennomsnittet i HFK på alle parametrane. Dette er resultat som skulen trass alt er nøgd med.

Skulen arbeider aktivt for å unngå at elevar sluttar i løpet av skuleåret. Om vi ser på talet på elevar som slutta i skuleåret 2017/18, har elleve av desse elevane begynt på ein annan skule, fem elevar slutta på grunn av stort fråvær og fire elevar slutta som følgje av at dei valde feil.

Samarbeidet mellom kontaktlærarane og elevtenesta fungerer godt, og vi har gode rutinar for å følgje opp enkeltelevar. Skulen har dei siste åra hatt gode resultat frå dette arbeidet. Vi kjem derfor til å fortsetje i same spor med eit stort fokus på å få elevane til å gjennomføre skuleåret på ein god måte.



Læring, meistring og utvikling i samspele med andre

Elevar: 273

Utdanningstilbod:

- Helse og oppvekstfag
- Service og samferdsel
- Studiespesialiserende

Særlege tilbod:

- Tilrettelagt opplæring i eiga gruppe

Adresse:

Leitedåvene 8,
Bremnes

Post.bov@hfk.no

BØMLO VIDAREGÅANDE SKULE

KARAKTERGRUNNLAG, UTVIKLING OG GJENNOMFØRING


Grunnskulepoeng og karakterutvikling 2017/18, alle trinn

	Grunnskulepoeng		Karaktersnitt	
	Bømlo vgs.	HFK	Bømlo vgs.	HFK
ST	45,3	46,2	3,9	4,2
Pb3	35,8	37,4	3,2	3,5
HO	37,1	37,4	4,0	4,1
SS	31,7	33,7	3,5	3,6
Total:	41,3	41,6	3,8	4,0

Fullført og bestått

	2015/16	2016/17	2017/18	HFK
Fullført og bestått	82,2 %	86,3 %	83,7 %	83,5 %
Fullført og ikke bestått	7,6 %	6,8 %	10,0 %	6,0 %
Manglar grunnlag	4,9 %	2,0 %	3,6 %	4,4 %
Alternativ opplæringsplan	0 %	0 %	0 %	0,2 %
Held på med utdanninga	1,5 %	1,7 %	0,8 %	1,8 %
Slutta	3,8 %	3,1 %	2,0 %	4,1 %

Fullført og bestått skuleåret 2017/18 – utdanningsprogram



ELEVUNDERSØKINGA OG FRÅVÆR

	Bømlo vgs.			HFK
	2015/16	2016/17	2017/18	2017/18
Motivasjon	3,6	3,6	3,5	3,6
Meistring	3,9	4,0	4,0	3,9
Trivsel	4,2	4,2	4,0	4,2
Støtte frå lærarane	4,1	4,0	3,9	4,0
Felles reglar	4,0	3,9	3,9	3,9
Læringskultur	4,0	4,1	4,0	3,8
Vurdering for læring	3,2	3,1	3,2	3,2
Utdanning og yrkesrettleiing	3,3	3,0	3,0	3,5
Støtte heimafrå	3,5	3,8	3,7	3,8
Fagleg utfordring	4,3	4,4	4,3	4,3
Elevdemokrati og medverknad	3,5	3,5	3,5	3,4
Mobba på skulen		*	7,6	4,5
Fysisk læringsmiljø			3,4	3,2
Innsats	3,8	3,9	3,8	3,8
Relevant opplæring	3,6	3,5	3,4	3,5
Variert opplæring	3,6	3,7	3,6	3,7
Praktisk opplæring	3,1	3,1	3,0	3,1

	Bømlo vgs.			HFK
	2015/16	2016/17	2017/18	2017/18
Fravær, dager	8,7	4,6	5,9	6,1
Fravær, timer	15,0	10,8	11,5	16,0
Totalfravær, prosent	6,3	3,7	4,5	5,2

OVERGANGAR

Overgang frå yrkesfagleg Vg2 2016/17– status skuleåret 2017/18

	Lære	Alternativ Vg3 i skule	Vg3 yrkesfag	Påbygg	Omval	Ikkje i opplæring
HO	44,4 %	0 %	0 %	44,4 %	7,4 %	3,7 %
SS	33,3 %	0 %	0 %	33,3 %	0,0 %	33,3 %
Total, 2016/17	41,7 %	0 %	0 %	41,7 %	5,6 %	11,1 %

SKULEN SITT ARBEID MED KVALITETSUTVIKLING SKULEÅRET 2017/18

Bømlo vidaregåande skule har i sitt utviklingsarbeid jobba med «Vurdering for læring», kor me har nytta Høgskulen på Lillehammer sitt program som støtte til dette arbeidet. Vurdering med fokus på tilbakemelding på enkelteleven si læring og å involvera eleven i si eiga læring er viktige element i dette programmet. Arbeid med klasseleiing og fokus på yrkesrettleiing har vore andre fokusområde dette skuleåret. Yrkesfaga har også jobba med å utvikla undervisningsopplegg med auka yrkesretting av fellesfaga (FYR). I prosessen med å velje ut kva fokusområde dei tilsette ved skulen skal bruke sitt profesjonelle fellesskap til, har me i lag kome fram til kva utviklingområde skulen skal ha fokus på.

Elevundersøkinga syner at me har mobbing. Me brukar Spekter (ikkje anonym spørjeundersøking om mobbing) for å kartlegge kva dette var. Spekter gav svar – og me handterer dette.

Me er ikkje nøgde med at så mange elevar i påbyggklassen ikkje oppnår bestått. Matematikkfaget merkar seg negativt ut. Me er på leit etter løysingar og for å finne grep for å hjelpe elevane til å klare faget.

Ved å bruka tilgjengelege kjelder som resultat på elevundersøkinga, undervisningsevalueringa, karakterstatistikk, inntakspoengsum, HFK sine satsingsområde og anna kjennskap me har til skulen vår, er med og styrer kva me har som utviklingsområde.



Fitjar vgs skal vera ein god stad å vera, ein god stad å læra

Elevar: 228

Utdanningstilbod:

- Design og handverk
- Helse og oppvekstfag
- Restaurant og matfag
- Studiespesialiserande

Særlege tilbod:

- Påbygg til generell studiekompetanse
- Påbygging til generell studiekompetanse til elevar med fagbrev

Adresse:

Havnavegen,
Fitjar

Post.fiv@hfk.no

FITJAR VIDAREGÅANDE SKULE.

KARAKTERGRUNNLAG, UTVIKLING OG GJENNOMFØRING


Grunnskulepoeng og karakterutvikling 2017/18, alle trinn

	Grunnskulepoeng		Karaktersnitt	
	Fitjar vgs.	HFK	Fitjar vgs	HFK
Pb3	41,0	37,4	4,1	3,5
Pb4	36,9	43,8	3,8	4,0
DH	33,2	34,8	3,8	3,6
HO	38,0	37,4	4,1	4,1
RM	33,0	33,2	3,1	3,6
Total:	37,8	41,6	4,0	4,0

Fullført og bestått

	2015/16	2016/17	2017/18	HFK
Fullført og bestått	79,4 %	78,0 %	78,9 %	83,5 %
Fullført og ikke bestått	6,6 %	6,9 %	7,2 %	6,0 %
Manglar grunnlag	6,6 %	3,7 %	3,1 %	4,4 %
Alternativ opplæringsplan	0,4 %	0,8 %	0 %	0,2 %
Held på med utdanninga	2,4 %	2,0 %	3,1 %	1,8 %
Slutta	4,5 %	8,5 %	7,6 %	4,1 %

Fullført og bestått skuleåret 2017/18 – utdanningsprogram



■ Fullført og bestått ■ Fullført og ikke bestått ■ Manglar grunnlag ■ Held på med utdanninga ■ Slutta

ELEVUNDERSØKINGA OG FRÅVÆR

	Fitjar vgs			HFK
	2015/16	2016/17	2017/18	2017/18
Motivasjon	3,8	3,7	3,7	3,6
Meistring	3,9	3,9	4,0	3,9
Trivsel	4,3	4,3	4,1	4,2
Støtte frå lærarane	4,1	4,1	4,1	4,0
Felles reglar	4,0	4,1	4,2	3,9
Læringskultur	4,0	3,9	4,0	3,8
Vurdering for læring	3,4	3,4	3,3	3,2
Utdanning og yrkesrettleiing	3,8	3,7	*	3,5
Støtte heimafrå	3,8	3,7	3,8	3,8
Fagleg utfordring	4,3	4,3	*	4,3
Elevdemokrati og medverknad	3,9	3,9	3,9	3,4
Mobba på skulen		2,4	*	4,5
Fysisk læringsmiljø			3,2	3,2
Innsats	3,9	3,8	3,9	3,8
Relevant opplæring	4,0	3,8	4,1	3,5
Variert opplæring	3,9	4,0	3,7	3,7
Praktisk opplæring	3,5	3,5	3,1	3,1

* Tala er prikka av Udir av personvernomsyn.

	Fitjar vgs.			HFK
	2015/16	2016/17	2017/18	2017/18
Fravær, dager	9,3	7,3	7,4	6,1
Fravær, timer	15,0	10,3	12,2	16,0
Totalfravær, prosent	6,7	5,1	5,4	5,2

OVERGANGAR

Overgang frå yrkesfagleg Vg2 2016/17– status skuleåret 2017/18

	Lære	Vg3 yrkesfag	Påbygg	Omval	Ikkje i opplæring
DH	0,0 %	26,7 %	33,3 %	13,3 %	26,7 %
HO	23,0 %	1,6 %	65,6 %	6,6 %	3,3 %
RM	35,3 %	0,0 %	11,8 %	17,6 %	35,3 %
Snitt	21,5 %	5,4 %	50,5 %	9,7 %	12,9 %

SKULEN SITT ARBEID MED KVALITETSUTVIKLING SKULEÅRET 2017/18

Skulen har eit sterkt fokus på å sjå den einskilde elev slik at elevane opplever å bli sett, opplever meistring og får undervisninga tilpassa slik at eleven får best mogeleg læringsresultat. Fitjar vgs har jobba systematisk med pedagogisk utviklingsarbeid og har som mål å vera ein «kollektivt orientert» skule. For å sikra god kvalitet på undervisninga, har skulen i fleire år jobba med DEN GODE LÆRINGSØKTA. Elevane har vore sterkt deltagande i dette arbeidet, slik at kvar einskild undervisningstid vert så god som mogeleg. Eit av tiltaka i utviklingsplanen har vore TYDELEG KLASSELEIING. Elevane gir oss tilbakemeldingar på at lærarane er godt førebudde til timane, at læringsmiljøet er føreseieleg, at ein har tydelege forventingar til elevane (krav og rettar), at klassen har sine eigne klasseregular (åferd, miljø.....), og at relasjonar alltid er i fokus. Å jobba med dette i heile kollegiet har vist seg å gi gode resultat i høve til karaktersnittet / karakterutviklinga. Dei fleste elevane har høgare karaktersnitt når dei går ut frå skulen enn kva dei hadde når dei kom inn. Me har klart å auka læringstrykket monaleg. I elevundersøkinga kjem det tydeleg fram at Fitjar vgs er ein god stad å vera. I alle år har elevane gitt tilbakemelding at dei trivst svært godt på skulen, at det er gode relasjonar mellom elev og elev, og mellom elev og lærar/leiing/andre tilsette. Elevane gir oss også svært gode tilbakemeldingar på elevdemokrati. Leiinga jobbar tett på elevrådet og «saman gjer me kvarandre gode». Fitjar vgs har som mål å vera ein digital skule. Skulen har nytta mykje midlar på teknisk utstyr, m.a. digitale tavler i alle klasserom. Me har hatt fokuset vårt på den pedagogiske bruken av IKT. M.a. har me tatt i bruk (i alle fag) planleggjaren i It's learning. Dette er for å strukturera undervisninga meir, samt at det vert meir oversikteleg for elevane kva som skal skje dei neste undervisningsøktene. Fitjar vgs er med i eit internasjonal samarbeid med Tyrkia, Latvia og Litauen: *Effective International Partnership for Education Advancement: Success for every student: Thinking schools*. Deltakinga i dette prosjektet vil utvide den pedagogiske verktykassa til lærarane, der målet er at elevane skal bli reflekterte, kritisk og kreativt tenkjande menneske.



Miljø, læring og trivsel

Elevar: 293

Utdanningstilbod:

- Helse- og oppvekstfag
- Kunst, design og arkitektur
- Naturbruk
- Restaurant og matfag
- Teknikk og industriell produksjon

Særlege tilbod/prosjekt:

- TAF Helse og oppvekstfag
- TAF Naturbruk
- TAF TIP
- Innføringskurs for minoritetsspråklege elevar
- HTH

Adresse:

Leiro, Eikelandsosen

Post.fuv@hfk.no

FUSA VIDAREGÅANDE SKULE.

KARAKTERGRUNNLAG, UTVIKLING OG GJENNOMFØRING

Grunnskulepoeng og karakterutvikling 2017/18, alle trinn


	Grunnskulepoeng		Karaktersnitt	
	Fusa vgs.	HFK	Fusa vgs	HFK
KDA	42,8	41,8	4,1	3,9
Pb4*	49,9	43,8	4,4	4,0
HO	43,3	37,4	4,4	4,1
NA	39,4	39,8	4,3	4,2
RM	35,3	33,2	4,0	3,6
TIP	41,2	34,3	4,3	3,7
Total:	42,7	41,6	4,3	4,0

* Dette er TAF-elevar som 3. og 4. år har status som både lærling og elev.

Fullført og bestått

	2015/16	2016/17	2017/18	HFK
Fullført og bestått	84,5 %	80,6 %	85,3 %	83,5 %
Fullført og ikke bestått	7,1 %	10,9 %	3,1 %	6,0 %
Mangler grunnlag	6,5 %	3,3 %	7,1 %	4,4 %
Alternativ opplæringsplan	0,0 %	0,0 %	0,0 %	0,2 %
Held på med utdanninga	0,6 %	1,4 %	0,9 %	1,8 %
Slutta	1,3 %	3,8 %	3,6 %	4,1 %

Fullført og bestått skuleåret 2017/18 – utdanningsprogram



ELEVUNDERSØKINGA OG FRÅVÆR

	Fusa vgs			HFK
	2015/16	2016/17	2017/18	2017/18
Motivasjon	3,8	3,8	3,8	3,6
Meistring	4,0	3,9	4,0	3,9
Trivsel	4,3	4,3	4,2	4,2
Støtte frå lærarane	4,2	4,0	4,1	4,0
Felles reglar	4,1	3,9	4,1	3,9
Læringskultur	4,1	3,7	3,9	3,8
Vurdering for læring	3,4	3,1	3,3	3,2
Utdanning og yrkesrettleiing			3,7	3,5
Støtte heimafrå	4,0	3,9	3,9	3,8
Fagleg utfordring	4,2	4,2	4,2	4,3
Elevdemokrati og medverknad	3,8	3,5	3,7	3,4
Mobba på skulen		5,7	4,1	4,5
Fysisk læringsmiljø			3,5	3,2
Innsats	4,0	3,9	4,0	3,8
Relevant opplæring	3,8	3,6	3,8	3,5
Variert opplæring	3,9	3,6	3,7	3,7
Praktisk opplæring	3,3	3,4	3,3	3,1

	Fusa vgs.			HFK
	2015/16	2016/17	2017/18	2017/18
Fravær, dager	6,6	4,4	4,8	6,1
Fravær, timer	12,9	8,5	6,7	16,0
Totalfravær, prosent	5,1	3,5	3,5	5,2

OVERGANGAR

Overgang frå yrkesfagleg Vg2 2016/17 – status skuleåret 2017/18

Utdanningsprogram	Lære	Vg3 yrkesfag	Påbygg	Omval	Ikkje i opplæring
HO	13,3 %	0,0 %	60,0 %	13,3 %	13,3 %
NA	65,2 %	0,0 %	30,4 %	0,0 %	4,3 %
RM	57,1 %	0,0 %	14,3 %	14,3 %	14,3 %
TIP	45,0 %	0,0 %	45,0 %	5,0 %	5,0 %
Snitt	46,2 %	0,0 %	40,0 %	6,2 %	7,7 %

Fusa vgs. har TAF-tilbod innan NA, HO og TIP. Desse elevane har eit særlopp der dei er elevar dei to første åra, og har dobbelstatus som både eleve (påbygg) og lærling 3 og 4 år. Dette betyr at overgangstabellen ikkje er godt egna for å vise status for denne gruppa.

SKULEN SITT ARBEID MED KVALITETSUTVIKLING SKULEÅRET 2017/18

Auka læringsutbyte og fullføring er grunnlaget for vår utviklingsplan og vårt daglege arbeid. Prosessen kring utarbeidning av utviklingsplanen 2017 – 2018 har vore prega av ei brei involvering og deltaking. Fokus har vore få mål, med stor gjennomføringskraft. Klasseleiing og psykisk helse har vore overordna tiltaksområde med tilhøyrande tiltak. Tiltaksområdet klasseleiing har ført til systematisk kollegaobservasjon og rettleiing. I tillegg har me løfta opp klasseleiing som det sterkeste enkelttiltaket for å sikra eit trygt og godt læringsmiljø for elevane. Ekstra fokus på å forstå intensjonen med endringa i §9a i 2017 trur me har vore medverkande til at me leverte gode tal på det området i elevundersøkinga. Når det gjeld tiltaksområdet psykisk helse, har me brukt mykje tid på å omdefinera elevtenesta etter at elevinspektør blei fasa ut. Dette arbeidet starta me tidleg og er godt nøgd med å ha etablert skolemiljøkoordinator og skalemiljøteam som supplement til elevtenesta. Det er blitt jobba godt med å omdefinera roller og ansvar under dette tiltaksområdet.

Det er for kort tid til å vurdera om arbeidet vårt med utviklingsplanen for 2017 – 2018 har hatt direkte konsekvens for resultat inneverande skuleår. Me ønskjer å sjå dette i eit litt lengre perspektiv, og det vil nok også prega komande utviklingsplanar. Samtidig ser me at resultata er gode, og viser ein fin tendens. Gjennom utviklingsplanen jobbar me systematisk for å sikra eit trygt og godt læringsmiljø for elevane. Samtidig har me eit bevisst forhold til å jobba for eit trygt og godt arbeidsmiljø for dei tilsette. Me meiner at desse forholda heng saman. Det er derfor hyggeleg å registrera gode resultat i MU 2018.

Me har over tid hatt fokus på kompetanse for kvalitet for dei tilsette. Fusa vgs har eit auka fokus på å utvikla leiargruppa. Gjennom forskingsbasert tilnærming på leiarsamlingar, og kompetanseheving i leiing, håpar me å vera godt rusta til framleis å levera gode resultat ved skulen. Me er veldig bevisst at me må jobba hardt for fortsette å levera gode resultat, og å utvikla oss på alle nivå.





*En skole for læring,
mestring og trivsel*

Elevar: 542

Utdanningstilbod

- Helse og oppvekstfag
- Musikk, dans og drama
- Studiespesialiserande

Særlege tilbod:

- Helse og oppvekstfag for minoritetsspråklege elevar

Adresse

Shetlands-Larsensvei 23,
5143 Fyllingsdalen

post.fyv@hfk.no

FYLLINGSDALEN VIDEREGRÅENDE SKOLE

KARAKTERGRUNNLAG, UTVIKLING OG GJENNOMFØRING


Grunnskulepoeng og karakterutvikling 2017/18, alle trinn

	Grunnskulepoeng		Karaktersnitt	
	Fyllingsdalen vgs.	HFK	Fyllingsdalen vgs	HFK
MDD	43,2	45,9	4,1	4,3
ST	40,0	46,2	3,7	4,2
PB	33,9	37,4	3,1	3,5
HO	33,8	37,4	3,8	4,1
Total:	38,8	41,6	4,3	4,0

Fullført og bestått

	2015/16	2016/17	2017/18	HFK
Fullført og bestått	70,9 %	72,8 %	71,4 %	83,5 %
Fullført og ikke bestått	10,5 %	7,6 %	7,5 %	6,0 %
Mangler grunnlag	13,2 %	10,4 %	14,4 %	4,4 %
Alternativ opplæringsplan	0,0 %	0,0 %	0,2 %	0,2 %
Held på med utdanninga	0,0 %	2,2 %	0,0 %	1,8 %
Slutta	5,4 %	7,0 %	6,3 %	4,1 %

Fullført og bestått skuleåret 2017/18 – utdanningsprogram



ELEVUNDERSØKINGA OG FRÅVÆR

	Fyllingsdalen vgs			HFK
	2015/16	2016/17	2017/18	2017/18
Motivasjon	3,6	3,5	3,4	3,6
Meistring	3,8	3,9	3,8	3,9
Trivsel	4,1	4,2	3,9	4,2
Støtte frå lærarane	3,9	4,0	3,8	4,0
Felles reglar	4,0	3,8	3,7	3,9
Læringskultur	3,9	3,8	3,6	3,8
Vurdering for læring	3,2	3,2	2,9	3,2
Utdanning og yrkesrettleiing	3,3	3,3	3,2	3,5
Støtte heimafrå	3,7	3,8	3,7	3,8
Fagleg utfordring	4,2	4,3	4,2	4,3
Elevdemokrati og medverknad	3,4	3,3	3,3	3,4
Mobba på skulen		4,6	2,6	4,5
Fysisk læringsmiljø			2,8	3,2
Innsats	3,8	3,7	3,7	3,8
Relevant opplæring	3,6	3,5	3,3	3,5
Variert opplæring	3,7	3,6	3,3	3,7
Praktisk opplæring	3,2	3,2	2,9	3,1

	Fyllingsdalen vgs.			HFK
	2015/16	2016/17	2017/18	2017/18
Fravær, dager	11,7	8,7	7,8	6,1
Fravær, timer	27,1	21,1	22,7	16,0
Totalfravær, prosent	9,6	7,2	6,8	5,2

OVERGANGAR

Overgang frå yrkesfagleg Vg2 2016/17– status skuleåret 2017/18

Utdanningsprogram	Lære	Vg3 yrkesfag	Påbygg	Omval	Ikkje i opplæring
HO	32,3 %	0,0 %	48,4 %	9,7 %	9,7 %
Snitt	32,3 %	0,0 %	48,4 %	9,7 %	9,7 %

SKULEN SITT ARBEID MED KVALITETSUTVIKLING SKULEÅRET 2017/18

Eit viktig hovudfokus for FYV er å auke gjennomføringa. Vi arbeider mykje med samhald i klassene ved skulestart gjennom eit eige startvekeprogram. Mellom anna teambuildingstur til Seletun for alle VG1 klassane. Dei to siste åra har vi vore tett på eleven gjennom å satse på kontaktlæraren. Vi har spesielt vore tett på høgt fråvær og potensielle drop-outs. Her har rådgjevarar og leiing vore involverte. Vi har skolefrukost 4 dagar i veka.

Fagleg har mange lærarar vore tett på når det gjeld skriving i alle fag. Her får elevane hjelp og verktøy til å utvikle gode skriftlege oppgåver.

FYV er fylkeskommunen sin Fokusskule via NAFO. Dette gjer at skulen skal vere ein skule med god kompetanse på minoritetsspråklege elevar. Skuleåret 17/18 var vi med i prosjektet Kompetanse for Mangfold, og vi vil i skuleåret 18/19 vidareføre denne kompetansehevinga gjennom Dembra, som vert leia av Rafto-stiftelsen.

Vi ønsker framover å ha enda meir fokus på elevane og deira faglege utvikling. Det er viktig å utfordre elevane frå der med riktig læringstrykk og forventningar utifrå den enkelte elev sitt utgangspunkt.





Læring og vekst for alle

Elevar: 991

Utdanningstilbod:

- Bygg- og anleggsteknikk
- Design og handverk
- Elektrofag
- Helse og oppvekstfag
- Teknikk- og industriell produksjon
- Service og samferdsel
- Studiespesialiserende
- Påbygg til generell studiekompetanse

Særlege tilbod:

- TAF Bygg- og anleggsteknikk
- TAF Elektrofag
- TAF Helse og oppvekstfag
- TAF Teknikk- og industriell produksjon
- Vg2 Utland, Wales (studiespesialiserende)
- Tilrettelagt opplæring innan HT, HTA og HTH

Adresse:

Juvikstølen 9,
5916 Isdalstø

post.knv@hfk.no

KNARVIK VIDAREGÅANDE SKULE

KARAKTERGRUNNLAG, UTVIKLING OG GJENNOMFØRING

Grunnskulepoeng og karakterutvikling 2017/18, alle trinn


	Grunnskulepoeng		Karaktersnitt	
	Knarvik vgs.	HFK	Knarvik vgs.	HFK
ST	47,8	46,2	4,1	4,2
Pb3	40,2	37,4	3,9	3,5
Pb4*	51,1	43,8	4,2	4,0
BA	44,2	35,3	4,4	3,8
DH	39,9	34,8	4,3	3,6
EL	44,4	39,5	4,3	4,1
HO	43,58	37,4	4,3	4,1
SS	36,0	33,7	3,7	3,6
TIP	40,4	34,3	4,2	3,7
Total:	45,1	41,6	4,1	4,0

* Dette er TAF-elevar som 3. og 4. år har status som både lærling og elev.

Fullført og bestått

	2015/16	2016/17	2017/18	HFK
Fullført og bestått	86,2 %	89,2 %	89,1 %	83,5 %
Fullført og ikke bestått	5,0 %	3,8 %	4,2 %	6,0 %
Manglar grunnlag	4,9 %	2,3 %	3,1 %	4,4 %
Alternativ opplæringsplan	0,0 %	0,2 %	0,0 %	0,2 %
Held på med utdanninga	0,7 %	1,8 %	0,1 %	1,8 %
Slutta	2,6 %	2,7 %	3,5 %	4,1 %

Fullført og bestått skuleåret 2017/18 – utdanningsprogram



■ Fullført og bestått ■ Fullført og ikke bestått ■ Manglar grunnlag ■ Held på med utdanninga ■ Slutta

ELEVUNDERSØKINGA OG FRÅVÆR

	Knarvik vgs.			HFK
	2015/16	2016/17	2017/18	2017/18
Motivasjon	3,7	3,6	3,5	3,6
Meistring	3,9	3,9	3,9	3,9
Trivsel	4,2	4,2	4,1	4,2
Støtte frå lærarane	4,0	4,0	3,9	4,0
Felles reglar	3,7	3,7	3,7	3,9
Læringskultur	3,8	3,8	3,8	3,8
Vurdering for læring	3,2	3,2	3,1	3,2
Utdanning og yrkesrettleiling	3,5	3,4	3,2	3,5
Støtte heimafrå	3,7	3,8	3,7	3,8
Fagleg utfordring	4,4	4,4	4,4	4,3
Elevdemokrati og medverknad	3,2	3,2	3,1	3,4
Mobba på skulen		6,3	6,6	4,5
Fysisk læringsmiljø			3,0	3,2
Innsats	3,9	3,8	3,8	3,8
Relevant opplæring	3,6	3,5	3,5	3,5
Variert opplæring	3,7	3,6	3,6	3,7
Praktisk opplæring	3,1	3,1	2,9	3,1

	Knarvik vgs.			HFK
	2015/16	2016/17	2017/18	2017/18
Fravær, dager	7,3	5,6	4,7	6,1
Fravær, timer	15,9	9,7	9,1	16,0
Totalfravær, prosent	5,8	4,2	3,6	5,2

OVERGANGAR

Overgang frå yrkesfagleg Vg2 2016/17– status skuleåret 2017/18

Utdanningsprogram	Lære	Alternativ Vg3 i skule	Vg3 yrkesfag	Påbygg	Omval	Ikkje i opplæring
BA	30,8 %	0,0 %	0,0 %	57,7 %	7,7 %	3,8 %
DH	14,3 %	0,0 %	14,3 %	14,3 %	28,6 %	28,6 %
EL	39,5 %	2,6 %	2,6 %	44,7 %	5,3 %	5,3 %
HO	16,7 %	0,0 %	0,0 %	66,7 %	7,1 %	9,5 %
SS	47,8 %	0,0 %	17,4 %	13,0 %	13,0 %	8,7 %
TIP	61,4 %	1,8 %	0,0 %	19,3 %	8,8 %	8,8 %
Snitt	39,9 %	1,0 %	3,1 %	38,9 %	8,8 %	8,3 %

Knarvik vgs. har TAF-tilbod innan BA, EL, HO og TIP. Desse elevane har eit særlopp der dei er elevar dei to fyrste åra, og har dobbelstatus som både eleve (påbygg) og lærling 3 og 4 år. Dette betyr at overgangstabellen ikkje er godt eigna for å vise status for denne gruppa.

SKULEN SITT ARBEID MED KVALITETSUTVIKLING SKULEÅRET 2017/18

Skulen bygger sitt arbeid på overordna visjon om auka læringsutbyte og fullføring. For å lykkast har vi utarbeidd og konkretisert eit felles verdisyn der alle elevar, utan omsyn til personlege føresetnadar, skal oppleve læring og meistring, både i høve til dei faglege måla og dei generelle utviklingsmåla i læreplanen. Vi har fokus på skolemiljø, læringsmiljø, samarbeid med næringsliv, samarbeid på tvers av kulturar og kvalitet i læringsarbeidet. Kvalitet og kjenneteikn på kvalitet har vi dette skuleåret fordelt på tre arbeidsområde;

Kvalitet i profesjonsfellesskapet

Vi skal lære av kvarandre, reflektere saman og dermed utvikle oss saman. Difor legg vi til rette for forpliktande samarbeid som vert konkretisert i eigne prosjekt. Alt vi gjer er ope, vi deler og vi evaluerer saman med elevane.

Kvalitet i undervisning

Grunnlaget for å auke kvaliteten på undervisninga trur vi ligg i effekten av å utnytte profesjonsfellesskapet systematisk. Kvar lærar må likevel lukkast i møtet med einskildeleven og innhaldet i undervisningsøkta, slik at læring vert ein aktiv prosess for eleven.

Kvalitet i leiing

På vår skule skal alle lære og mestre. Dette gjeld og for dei som har leiarstillingar. Vi vil vere gode og kompetente leiarar som etablerer og vidareutviklar gode strukturar for informasjonsflyt, rutinar og eit systematisk utviklingsarbeid. Leiarane skal vere tett på praksis, stille tydelege forventingar, men ikkje minst vere gode støttespelarar for at lærarane skal lukkast i sitt arbeid i møte med einskildeleven. Å styrke samarbeidet med elevane gjennom ulike organ og møteplassar er viktig for å skape felles forståing, få tilbakemeldingar og finne gode løysingar saman.





Saman gjer vi kvarandre gode og opnar dører for framtida

Elevar: 261

Utdanningstilbod:

- Elektrofag
- Helse og oppvekstfag
- Studiespesialisering
- Teknikk- og industriell produksjon

Særlege tilbod:

- Innføringskurs for minoritetsspråklege elevar
- Kombinasjonsklasse for minoritetsspråklege elevar
- Tilrettelagt undervisning i eigne grupper
- Elevplassar ved St. Paul Lutheran High School, Concordia, Missouri, USA

Øystese gymnas og Norheimsund vidaregåande skule blei ein organisasjon frå 1. januar 2017 – Kvam vidaregåande skule. Det er difor berre med tal for skuleåret 2017/18.

Avd. Norheimsund:
Dalatunvegen 40,
Norheimsund

Avd. Øystese:
Nedre Vik 85, Øystese
Post.oyg@hfk.no

KVAM VIDAREGÅANDE SKULE

KARAKTERGRUNNLAG, UTVIKLING OG GJENNOMFØRING


Grunnskulepoeng og karakterutvikling 2017/18, alle trinn

	Grunnskulepoeng		Karaktersnitt	
	Kvam vgs.	HFK	Kvam vgs	HFK
ST	45,6	45,1	4,2	4,2
Pb3	36,3	37,4	3,3	3,5
EL	37,9	39,5	4,0	4,1
HO	38,5	37,4	4,0	4,1
TIP	33,3	34,3	3,7	3,7
Snitt	42,3	41,6	4,1	4,0

Fullført og bestått

	2015/16	2016/17	2017/18	HFK
Fullført og bestått			90,4 %	83,5 %
Fullført og ikke bestått			5,2 %	6,0 %
Mangler grunnlag			1,6 %	4,4 %
Alternativ opplæringsplan			0,4 %	0,2 %
Held på med utdanninga			0,8 %	1,8 %
Slutta			1,6 %	4,1 %

Fullført og bestått skuleåret 2017/18 – utdanningsprogram



ELEVUNDERSØKINGA OG FRÅVÆR

	Kvam vgs			HFK
	2015/16	2016/17	2017/18	2017/18
Motivasjon			3,6	3,6
Meistring			4,0	3,9
Trivsel			4,3	4,2
Støtte frå lærarane			3,9	4,0
Felles reglar			4,0	3,9
Læringskultur			4,0	3,8
Vurdering for læring			3,1	3,2
Utdanning og yrkesrettleiing			3,4	3,5
Støtte heimafrå			3,9	3,8
Fagleg utfordring			4,5	4,3
Elevdemokrati og medverknad			3,6	3,4
Mobba på skulen			3,0	4,5
Fysisk læringsmiljø			3,3	3,2
Innsats			3,9	3,8
Relevant opplæring			3,5	3,5
Variert opplæring			3,4	3,7
Praktisk opplæring			2,8	3,1

	Kvam vgs			HFK
	2015/16	2016/17	2017/18	2017/18
Fravær, dager				3,5
Fravær, timer				8,8
Totalfravær, prosent				5,2

OVERGANGAR

Overgang frå yrkesfagleg Vg2 2016/17– status skuleåret 2017/18

Utdanningsprogram	Lære	Alternativ Vg3 i skule	Påbygg	Omval	Ikkje i opplæring
BA	100,0 %	0,0 %	0,0 %	0,0 %	0,0 %
EL	41,7 %	16,7 %	25,0 %	0,0 %	0,0 %
HO	25,0 %	0,0 %	0,0 %	50,0 %	0,0 %
TIP	62,5 %	0,0 %	0,0 %	25,0 %	12,5 %
Snitt	58,1 %	6,5 %	9,7 %	12,9 %	3,2 %

Tala gjeld for dei som kjekk på Norheimsund vgs skuleåret 2016/17

SKULEN SITT ARBEID MED KVALITETSUTVIKLING SKULEÅRET 2017/18

Skulen jobbar tett mot ungdomsskulane heile året, men særleg på våren gjennomfører vi overføringsmøte for tryggare skulestart. I tillegg er det oppstartsamtalar mellom skule, heim og elev ved skulestart. Her nyttar me eit konsept utvikla av Bente Vetland kalla systematisk elevoppfølging. All informasjon som kjem fram i desse samtalane, nyttar me til å organisera opplæringa og følgja opp elevane. Informasjonen vert gitt alle faglærarane i klasselærarråd. Elevar med risikofaktorar er me spesielt årvakne på.


Skulen jobbar målretta for at alle elevar skal møta kvar dag, at dei skal delta aktivt i opplæringa og oppleva meistring. Me har gode rutinar for kartlegging og er årvakne på elevar med teikn på utfordringar som hemmar læring eller som har vanskar med å visa kompetansen sin. I møte med desse har me ei heilskapleg tilnærming, der kontaktlæraren koordinerer samarbeidet med og rundt eleven. R-team vert kopla inn i komplekse saker og leiinga ved skulen har elevsaker som tema på møte kvar veke.

Det er eit tett samarbeid mellom kontaktlærarar, faglærarar og rådgjevarar. Dette arbeidet er forankra i handlingsplan ved fråvær. Det er viktig å ivareta systematikk og kontinuitet i dette arbeidet. Godt oppmøte er vesentleg for å få jobba godt saman med elevane i læringsarbeidet deira. Skulen har eit tett samarbeid med føresett for elevar under 18 år. Om eleven ynskjer det, forset dette etter fylte 18 år.

Skulen vil vidareutvikle dette arbeidet, og vera tett på elevane i læringssituasjonen.

Elevar som har store psykiske vanskar og som går til behandling får etter avtale eige opplegg/tilrettelegging ein periode slik at dei kan prøve å gjennomføre opplæringa. Dette kan til tider vera krevjande for skulen for det er ulik tilrettelegging for den det gjeld.





KVV skal vera den viktigaste lærestaden og møteplassen for ungdom i Kvinnherad. Mangfald skal vera vår styrke.

Elevar: 383

Utdanningstilbod:

- Bygg- og anleggsteknikk
- Elektrofag
- Helse- og oppvekstfag
- Påbygg til generell studiekompetanse
- Service og samferdsel
- Studiespesialiserande
- Teknikk og industriell produksjon

Særlege tilbod/prosjekt:

- Innføringskurs for minoritetsspråklege elevar
- Tilrettelagt undervisning i eigne grupper
- Avdeling Valekrossen - Tilbod tilpassa elevar med psykiske vanskar

Adresse:

Opsangervegen 160,
Husnes

Post.kvv@hfk.no

KVINNHERAD VIDAREGÅANDE SKULE

KARAKTERGRUNNLAG, UTVIKLING OG GJENNOMFØRING


Grunnskulepoeng og karakterutvikling 2017/18, alle trinn

	Grunnskulepoeng		Karaktersnitt	
	Kvinnherad vgs.	HFK	Kvinnherad vgs	HFK
ST	47,3	46,2	4,3	4,2
Pb3	33,6	37,4	3,2	3,5
BA	31,4	35,8	3,8	3,8
EL	38,5	39,5	3,9	4,1
HO	38,0	37,4	4,0	4,1
SS	31,9	33,7	3,7	3,6
TIP	32,1	34,3	3,5	3,7
Total:	40,3	41,6	3,9	4,0

Fullført og bestått

	2015/16	2016/17	2017/18	HFK
Fullført og bestått	77,7 %	84,4 %	83,8 %	83,5 %
Fullført og ikke bestått	11,4 %	7,3 %	12,0 %	6,0 %
Mangler grunnlag	6,6 %	4,3 %	0,3 %	4,4 %
Alternativ opplæringsplan	0,0 %	0,0 %	0,0 %	0,2 %
Held på med utdanninga	0,3 %	0,3 %	0,0 %	1,8 %
Slutta	4,0 %	3,8 %	3,6 %	4,1 %

Fullført og bestått skuleåret 2017/18 – utdanningsprogram



ELEVUNDERSØKINGA OG FRÅVÆR

	Kvinnherad vgs			HFK
	2015/16	2016/17	2017/18	2017/18
Motivasjon	3,7	3,8	3,6	3,6
Meistring	3,9	4,0	3,9	3,9
Trivsel	4,4	4,3	4,3	4,2
Støtte frå lærarane	4,1	4,1	4,1	4,0
Felles reglar	4,1	4,0	3,9	3,9
Læringskultur	3,9	3,9	3,9	3,8
Vurdering for læring	3,5	3,3	3,2	3,2
Utdanning og yrkesrettleiing		3,7	3,5	3,5
Støtte heimafrå	3,8	3,9	3,7	3,8
Fagleg utfordring	4,2	4,2	4,3	4,3
Elevdemokrati og medverknad	3,7	3,5	3,7	3,4
Mobba på skulen		2,3	3,5	4,5
Fysisk læringsmiljø			3,7	3,2
Innsats	3,8	3,9	3,8	3,8
Relevant opplæring	3,9	3,7	3,6	3,5
Variert opplæring	4,0	3,9	3,7	3,7
Praktisk opplæring	3,4	3,2	3,2	3,1

	Kvinnherad vgs.			HFK
	2015/16	2016/17	2017/18	2017/18
Fravær, dager	8,2	5,8	5,1	6,1
Fravær, timer	18,7	14,0	14,0	16,0
Totalfravær, prosent	6,4	4,6	4,3	5,2

OVERGANGAR

Overgang frå yrkesfagleg Vg2 2016/17– status skuleåret 2017/18

Utdanningsprogram	Lære	Alternativ Vg3 i skule	Påbygg	Omval	Ikkje i opplæring
BA	69,2 %	0,0 %	0,0 %	7,7 %	23,1 %
EL	30,0 %	0,0 %	40,0 %	10,0 %	20,0 %
HO	7,1 %	0,0 %	67,9 %	10,7 %	14,3 %
TIP	44,4 %	11,1 %	33,3 %	11,1 %	0,0 %
Snitt	30,0 %	1,7 %	43,3 %	10,0 %	15,0 %

SKULEN SITT ARBEID MED KVALITETSUTVIKLING SKULEÅRET 2017/18

Kvinnherad vidaregåande skule har som visjon å vera den viktigaste lærestaden og møteplassen for ungdom i Kvinnherad. Mangfold skal vera skulen sin styrke. I det lokale arbeidet med kvalitetsutvikling er det vektlagt å ha fokus på den einskilde elev sitt grunnlag for kunnskaps- og kompetanseutvikling for å meistra vidare utdanning, arbeid og framtid. Det blir òg vektlagt at skulen skal ha merksemd på å vera ein utviklingsorientert skule med stor samkjensle.

Skuleåret 2017/18 er det arbeidt særskilt med desse utviklingsområda:

- *Tydeleg, felles og heilsakleg klasseleiing basert på gode relasjonar og gjensidige forventningar til læring, meistring og gjennomføring*
- *Vurdering for læring i alle fag.*
- *Yrkesretting og relevans av fellesfaga på yrkesfaglege utdanningsprogram. Relevans som eit mål også i andre fagområde.*
- *Skulebasert kompetanseutvikling ved bruk av Lesson Study*
- *Godt psykososialt lærings- og arbeidsmiljø for alle elevar og i alle klassar.*

Skulen har mange programområde og fagseksjonar sett opp mot storleik. Det er ein viktig målsetnad at elevane, uavhengig av programområde, skal ha lik kvalitet i opplæringa. I arbeidet med kvalitetsutvikling er det vektlagt å arbeide tverrfagleg ved å ha merksemd på forskingsrelaterte faktorar som fremjar eit trygt læringsmiljø, relevans i opplæringa, gode relasjonar og ein heilsakleg vurderingspraksis. Metodisk er Lesson Study, «forskingstimen», nytta som tilnærming i det kollektive arbeidet med mål- og tiltaksområda dette skuleåret.





Ein skule i samspel

Innafor skulen vektlegg vi å bygge gode relasjoner imellom elevane, klassane, lærarane og leiinga.

Vi legg og vekt på samarbeid med andre skular, høgskular og universitet, opplæringskontor, næringsliv og lokalmiljø, samt med skuleeigar.

Elevar: 643

Utdanningstilbod:

- Bygg- og anleggsteknikk
- Elektrofag
- Medium og kommunikasjon
- Påbygg til generell studiekompetanse
- Studiespesialisering
- Teknikk og industriell produksjon

Særlege tilbod:

- Elektrofag med spesiell studiekompetanse

Adresse:

Gravdalsrinden 47,
Ytre Laksevåg

Post.lav@hfk.no

LAKSEVÅG VIDEREGRÅENDE SKOLE

KARAKTERGRUNNLAG, UTVIKLING OG GJENNOMFØRING


Grunnskulepoeng og karakterutvikling 2017/18, alle trinn

	Grunnskulepoeng		Karaktersnitt	
	Laksevåg vgs.	HFK	Laksevåg vgs	HFK
MK	35,0	39,8	3,3	3,5
ST	39,5	46,2	3,5	4,2
Pb3	39,3	37,4	3,5	3,5
Pb4	38,7	43,8	3,4	4,0
BA	33,5	35,8	3,4	3,8
EL	42,9	39,5	4,2	4,1
MK (Y)	37,3	39,1	3,2	3,6
TIP	34,6	34,3	3,8	3,7
Total:	38,1	41,6	3,6	4,0

Fullført og bestått

	2015/16	2016/17	2017/18	HFK
Fullført og bestått	71,6 %	73,7 %	70,7 %	82,5 %
Fullført og ikke bestått	11,2 %	9,1 %	12,2 %	6,1 %
Manglar grunnlag	9,0 %	8,3 %	9,4 %	4,4 %
Alternativ opplæringsplan	0,0 %	0,0 %	0,0 %	0,2 %
Held på med utdanninga	3,1 %	1,7 %	1,0 %	1,4 %
Slutta	5,1 %	7,3 %	6,6 %	4,2 %

Fullført og bestått skuleåret 2017/18 – utdanningsprogram



ELEVUNDERSØKINGA OG FRÅVÆR

	Laksevåg vgs			HFK
	2015/16	2016/17	2017/18	2017/18
Motivasjon	3,5	3,5	3,4	3,6
Meistring	3,9	3,9	3,8	3,9
Trivsel	4,1	4,2	4,1	4,2
Støtte frå lærarane	3,9	3,9	3,8	4,0
Felles reglar	3,8	3,7	3,7	3,9
Læringskultur	3,7	3,6	3,5	3,8
Vurdering for læring	3,2	3,2	3,1	3,2
Utdanning og yrkesrettleiing	3,6	3,3	3,2	3,5
Støtte heimafrå	3,6	3,7	3,6	3,8
Fagleg utfordring	4,1	4,1	4,2	4,3
Elevdemokrati og medverknad	3,3	3,3	3,1	3,4
Mobba på skulen		3,9	6,6	4,5
Fysisk læringsmiljø			2,8	3,2
Innsats	3,6	3,8	3,5	3,8
Relevant opplæring	3,5	3,5	3,3	3,5
Variert opplæring	3,7	3,7	3,5	3,7
Praktisk opplæring	3,1	3,0	2,8	3,1

	Laksevåg vgs.			HFK
	2015/16	2016/17	2017/18	2017/18
Fravær, dager	11,7	6,9	7,9	6,1
Fravær, timer	27,0	19,0	22,2	16,0
Totalfravær, prosent	9,6	6,1	7,0	5,2

OVERGANGAR

Overgang frå yrkesfagleg Vg2 2016/17– status skuleåret 2017/18

Utdanningsprogram	Lære	Alternativ Vg3 i skule	Vg3 yrkesfag	Påbygg	Omval	Ikkje i opplæring
BA	43,8 %	0,0 %	6,3 %	6,3 %	25,0 %	18,8 %
EL	26,9 %	7,7 %	0,0 %	57,7 %	0,0 %	7,7 %
MK (Y)	3,1 %	0,0 %	21,9 %	75,0 %	0,0 %	0,0 %
TIP	75,7 %	5,4 %	0,0 %	13,5 %	2,7 %	2,7 %
Snitt	38,7 %	3,6 %	7,2 %	40,5 %	4,5 %	5,4 %

SKULEN SITT ARBEID MED KVALITETSUTVIKLING SKULEÅRET 2017/18

Ved Laksevåg videregående skole legg vi vekt på at elevane utviklar både fagleg og sosial kompetanse. Vi byggjer gode relasjonar og skapar trygge rammer gjennom tydeleg klasseleiing. Vi gir opplæring på alle nivå og har lang røynsle i og gode resultat frå arbeid med tilpassa opplæring, særleg ved Tilrettelagt avdelinga vår (TO).

Når det gjeld fullført og bestått, ser vi at det er stor ulikskap mellom programområda våre. Medium og kommunikasjon trekk ned med berre 44,4 % på vg1, 50% på vg2 og 37,5 % på vg3. Søkjrarane til MK kjenner ikkje alltid skilnaden mellom MK som yrkesfag og som studieførebuande, og då er vegen kort til fråvær eller fråfall. Låge inntakspoeng ved utdanningsprogramma MK og ST etter at studieførebuande tilbod blei vedteken avvikla ved LAV, trekk ned resultata våre for 2017-18 og aukar fråværsprosenten og talet på sluttarar ved skulen vår. Dette ser vi og i Elevundersøkinga – dersom ein ikkje meistrar, trivst ein heller ikkje.

Påbygging til studiekompetanse trekk opp delen fullført og bestått, til heile 94,4 % i ein av klassane. Fråværsregelen har hatt særleg god innverknad på resultata for elevane på Påbygging. Her ser vi ein kraftig nedgang i fråværet og ein tilsvarande betring i karakterresultata. Vi gler oss særleg over matematikkresultata.

Gode resultat på dei yrkesfaglege programområda som vert vidareførte i åra framover er særslig gledeleg og eit godt utgangspunkt for arbeidet vidare. Vi er særslig stolte over delen av elevar som får læreplass. Eit godt samarbeid med opplæringskontor og bedrifter gjennom åra gjer at bedriftene veit at dersom dei får ein lærling frå Laksevåg, så får dei kvalitet. Våren 2018 fekk 18 av dei 21 elevane som fullførte skuleåret på Byggteknikk, læreplass. 11 av dei 12 elevane ved Industriteknologi fekk læreplass og 9 av 16 på Elenergi. På Kjemiprosess fekk alle dei 25 som ønskte det, læreplass!



*Kunnskap & kreativitet,
trivsel & takhøyde*

Elevar: 624

Utdanningstilbod:

- Musikk, dans og drama
- Studiespesialiserande

Adresse:

Hagerups vei 17, Landås

Post.las@hfk.no

LANGHAUGEN VIDEREGÅENDE SKOLE

KARAKTERGRUNNLAG, UTVIKLING OG GJENNOMFØRING


Grunnskulepoeng og karakterutvikling 2017/18, alle trinn

	Grunnskulepoeng		Karaktersnitt	
	Langhaugen vgs.	HFK	Langhaugen vgs	HFK
MDD	48,2	45,9	4,4	4,3
ST	47,8	46,2	4,3	4,2
Total:	48,0	41,6	4,4	4,0

Fullført og bestått

	2015/16	2016/17	2017/18	HFK
Fullført og bestått	90,0 %	93,5 %	93,6 %	83,5 %
Fullført og ikke bestått	3,1 %	1,1 %	2,4 %	6,0 %
Mangler grunnlag	5,9 %	3,9 %	2,4 %	4,4 %
Alternativ opplæringsplan	0,0 %	0,0 %	0,0 %	0,2 %
Held på med utdanninga	0,2 %	0,0 %	0,0 %	1,8 %
Slutta	0,8 %	1,8 %	1,6 %	4,1 %

Fullført og bestått skuleåret 2017/18 – utdanningsprogram



ELEVUNDERSØKINGA OG FRÅVÆR

	Langhaugen vgs			HFK
	2015/16	2016/17	2017/18	2017/18
Motivasjon	3,6	3,6	3,4	3,6
Meistring	4,0	4,0	4,0	3,9
Trivsel	4,4	4,4	4,2	4,2
Støtte frå lærarane	4,0	4,0	3,9	4,0
Felles reglar	3,8	3,9	3,8	3,9
Læringskultur	4,0	3,9	3,8	3,8
Vurdering for læring	3,0	3,0	2,9	3,2
Utdanning og yrkesrettleiing	3,4	3,2	3,3	3,5
Støtte heimafrå	3,9	3,9	3,8	3,8
Fagleg utfordring	4,5	4,5	4,5	4,3
Elevdemokrati og medverknad	3,2	3,2	3,0	3,4
Mobba på skulen		3,5	2,6	4,5
Fysisk læringsmiljø		3,4	3,1	3,2
Innsats	3,9	3,9	3,8	3,8
Relevant opplæring	3,5	3,5	3,4	3,5
Variert opplæring	3,4	3,5	3,4	3,7
Praktisk opplæring	3,0	3,1	2,8	3,1

	Langhaugen vgs.				HFK
	2015/16	2016/17	2017/18	2017/18	
Fravær, dager	9,3	7,0	7,0	6,1	
Fravær, timer	19,0	13,8	17,8	16,0	
Totalfravær, prosent	7,5	5,5	6,1	5,2	

BILETER FRÅ SKULEN



SKULEN SITT ARBEID MED KVALITETSUTVIKLING SKULEÅRET 2017/18

Langhaugen har hatt fullføring som overordna satsingsområde. Tala for 2017-18 viser framleis god tilstand med høg grad av gjennomføring. Skulen har utarbeidd felles tiltak for å følgje opp elevar som står i fare for ikkje å fullføre.

Fråværet viser ei lita auke frå året før og ligg også litt over tala for HFK samla. Dette er ei utvikling vi er merksame på og som vil bli følgd opp i dialog med elevråd og tilsette.

Elevundersøkinga viser positive tal i fleire kategoriar. Dette skuleåret skal vi jobbe vidare særskilt med motivasjon, medverknad og vurdering, med utgangspunkt i eit personalseminar ved skulestart. Dette vil bli følgt opp systematisk gjennom skuleåret. Skulen har i tillegg prioritert arbeidet med skulemiljø, eit arbeid som held fram også i inneverande skuleår. Dette arbeidet kjem bl.a. til uttrykk i skulen sin visjon.



Dristige hjerner i samspill

Elevar: 831

Utdanningstilbod

- Helse- og oppvekstfag
- Medium og kommunikasjon
- Påbygg til generell studiekompetanse
- Studiespesialisering

Særlege tilbod/prosjekt:

- Helse- og oppvekstfag med generell studiekompetanse
- Knutepunktskule for hørselshemmede
- Sjukehusskule
- Tilrettelagt undervisning i eigne grupper

Adresse:

Steinsvikvegen 430, Rådal

Post.ngv@hfk.no

NORDAHL GRIEG VIDEREGÅENDE SKOLE.

KARAKTERGRUNNLAG, UTVIKLING OG GJENNOMFØRING


Grunnskulepoeng og karakterutvikling 2017/18, alle trinn

	Grunnskulepoeng		Karaktersnitt	
	Nordahl Grieg vgs.	HFK	Nordahl Grieg vgs	HFK
MK	40,4	39,8	3,5	3,5
ST	48,0	46,2	4,4	4,2
Pb3	39,5	37,4	3,7	3,5
HO	42,9	37,4	4,4	4,1
MK (Y)	39,9	39,1	3,8	3,6
Total:	45,7	41,6	4,22	4,0

Fullført og bestått

	2015/16	2016/17	2017/18	HFK
Fullført og bestått	87,1 %	84,8 %	85,5 %	83,5 %
Fullført og ikke bestått	3,8 %	5,4 %	4,4 %	6,0 %
Manglar grunnlag	6,5 %	5,6 %	4,8 %	4,4 %
Alternativ opplæringsplan	0,0 %	0,4 %	0,0 %	0,2 %
Held på med utdanninga	0,2 %	1,8 %	2,1 %	1,8 %
Slutta	2,3 %	2,0 %	3,3 %	4,1 %

Fullført og bestått skuleåret 2017/18 – utdanningsprogram



ELEVUNDERSØKINGA OG FRÅVÆR

	Nordahl Grieg vgs			HFK
	2015/16	2016/17	2017/18	2017/18
Motivasjon	3,6	3,6	3,4	3,6
Meistring	3,9	3,8	3,9	3,9
Trivsel	4,1	4,1	4,1	4,2
Støtte frå lærarane	4,1	3,9	4,1	4,0
Felles reglar	3,9	3,8	3,9	3,9
Læringskultur	3,9	3,8	4,0	3,8
Vurdering for læring	3,5	3,3	3,4	3,2
Utdanning og yrkesrettleiing	3,5	3,4	3,6	3,5
Støtte heimafrå	3,6	3,7	3,7	3,8
Fagleg utfordring	4,3	4,4	4,5	4,3
Elevdemokrati og medverknad	3,6	3,6	3,7	3,4
Mobba på skulen		4,0	5,7	4,5
Fysisk læringsmiljø			3,4	3,2
Innsats	3,7	3,8	3,9	3,8
Relevant opplæring	3,8	3,7	3,7	3,5
Variert opplæring	3,8	4,1	3,8	3,7
Praktisk opplæring	3,7	3,7	3,4	3,1

	Nordahl Grieg vgs.			HFK
	2015/16	2016/17	2017/18	2017/18
Fravær, dager	9,0	7,0	6,7	6,1
Fravær, timer	27,0	18,4	18,9	16,0
Totalfravær, prosent	7,8	5,9	5,8	5,2

OVERGANGAR

Overgang frå yrkesfagleg Vg2 2016/17– status skuleåret 2017/18

Utdanningsprogram	Lære	Vg3 yrkesfag	Påbygg	Omval	Ikkje i opplæring
HO	34,5 %	0,0 %	62,1 %	3,4 %	0,0 %
MK (Y)	4,3 %	15,2 %	71,7 %	2,2 %	6,5 %
Snitt	16,0 %	9,3 %	68,0 %	2,7 %	4,0 %

SKULEN SITT ARBEID MED KVALITETSUTVIKLING SKULEÅRET 2017/18

Nordahl Grieg videregående skole tar mål av seg til å vere ein innovativ og utforskande skule som skal gi elevane ei berekraftig utdanning. Eitt av dei store satsingsområda gjennom fleire år har vore bruk av **dataspel i undervisninga**. Målet er at fleire lærarar tar i bruk spel som ein læringsarena der elevar får erfaringar og opplevingar som elles er vanskelig å skape i skulekvardagen. I år er det grunn til å trekke fram samarbeidet med European Schoolnet som noko av det mest spennande som har skjedd, der fire lærarar har testa ut to ulike spel i samarbeid med kollegaer frå andre land i Europa. Skulen har også fått ein off.phd. i samarbeid med Universitetet i Bergen kor ein av våre medarbeidarar skal forske på «Spilldidaktikk – betingelser for spill og læring i videregående skole».

Grøn innovasjon er namnet på eit fleirfagleg samarbeidsprosjekt mellom realfag og økonomiske fag der målet er at elevane skal sjå samanhengar mellom fagområda og tenkje «grøne» løysingar for framtida. Skulen har utarbeidd ein programfagpakke for elevane med utgangspunkt i eksisterande læreplanar i faga, og det er eit prosjekt som fell inn under omgrepet «djubdelæring» slik det blir definert i overordna del av læreplanen og fagfornyinga.

«**Dristige hjerter**» er namnet på miljøteamet ved skulen. I skulen sin utviklingsplan har vi fokus på folkehelse og livsmestring, og eitt av tiltaka har vore å opprette eit slikt team for å kunne gi støtte og oppfølging til elevar som er i faresona for å droppe ut av skulen. Teamet driv også med miljøskapande aktivitetar for heile elevgruppa, dette er med på å fremme trivsel og læring ved skulen. Skulen har svært lave tal på sluttarar, noko som vi veit har samanheng med miljøteamet sitt gode arbeid.

Som ledd i å gi elevane ei berekraftig utdanning arrangerer skulen kvart år ein tre dagars konferanse for elevane, - **Framtidsskonferansen**. Gjennom foredrag og workshops set ein fokus på viktige problemstillingar knytt til demokrati, teknologiutvikling og menneskeverd. I år var temaet «Kampen om virkeligheten – fakta, fiksjon eller fake?» Vi har hatt mange politikarar og gode fagfolk som har delteke på konferansen opp gjennom åra, og etter at skulen blei Universitetsskole i 2016 har vi utvikla nære relasjonar til UiB. Dette er svært positivt for ein skule som heile tida vil utforske sin praksis gjennom å vere «Dristige hjerter i samspill».



*Ein god stad å vera – ein
god stad å læra*

Elevar: 287

Utdanningstilbod:

- Bygg- og anleggsteknikk
- Elektrofag
- Helse- og oppvekstfag
- Idrettsfag
- Studiespesialiserande
- Teknikk- og industriell produksjon
- Design og handverk

Særlege tilbod:

- Innføringskurs for minoritetsspråklege elevar.

Adresse:

Eidesmoen 73,
Odda

Post.odv@hfk.no

ODDA VIDAREGÅANDE SKULE.

KARAKTERGRUNNLAG, UTVIKLING OG GJENNOMFØRING


Grunnskulepoeng og karakterutvikling 2017/18, alle trinn

	Grunnskulepoeng		Karaktersnitt	
	Odda vgs.	HFK	Odda vgs	HFK
ID	43,0	45,1	3,9	4,2
ST	45,3	46,2	3,8	4,2
BA	37,9	35,3	4,0	3,8
EL	40,3	39,5	4,1	4,1
HO	33,5	37,4	3,5	4,1
TIP	35,9	34,3	3,9	3,7
Total:	40,8	41,6	3,8	4,0

Fullført og bestått

	2015/16	2016/17	2017/18	HFK
Fullført og bestått	81,3 %	84,5 %	81,3 %	83,5 %
Fullført og ikke bestått	8,7 %	6,4 %	7,4 %	6,0 %
Mangler grunnlag	5,5 %	3,4 %	4,0 %	4,4 %
Alternativ opplæringsplan	0,0 %	0,0 %	4,0 %	0,2 %
Held på med utdanninga	1,0 %	2,0 %	0,7 %	1,8 %
Slutta	3,5 %	3,7 %	2,6 %	4,1 %

Fullført og bestått skuleåret 2017/18 – utdanningsprogram



ELEVUNDERSØKINGA OG FRÅVÆR

	Odda vgs			HFK
	2015/16	2016/17	2017/18	2017/18
Motivasjon	3,7	3,8	3,6	3,6
Meistring	4,0	4,0	3,9	3,9
Trivsel	4,3	4,3	4,2	4,2
Støtte frå lærarane	4,0	4,1	4,0	4,0
Felles reglar	4,0	3,9	3,8	3,9
Læringskultur	4,0	4,1	4,0	3,8
Vurdering for læring	3,4	3,5	3,3	3,2
Utdanning og yrkesrettleiing	3,6	3,9		3,5
Støtte heimafrå	3,8	4,0	3,9	3,8
Fagleg utfordring	4,3	4,4		4,3
Elevdemokrati og medverknad	3,5	3,6	3,3	3,4
Mobba på skulen		3,1	8,5	4,5
Fysisk læringsmiljø	3,4	3,3		3,2
Innsats	3,8	3,9	3,8	3,8
Relevant opplæring	3,6	3,7	3,7	3,5
Variert opplæring	3,9	3,7	3,7	3,7
Praktisk opplæring	3,3	3,3	3,1	3,1

	Odda vgs.			HFK
	2015/16	2016/17	2017/18	2017/18
Fravær, dager	8,7	5,6	6,2	6,1
Fravær, timer	16,0	9,1	10,4	16,0
Totalfravær, prosent	6,5	4,1	4,6	5,2

OVERGANGAR

Overgang frå yrkesfagleg Vg2 2016/17– status skuleåret 2017/18

Utdanningsprogram	Lære	Alternativ Vg3 i skule	Vg3 yrkesfag	Påbygg	Omval	Ikkje i opplæring
BA	84,6 %	0,0 %	0,0 %	0,0 %	7,7 %	7,7 %
DH	0,0 %	62,5 %	0,0 %	0,0 %	12,5 %	25,0 %
EL	33,3 %	0,0 %	33,3 %	0,0 %	8,3 %	25,0 %
HO	55,6 %	0,0 %	0,0 %	22,2 %	11,1 %	11,1 %
TIP	73,3 %	0,0 %	0,0 %	0,0 %	6,7 %	20,0 %
Snitt	58,3 %	6,9 %	5,6 %	2,8 %	8,3 %	18,1 %

8 elevar på DH. Landslinje Smed.

SKULEN SITT ARBEID MED KVALITETSUTVIKLING SKULEÅRET 2017/18

Odda vidaregåande skule har arbeidd mykje med å betre oppfylging av einskildelevar. Dette arbeidet vert koordinert gjennom ressursteamet ved skulen, og omfattar gode rutinar for elevsamtalar, fagsamtalar, kartlegging osb. Målet er å auke gjennomføringa og «fullført og bestått»-raten.

I det pedagogiske utviklingsarbeidet vårt har vi dei siste åra hatt fokus på «Vurdering for læring – VFL». Lærarane har kollektivt deltatt på eit kompetansehevingsprogram initiert frå Utdanningsdirektoratet. Vi oppmodar kvarandre til å eksperimentere og prøve ut ny pedagogisk praksis i klasserom og på verkstader, både når det gjeld vurderingsarbeidet og andre sider ved læringsarbeidet.

Skulen har i år innført *mobilhotell* og strengare reglar for bruk av digitale hjelpemiddlar. Dette har sin bakgrunn i at elevar og lærarar melde om at desse hjelpemiddlane for mange elevar også var ei distraksjonskjelde som tok vekk fokus frå læringsarbeidet. Vi har ikkje evaluert ordninga enno, men førebelse tilbakemeldingar tyder på at dette er nyttig. Vi satsar på *internasjonalisering*, og er involvert i fleire internasjonale prosjekt. Desse omfattar samarbeidspartnarar i heile Europa. Hovudmålet med satsinga er å gje elevane mogeligheter til å reise ut for å treffe ungdomar i andre land, og såleis bli kjende med kultur- og arbeidsliv.

Odda vidaregåande skule har ca 300 elevar. Likevel har skulen eit breitt tilbod av utdanningsprogram. Dette har skulen sett på som ein viktig del av samfunnsoppdraget vårt sidan dei aller fleste elevane våre ikkje har alternativ skule i normal reiseavstand. Med eit smalare tilbod hos oss, vil fleire ungdomar måtte flytte på hybel til andre stader i fylket/landet.





Meistring, læring og vekst

Elevar: 525

Utdanningstilbod:

- Helse- og oppvekstfag
- Kunst, design og arkitektur
- Påbygg til generell studiekompetanse
- Studiespesialiserande

Særlege tilbod/prosjekt:

- Vekslingsmodell helse og oppvekstfag
- Innføringskurs for minoritetsspråklege elevar

Adresse:

Olsvikåsen 152,
Olsvik

Post.olv@hfk.no

OLSVIKÅSEN VIDEREGRÅENDE SKOLE

KARAKTERGRUNNLAG, UTVIKLING OG GJENNOMFØRING

Grunnskulepoeng og karakterutvikling 2017/18, alle trinn

	Grunnskulepoeng		Karaktersnitt	
	Olsvikåsen vgs.	HFK	Olsvikåsen vgs	HFK
KDA	41,4	41,8	4,0	3,9
ST	46,2	46,2	4,3	4,2
Pb3	39,3	37,4	3,6	3,5
HO	37,6	37,4	4,2	4,1
Total:	42,6	41,6	4,2	4,0

Fullført og bestått

	2015/16	2016/17	2017/18	HFK
Fullført og bestått	82,3 %	84,6 %	90,0 %	83,5 %
Fullført og ikke bestått	7,4 %	4,7 %	3,7 %	6,0 %
Manglar grunnlag	4,0 %	2,1 %	0,8 %	4,4 %
Alternativ opplæringsplan	0,0 %	0,0 %	0,0 %	0,2 %
Held på med utdanninga	0,6 %	3,9 %	2,1 %	1,8 %
Slutta	5,3 %	4,7 %	3,5 %	4,1 %

Fullført og bestått skuleåret 2017/18 – utdanningsprogram



■ Fullført og bestått ■ Fullført og ikke bestått ■ Manglar grunnlag ■ Held på med utdanninga ■ Slutta

ELEVUNDERSØKINGA OG FRÅVÆR

	Olsvikåsen vgs			HFK
	2015/16	2016/17	2017/18	2017/18
Motivasjon	3,6	3,7	3,6	3,6
Meistring	3,9	4,0	3,9	3,9
Trivsel	4,2	4,3	4,2	4,2
Støtte frå lærarane	4,1	4,2	4,2	4,0
Felles reglar	3,8	4,1	4,1	3,9
Læringskultur	3,7	3,9	4,0	3,8
Vurdering for læring	3,3	3,4	3,3	3,2
Utdanning og yrkesrettleiing	3,5	3,6	3,7	3,5
Støtte heimafrå	3,7	4,0	3,8	3,8
Fagleg utfordring		4,4	4,4	4,3
Elevdemokrati og medverknad	3,6	3,8	3,8	3,4
Mobba på skulen		1,8	2,8	4,5
Fysisk læringsmiljø			3,6	3,2
Innsats	3,8	3,9	3,8	3,8
Relevant opplæring	3,6	3,7	3,5	3,5
Variert opplæring	3,7	3,9	3,8	3,7
Praktisk opplæring	3,3	3,5	3,3	3,1

	Olsvikåsen vgs.				HFK
	2015/16	2016/17	2017/18	2017/18	
Fravær, dager	9,9	7,4	6,8	6,1	
Fravær, timer	18,4	13,1	14,6	16,0	
Totalfravær, prosent	7,4	5,4	5,4	5,2	

OVERGANGAR

Overgang frå yrkesfagleg Vg2 2016/17– status skuleåret 2017/18

Utdanningsprogram	Lære	Påbygg	Omval	Ikkje i opplæring
HO	11,9	44,0%	27,4,1%	16,7%
Snitt	11,9	44,0%	27,4,1%	16,7%

SKULEN SITT ARBEID MED KVALITETSUTVIKLING SKULEÅRET 2017/18

Olsvikåsen videregående skole synte også skuleåret 2017/2018 auke i tal på fullføring og auka læringsutbytte.

Skulen er oppteken av kvalitetsutvikling, og utviklingsplanen synleggjer skulen sine rutinar og strukturar for å sikre at elevane får god oppfølging både fagleg og psykososialt. Skuleåret 2017/2018 hadde vi stor merksemd på elevane sitt psykososiale læringsmiljø og har arbeidd for å sikre kvalitet i arbeidet med ruinar knytt til Opplæringslova sin §9A. Avdelingane og fagseksjonane er opptekne av å vidareutvikle eit sterkt læringsmiljø og har brukt tid på *vurdering for læring*, og lærarane har delt kompetanse med kvarandre gjennom kollegarettleiring og ved å presentere og dele pedagogiske opplegg.

Olsvikåsen vgs. ynskjer å vidareutvikle det som fungerer godt, og samstundes vere merksame på behov for endringar som følgje av eigne erfaringar, forsking og kommande styringsdokument knytt til *Fagfornyinga* og *Ny overordna del* av læreplanverket. Fagseksjonane har difor mellom anna arbeidd med høyringar knytt til nye læreplanar.

Vi ser behov for å revidere skulen sin utviklingsplan. I tiltaksområda for det pedagogiske utviklingsarbeidet vil vi ta utgangspunkt i data, analysar og samanhengar slik dei kjem fram i den verksemdbaserte vurderinga, og skulen vil legge planar med utgangspunkt relevant kunnskap og styringssignal frå skuleeigar. Satsingsområda vil ta utgangspunkt i kunnskapsgrunnlaget for skulen, med særleg vekt på tilstandsvurdering, medarbeidarundersøking og tilbakemeldingar etter skulebesök frå Opplæringsavdelinga.



Aktivt og inkluderende læringsmiljø, prega av engasjement, innsats, motivasjon og trivsel

Elevar: 256

Utdanningstilbod

- Studiespesialiserande

Adresse

Gymnasvegen 85, Os

Post.osg@hfk.no

OS GYMNAS

KARAKTERGRUNNLAG, UTVIKLING OG GJENNOMFØRING


Grunnskulepoeng og karakterutvikling 2017/18, alle trinn

	Grunnskulepoeng		Karaktersnitt	
	Os gymnas.	HFK	Os gymnas	HFK
ST	45,8	46,2	4,1	4,2
Snitt	45,8	41,6	4,1	4,0

Fullført og bestått

	2015/16	2016/17	2017/18	HFK
Fullført og bestått	86,6 %	87,3 %	90,6 %	83,5 %
Fullført og ikke bestått	6,3 %	5,2 %	2,8 %	6,0 %
Manglar grunnlag	5,0 %	4,4 %	2,4 %	4,4 %
Alternativ opplæringsplan	0,0 %	0,0 %	0,0 %	0,2 %
Held på med utdanninga	0,4 %	0,0 %	0,4 %	1,8 %
Slutta	1,7 %	3,2 %	3,9 %	4,1 %

Fullført og bestått skuleåret 2017/18 – utdanningsprogram



ELEVUNDERSØKINGA OG FRÅVÆR

	Os gymnas			HFK
	2015/16	2016/17	2017/18	2017/18
Motivasjon	3,5	3,4	3,5	3,6
Meistring	3,9	4,0	4,0	3,9
Trivsel	4,2	4,2	4,2	4,2
Støtte frå lærarane	3,9	3,9	3,9	4,0
Felles reglar	3,6	3,8	3,8	3,9
Læringskultur	3,8	3,7	3,7	3,8
Vurdering for læring	2,9	3,1	3,1	3,2
Utdanning og yrkesrettleiring	3,2	3,7	3,6	3,5
Støtte heimafrå	3,7	3,7	3,9	3,8
Fagleg utfordring	4,4		4,4	4,3
Elevdemokrati og medverknad	3,1	3,3	3,3	3,4
Mobba på skulen		4,4	5,2	4,5
Fysisk læringsmiljø			3,1	3,2
Innsats	3,7	3,7	3,8	3,8
Relevant opplæring	3,3	3,3	3,3	3,5
Variert opplæring	3,5	3,4	3,5	3,7
Praktisk opplæring	2,7	3,0	2,8	3,1

	Os gymnas			HFK
	2015/16	2016/17	2017/18	2017/18
Fravær, dager	8,0	4,0	4,4	6,1
Fravær, timer	19,1	13,9	13,2	16,0
Totalfravær, prosent	6,5	3,8	3,9	5,2

BILETER FRÅ SKULEN



SKULEN SITT ARBEID MED KVALITETSUTVIKLING SKULEÅRET 2017/18

Trivsel – Kunnskap – Vennskap

Vi på Os gymnas arbeider for å ha ein skule som er prega av engasjement og trivsel. Vi legg vekt på å skape eit trygt og inkluderande læringsmiljø. Skulen legg også vekt på at alle deltek og tek medansvar i skuledemokratiet. Satsingsområda våre er auka læringsutbytte, auka kvalitet på undervisninga og auka rekruttering.

Tilbakemeldingar frå elevane har ført til eit ekstra fokus på korleis lærarane kan gje tilbakemelding som faktisk fører til læring. Vi vil sjå på korleis ein kan auke kvaliteten på tilbakemeldingane. Vi vil arbeide for å få til eit nærrare og betre samarbeid mellom faglærarane, både på tvers av fag og i fagseksjonar, for å oppnå høgare grad av felles vurderingspraksis og felles norm for kva som inngår i sluttvurderinga. Vi ønskjer å bli endå flinkare til å synleggjere kvalitets- og vurderingskriterium for elevane våre.

Skulen har gode tal på fullført og bestått med 90,6 %, dette syner at arbeidet med å auka læringsutbytte og kvalitet på undervisninga er viktige satsingsområde som vi vil arbeide vidare med. No er skulen blitt sertifisert som Miljøfyrår, dette gjer at skulen vil halde fram med å ha fokus på miljøarbeid og arbeide for å få dette tydeligare fram i utviklingsplanane våre.



Os vgs – for samarbeid og læring

Elevar: 457

Utdanningstilbod:

- Bygg- og anleggsteknikk
- Elektrofag
- Helse- og oppveksningsfag
- Service og samferdsel
- Teknikk. og industriell produksjon

Særlege tilbod:

- HT-grupper i byggfag/teknikk og industriell produksjon
- Arbeidstreningsgruppe
- Kvardagslivsgruppe

Adresse:

Kolskogheiane 14, Os

Post.osv@hfk.no

OS VIDAREGÅANDE SKULE

KARAKTERGRUNNLAG, UTVIKLING OG GJENNOMFØRING


Grunnskulepoeng og karakterutvikling 2017/18, alle trinn

	Grunnskulepoeng		Karaktersnitt	
	Os vgs.	HFK	Os vgs	HFK
Pb3	36,7	37,4	3,4	3,5
BA	34,8	35,3	3,8	3,8
EL	37,0	39,5	3,9	4,1
HO	41,3	37,4	4,6	4,1
SS	30,6	33,7	3,5	3,6
TIP	34,8	34,3	3,6	3,7
Snitt	36,1	41,6	3,9	4,0

Fullført og bestått

	2015/16	2016/17	2017/18	HFK
Fullført og bestått	82,9 %	83,9 %	81,1 %	83,5 %
Fullført og ikke bestått	5,5 %	6,7 %	7,9 %	6,0 %
Manglar grunnlag	6,7 %	2,5 %	3,5 %	4,4 %
Alternativ opplæringsplan	0,0 %	0,2 %	0,0 %	0,2 %
Held på med utdanninga	0,0 %	2,5 %	2,3 %	1,8 %
Slutta	4,8 %	4,1 %	5,1 %	4,1 %

Fullført og bestått skuleåret 2017/18 – utdanningsprogram



ELEVUNDERSØKINGA OG FRÅVÆR

	Os vgs			HFK
	2015/16	2016/17	2017/18	2017/18
Motivasjon	3,8	3,7	3,8	3,6
Meistring	4,0	3,9	4,0	3,9
Trivsel	4,3	4,3	4,3	4,2
Støtte frå lærarane	4,1	4,1	4,2	4,0
Felles reglar	4,0	4,0	4,0	3,9
Læringskultur	3,8	3,8	3,9	3,8
Vurdering for læring	3,5	3,4	3,5	3,2
Utdanning og yrkesrettleiing	4,1	4,0	4,1	3,5
Støtte heimafrå	3,7	3,9	3,9	3,8
Fagleg utfordring	4,2	4,2	4,2	4,3
Elevdemokrati og medverknad	3,6	3,7	3,7	3,4
Mobba på skulen		4,3	3,1	4,5
Fysisk læringsmiljø	3,1	3,4	3,2	3,2
Innsats	3,8	3,8	3,8	3,8
Relevant opplæring	4,0	3,9	3,9	3,5
Variert opplæring	3,9	4,0	4,0	3,7
Praktisk opplæring	3,5	3,5	3,5	3,1

	Os vgs			HFK
	2015/16	2016/17	2017/18	2017/18
Fravær, dager	9,4	4,7	5,6	6,1
Fravær, timer	18,5	8,8	11,7	16,0
Totalfravær, prosent	6,9	3,4	4,2	5,2

OVERGANGAR

Overgang frå yrkesfagleg Vg2 2016/17– status skuleåret 2017/18

Utdanningsprogram	Lære	Alternativ Vg3 i skule	Vg3 yrkesfag	Påbygg	Omval	Ikkje i opplæring
BA	93,3 %	0,0 %	0,0 %	0,0 %	5,3 %	1,3 %
EL	60,0 %	20,0 %	6,7 %	6,7 %	6,7 %	0,0 %
HO	34,8 %	0,0 %	0,0 %	50,0 %	8,7 %	6,5 %
SS	13,6 %	0,0 %	31,8 %	15,9 %	6,8 %	31,8 %
TIP	24,1 %	6,9 %	37,9 %	6,9 %	17,2 %	6,9 %
Snitt	51,7 %	2,4 %	12,4 %	15,8 %	8,1 %	9,6 %

SKULEN SITT ARBEID MED KVALITETSUTVIKLING SKULEÅRET 2017/18

Os vgs er ein yrkesfagleg skule med store variasjonar i elevmassen, med mange ulike behov. Gjennomføringa ved yrkesfaglege programområde er over 90 %, medan påbyggtiboden trekker ned snittet. Fraværet på skulen er lågare enn snittet i HFK, både for timer og dager.

Skulen har satsa på helsefremming og livsmestring, noko som er i tråd med den nye overordna del av læreplanen. Vi trur dette er viktig for gjennomføring av vidaregåande opplæring, samt styrke inn i framtidig yrke


Elevundersøkinga tyder på at elevane trivst og at vi har eit sunt og godt læringsmiljø, på og rundt skulen. Elevane våre opplever meistring, trivsel, motivasjon og støtte frå fag- og kontaktlærar. Vi har eit felles mål på skulen om at elevar skal bli gode menneske og dyktige fagpersonar.

Skulen har mellom anna sett inn desse tiltaka; lynkurs i livsmestring, opprettholdt auka ressurs til helsesjuepleiar, auka ressurs i kroppsøving, samarbeid med Helse Vest og Energisenteret i Bergen, forpliktande russamarbeid med Os kommune og pedagogisk opplegg i «klassens tid» kvar månad med fokus på den overordna læreplanen.

Yrkesretting av fellesfaga er eit viktig område for skulen. Skulen ønsker at elevar skal sjå dei einskilde faga si relevans opp mot yrket dei skal ha i framtida. Skulen gjennomfører derfor større tverrfagleg arbeid på dei einskilde programområda.

Skulen har landslinjer for anleggsteknikk og yrkessjåfør og har derfor ein rekke større køyretøy og anleggsmaskinar. Skulen har stort fokus på implementering av kvalitetssystem, særleg grunna krav til sertifiseringar og dokumentasjon. I tillegg til betre tryggleik i skulekvardagen, vil eleven få med seg erfaring i HMS-arbeid vidare i yrkeslivet.

Os vgs ynskjer å legge vekt på kontakt med næringslivet. Skulen inviterer inn næringslivet til skulen og prioriterer Yrkesfagleg fordjuping (YFF) med oppfølging av faglærar i bedrift.





Kunnskap med lokal forankring

Elevar: 195

Utdanningstilbod

- Elektrofag
- Helse- og oppvekstfag
- Studiespesialiserende
- Teknikk- og industriell produksjon

Særlege tilbod:

- Tilrettelagt undervisning i grupper

Adresse

Solbjørgsdalen 12, Lonevåg

Post.ost@hfk.no

OSTERØY VIDAREGÅANDE SKULE

KARAKTERGRUNNLAG, UTVIKLING OG GJENNOMFØRING


Grunnskulepoeng og karakterutvikling 2017/18, alle trinn

	Grunnskulepoeng		Karaktersnitt	
	Osterøy vgs.	HFK	Osterøy vgs	HFK
ST	47,3	46,2	4,2	4,2
EL	42,0	39,5	4,7	4,1
HO	37,8	37,4	4,0	4,1
TIP	34,3	34,3	3,5	3,7
Snitt	42,7	41,6	4,1	4,0

Fullført og bestått

	2015/16	2016/17	2017/18	HFK
Fullført og bestått	89,5 %	84,8 %	89,4 %	83,5 %
Fullført og ikke bestått	1,9 %	2,3 %	3,4 %	6,0 %
Manglar grunnlag	2,5 %	2,3 %	0,6 %	4,4 %
Alternativ opplæringsplan	0,0 %	1,2 %	0,0 %	0,2 %
Held på med utdanninga	4,3 %	4,1 %	3,4 %	1,8 %
Slutta	1,9 %	5,3 %	3,4 %	4,1 %

Fullført og bestått skuleåret 2017/18 – utdanningsprogram



ELEVUNDERSØKINGA OG FRÅVÆR

	Osterøy vgs			HFK
	2015/16	2016/17	2017/18	2017/18
Motivasjon	3,7	3,7	3,7	3,6
Meistring	4,0	3,9	3,9	3,9
Trivsel	4,3	4,3	4,4	4,2
Støtte frå lærarane	4,2	4,2	4,2	4,0
Felles reglar	4,2	4,3	4,1	3,9
Læringskultur	4,0	4,0	4,1	3,8
Vurdering for læring	3,6	3,5	3,4	3,2
Utdanning og yrkesrettleiing	4,0	3,7	4,0	3,5
Støtte heimafrå	3,7	3,9	3,9	3,8
Fagleg utfordring	4,4	4,4	4,4	4,3
Elevdemokrati og medverknad	3,7	3,7	3,7	3,4
Mobba på skulen		5,0	0,8	4,5
Fysisk læringsmiljø			4,0	3,2
Innsats	3,8	3,9	3,9	3,8
Relevant opplæring	3,9	3,8	3,8	3,5
Variert opplæring	4,0	3,9	3,9	3,7
Praktisk opplæring	3,6	3,6	3,4	3,1

	Osterøy vgs			HFK
	2015/16	2016/17	2017/18	2017/18
Fravær, dager	6,3	4,0	3,4	6,1
Fravær, timer	9,6	7,7	6,9	16,0
Totalfravær, prosent	4,4	3,0	2,6	5,2

OVERGANGAR

Overgang frå yrkesfagleg Vg2 2016/17– status skuleåret 2017/18

Utdanningsprogram	Lære	Alternativ Vg3 i skule	Vg3 yrkesfag	Påbygg	Omval	Ikkje i opplæring
EL	64,3 %	14,3 %	0,0 %	14,3 %	0,0 %	7,1 %
HO	35,3 %	0,0 %	5,9 %	29,4 %	11,8 %	17,6 %
TIP	40,0 %	0,0 %	0,0 %	0,0 %	33,3 %	26,7 %
Snitt	45,7 %	4,3 %	2,2 %	15,2 %	15,2 %	17,4 %

SKULEN SITT ARBEID MED KVALITETSUTVIKLING SKULEÅRET 2017/18

I skulen sitt arbeid med kvalitetsutvikling skuleåret 2017/2018 har ein hatt særleg fokus på:

- Utvikling av ein kollektiv vurderingspraksis.
- Auka motivasjon blant elevar på studiespesialiserande program.
- Auka læringsutbytte ved å skape relevans på tvers av faga.

Lærarane har avslutta eit treårig nettkurs innan læringsfremjande vurdering, som skal være svært gunstig for elevane si læring og kompetanseutvikling. Sjølv om dei kvantitative tala frå elevundersøkinga viser liten endring, ser skulen dette i samanheng med ei langsiktig utvikling. Skulen har hatt meir fokus på å auke læringsutbyttet ved å skape relevans i og på tvers av faga i alle utdanningsprogram. Innan studiespesialiserande har ein arbeidd for meir variert undervisning, og innan yrkesfag har ein knytt fellesfaga nærmare opp mot programfaga. Innan Vg2 yrkesfag har skulen særleg arbeidd med å hjelpe elevane til å få seg lærepass. Dette i form av trening på å skrive CV og søknad, intervju, og korleis ein finn og tar kontakt med ein potensiell arbeidsgivar. Skulen har eit tett samarbeid med Nordhordland Næringslag, der elevane som ikkje hadde fått lærepass ved slutten av året, blei samla, saman med representantar frå NAV, Fagopplæringskontoret, karrieresenteret og andre aktørar, for å hjelpe dei til å få seg ein lærepass. Dette gav svært gode resultat og skulen undersøker no saman med Nordhordland Næringslag, Knarvik vgs og Austrheim vgs mogelegheitene for ein lærepassgaranti i regionen.

Osterøy vidaregåande skule har arbeidd kontinuerleg for at alle skal oppleve eit trygt og godt skolemiljø. Samarbeidet mellom elevråd og leiing har vore ein stor ressurs i dette arbeidet, der ein arrangerer ulike aktivitetar gjennom året som skaper samhald og tilhøyrsla. Dei tilsette, ressursteamet og leiinga set tidleg inn tiltak gjennom året, der ein ser at elevar kan auke læringsutbyttet sitt og fullføre utdanninga si på ein slik måte at dei utviklar kunnskap, dugleik og haldningars til å kunne meistre liva sine og delta i arbeid og fellesskap i samfunnet.



Miljøskulen

Elevar: 139

Utdanningstilbod:

- Elektrofag
- Teknikk- og industriell produksjon

Adresse:

Rolvsnesvegen 36,
Rubbestadneset

Post.ruv@hfk.no

RUBBESTADNES VIDAREGÅANDE SKULE

KARAKTERGRUNNLAG, UTVIKLING OG GJENNOMFØRING


Grunnskulepoeng og karakterutvikling 2017/18, alle trinn

	Grunnskulepoeng		Karaktersnitt	
	Rubbestadnes vgs	HFK	Rubbestadnes vgs	HFK
EL	37,8	39,5	4,1	4,1
TIP	32,3	34,3	3,9	3,7
Snitt	35,4	41,6	4,0	4,0

Fullført og bestått

	2015/16	2016/17	2017/18	HFK
Fullført og bestått	93,3 %	91,0 %	93,5 %	83,5 %
Fullført og ikke bestått	4,0 %	5,6 %	3,5 %	6,0 %
Manglar grunnlag	0,7 %	1,4 %	1,4 %	4,4 %
Alternativ opplæringsplan	0,0 %	0,0 %	0,0 %	0,2 %
Held på med utdanninga	0,0 %	0,0 %	0,0 %	1,8 %
Slutta	2,0 %	2,1 %	1,4 %	4,1 %

Fullført og bestått skuleåret 2017/18 – utdanningsprogram



ELEVUNDERSØKINGA OG FRÅVÆR

	Rubbestadnes vgs			HFK
	2015/16	2016/17	2017/18	2017/18
Motivasjon	3,7	3,9	3,9	3,6
Meistring	3,9	4,1	4,0	3,9
Trivsel	4,3	4,3	4,5	4,2
Støtte frå lærarane	4,1	4,5	4,3	4,0
Felles reglar	4,0	4,2	4,1	3,9
Læringskultur	3,8	4,0	4,0	3,8
Vurdering for læring	3,5	3,8	3,7	3,2
Utdanning og yrkesrettleiing	3,8	3,9	3,3	3,5
Støtte heimafrå	3,9	3,8	4,0	3,8
Fagleg utfordring	4,1	4,1	4,2	4,3
Elevdemokrati og medverknad	3,6	4,0	3,7	3,4
Mobba på skulen		*	1,8	4,5
Fysisk læringsmiljø			3,7	3,2
Innsats	3,8	3,9	3,8	3,8
Relevant opplæring	4,1	4,2	4,1	3,5
Variert opplæring	4,0	4,1	4,1	3,7
Praktisk opplæring	4,0	4,1	4,0	3,1

	Rubbestadnes vgs			HFK
	2015/16	2016/17	2017/18	2017/18
Fravær, dager	4,7	3,0	3,0	6,1
Fravær, timer	10,2	5,3	8,8	16,0
Totalfravær, prosent	3,5	2,1	2,5	5,2

* Resultatet er prikka av Udir av personvernomsyn.

OVERGANGAR

Overgang frå yrkesfagleg Vg2 2016/17– status skuleåret 2017/18

Utdanningsprogram	Lære	Alternativ Vg3 i skule	Vg3 yrkesfag	Påbygg	Omval	Ikkje i opplæring
EL	36,7 %	0,0 %	50,0 %	10,0 %	0,0 %	3,3 %
TIP	60,5 %	5,3 %	0,0 %	5,3 %	23,7 %	5,3 %
Snitt	50,0 %	2,9 %	22,1 %	7,4 %	13,2 %	4,4 %

SKULEN SITT ARBEID MED KVALITETSUTVIKLING SKULEÅRET 2017/18

Pedagogisk plattform

Skulen skal utvikla heilskapleg kompetanse saman med elevane - fagleg, metodisk, sosial og personleg – slik at alle kan oppleva vekst og fungera best mogeleg i samfunnet. Dette gjer vi ved at personalet på skulen er tett på elevane, møter dei med respekt og omsorg, stiller fornuftige krav undervegs og varierer undervisningsmetodane. Slik kan elevane oppleva meistring og få auka læringsutbyte.

Skulen har fokus på kvalitetsutvikling i all si verksemd, t.d. i lærarsamarbeid, elevane sitt læringsmiljø, vurdering for læring og HMS. Grunngjevinga for at skulen har valt ut desse fokusområda er at me ser at resultatet vert auka læringsutbyte. Elevar og tilsette får ein tryggare kvardag.

Skulen skal vera ein regional utviklingsaktør og arbeida tett saman med næringslivet. Skulen er kunnskapspartnerar i NMEC. Andre tiltak som kan nemnast er bedriftsbesøk, utplassering, ekskursjonar, kurs og Open Skule i lag med næringslivet. Døma på tiltak som er skildra over er tufta på ein kultur og ei historie som er skapt i løpet av snart 70 år.

Skulen er sertifisert av Sjøfartsdirektoratet og DNV GL.





Sandsli skal gjøre en forskjell

Elevar: 511

Utdanningstilbod:

- Restaurant- og matfag
- Studiespesialiserande

Adresse

Sandslimarka 51, Sandsli

Post.sav@hfk.no

SANDSLI VIDEREGÅENDE SKOLE

KARAKTERGRUNNLAG, UTVIKLING OG GJENNOMFØRING


Grunnskulepoeng og karakterutvikling 2017/18, alle trinn

	Grunnskulepoeng		Karaktersnitt	
	Sandsli vgs.	HFK	Sandsli vgs	HFK
ST	42,9	46,2	4,1	4,2
RM	33,8	33,2	3,7	3,6
Snitt	41,4	41,6	4,0	4,0

Fullført og bestått

	2015/16	2016/17	2017/18	HFK
Fullført og bestått	87,1 %	85,3 %	84,1 %	83,5 %
Fullført og ikke bestått	5,7 %	5,5 %	5,8 %	6,0 %
Manglar grunnlag	4,5 %	5,5 %	4,8 %	4,4 %
Alternativ opplæringsplan	0,0 %	0,0 %	0,0 %	0,2 %
Held på med utdanninga	0,0 %	0,8 %	1,8 %	1,8 %
Slutta	2,7 %	3,0 %	3,6 %	4,1 %

Fullført og bestått skuleåret 2017/18 – utdanningsprogram



ELEVUNDERSØKINGA OG FRÅVÆR

	Sandsli vgs			HFK
	2015/16	2016/17	2017/18	2017/18
Motivasjon	3,5	3,4	3,3	3,6
Meistring	3,9	3,9	3,8	3,9
Trivsel	4,2	4,1	4,1	4,2
Støtte frå lærarane	3,9	3,9	3,9	4,0
Felles reglar	3,6	3,7	3,8	3,9
Læringskultur	3,8	3,7	3,6	3,8
Vurdering for læring	3,0	3,0	3,0	3,2
Utdanning og yrkesrettleiing		3,4	3,3	3,5
Støtte heimafrå	3,9	3,9	3,8	3,8
Fagleg utfordring	4,2	4,3	4,2	4,3
Elevdemokrati og medverknad	3,2	3,2	3,1	3,4
Mobba på skulen		4,7	7,5	4,5
Fysisk læringsmiljø			2,9	3,2
Innsats	3,8	3,7	3,7	3,8
Relevant opplæring	3,4	3,3	3,3	3,5
Variert opplæring	3,5	3,4	3,4	3,7
Praktisk opplæring	2,8	2,8	2,6	3,1

	Sandsli vgs			HFK
	2015/16	2016/17	2017/18	2017/18
Fravær, dager	10,1	6,3	7,7	6,1
Fravær, timer	19,6	15,7	20,6	16,0
Totalfravær, prosent	7,6	5,2	6,5	5,2

OVERGANGAR

Overgang frå yrkesfagleg Vg2 2016/17 – status skuleåret 2017/18

Utdanningsprogram	Lære	Alternativ Vg3 i skule	Vg3 yrkesfag	Påbygg	Omval	Ikkje i opplæring
RM	45,2 %	0,0 %	0,0 %	7,1 %	21,4 %	26,2 %
Snitt	45,2 %	0,0 %	0,0 %	7,1 %	21,4 %	26,2 %

SKULEN SITT ARBEID MED KVALITETSUTVIKLING SKULEÅRET 2017/18

1. Sandsli har skuleåret 2017-18 arbeidd med å utvikle ein felles kultur for samarbeid og utvikling innan alle fag og på tvers av fag. Vi har hatt fokus på erfaringsdeling innan ulike område som:
 - Motivering for fagleg utvikling hos elever
 - Prøver
 - Nye pedagogiske og metodiske tilnærmingar
 - Vurdering for læring
 - Arbeid med resultat frå elevundersøkinga
 - Evaluering av eksamen og eksamensresultat
 - I arbeidet har vi lagt mest vekt på det som skjer i undervisninga.
2. Nye læreplaner

Kollektivet har blant anna arbeidd med korleis Sandsli vgs skal ta vare på prinsippa for læring, utvikling og danning som er fastsett i [den overordna delen av læreplanverket](#).

Skulen har både eit danningsoppdrag og eit utdanningsoppdrag. Dei heng saman og er gjensidig avhengig av kvarandre. Prinsippa for arbeid med læring, utvikling og danning skal hjelpe skulane til å løyse dette doble oppdraget.
3. Yrkesretting av fellesfaga på RM.

Oppfølging av FYR-kurs og vidareutvikling av starta praksis frå siste planperiode.
4. Matematikk – Samarbeidsprosjekt med fire ungdomsskular i nærmiljøet (Lærarar i matematikk)

Tilsvarande prosjekt innan framandspråk blei avslutta hausten 2017.
5. Skuleåret 2017-18 har og vore prega av førebuing og gjennomføring av eit stort ombyggings- og vedlikehaldsprosjekt i fellesareala og heile RM-avdelinga. Prosjektet blir avslutta våren 2019.



Attraktiv og nyskapende

Elevar: 491

Utanningsprogram:

- Bygg- og anleggsteknikk
- Elektrofag
- Helse og oppvekstfag
- Påbygg til generell studiekompetanse
- Teknikk- og industriell produksjon

Særlege tilbod:

- Vekslingsmodellen – Bygg- og anleggsteknikk, tømrarfaget

10

Slåtthaugvegen 134,
Nesttun

post.slv@hfk.no

SLÅTTHAUG VIDEREGÅENDE SKOLE

Karaktergrunnlag, utvikling og gjennomføring


Grunnskulepoeng og karakterutvikling 2017/18, alle trinn

